



# Rapport og planar (2013 – 2014)



Godkjent av Styret  
for Høgskulen i Sogn og Fjordane  
13. mars 2014



# Innhald

## Rapport 2013

Innleiing.....	5
Sektormål 1. Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet.....	10
Sektormål 2. Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forsking, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet .....	19
Sektormål 3. Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.....	25
Sektormål 4. Universitet og høgskular skal ha effektiv forvalting av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla.....	30
Annan rapportering .....	37


## Planar 2014

Planar.....	43
Sektormål 1. Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet.....	49
Sektormål 2. Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forsking, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet .....	58
Sektormål 3. Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal og nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.....	65
Sektormål 4. Universitet og høgskular skal ha effektiv forvalting av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla.....	71
Vedlegg.....	77



# Innleiing

---



## **Resultatutvikling og nosituasjon**

Høgskulen i Sogn og Fjordane er inne i ei positiv utvikling. Denne utviklinga har halde fram også i 2013.

2013 var det første året med normal drift i det nye høgskulebygget i Sogndal. Funksjonelle bygg både i Sogndal og Førde har auka attraktiviteten vår både for studentar og tilsette.

Høgskulen har aldri rekruttert fleire nye studentar enn i 2013. Auken i talet på primærskjavar var heile 23 % frå 2012, og det samla studenttalet er rekordhøgt. Høgskulen rekrutterer godt frå Sogn og Fjordane. Ein av fire ungdommar frå fylket som tok til på høgre utdanning i 2013 gjorde det ved HiSF.

Resultata frå NOKUT-undersøkinga studiebarometeret.no dokumenterer at studentane ved høgskulen i stor grad er nøgde med studiekvaliteten, og at dei vil tilrå andre å studere ved HiSF. Vi ligg i den absolute landstoppen når det gjeld studiepoengproduksjon, gjennomstrøyming og kandidatproduksjon.

HiSF har fokus på at vi skal gje relevante studietilbod med ein yrkesretta fagleg profil.

Vi har utvikla mastergrader på dei viktigaste utdanningsområda våre, og vil utgreie mastergradstilbod innan økonomi og administrasjon.

Eksterne inntekter har vore aukande i HiSF dei siste åra, og er no oppe på eit stabilt høgt nivå. Særlig inntekter frå Noregs Forskningsråd har auka dei siste åra. Det tyder på at kompetansen vår både er relevant og etterspurd. I 2012 fekk vi to store forskingsoppdrag finansiert av NFR, som har gjeve god økonomisk utteljing i 2013.

Publiseringsindeksen har vore aukande dei siste åra, men i 2013 har vi sett ein viss nedgang. Ut frå dei forskningsprosjekta som no er i gang, ventar vi auka publisering i åra som kjem.

## **Styret sine strategiske vurderingar for planperioden**

Styret vil våren 2014 vedta ein ny strategisk plan for høgskulen for perioden 2014-2018. Strategiprosessen har involvert både styret, tilsette og studentar i heile studieåret 2013-14.

Ny strategisk plan blir utarbeidd med bakgrunn i ei svært positiv utvikling for HiSF. Det er vanskeleg eksakt å peike på forklaringsfaktorar, men styret meiner at godt langsigtt arbeid i HiSF med prioritert til å utvikla relevante studietilbod, vektlegging av studiekvalitet og tilrettelegging for å skape gode og attraktive fagmiljø, har mykje å seie.

Samstundes er det omdømet høgskulen har viktig. Sunt sams spel med omgjevnadane er avgjerande og har høg priorititet.

I samband med Rapport og planar 2013-2014 vil styret særleg vektlegge:

- HiSF har ein etter måten brei fagleg portefølje som det er krevjande å utvikle. Samstundes dekker denne viktige kompetansebehov. Dei aller fleste studia har no god søknad. Kvalitetssikring og utvikling av eksisterande studietilbod vil bli prioritert høgre enn ekspansjon.
- HiSF har auka ressurstilførsele til fou-verksemda med verknad frå 2013-budsjetten. Det er innført stipendordningar med sikte på å gje aktive forskarar betre arbeidstilhøve og betre vilkår for å kunne kvalifisere seg til professor-/dosentstillingar.

- Styret har særleg hatt merksemrd retta mot organisering av fou-arbeidet. Frå 2011 har vi hatt ei stilling som viserektor for fou med samla fagleg og administrativt ansvar. Viserektor for fou er leiar for det sentrale fou-utvalet. Han leiar òg fou-forum der alle leiarane i høgskulen deltek. HiSF har også etablert og kanalisiert leiarressursar til strategiske forskingsgrupper.
- HiSF er medlem av UH-nett Vest. Det er underteikna ny samarbeidsavtale der lærarutdanningane, helse- og sosialarbeidarutdanningane og ingeniørutdanningane står særleg sentralt. Et institusjonelt forpliktande samarbeid mellom partane vil sikre kvalitet både når det gjeld utdanning og forsking, og samtidig sikre betre utnytting av ressursane i nettverket.

## **Arbeidet i styret**

Styret vart valt/oppnemnt frå 1. aug. 2011 og er inne i tredje år av styreperioden.

Styret har hatt to styreseminar i 2013, der tema var strategiarbeid og organisering av verksemda.

Det vert årleg laga rapport om utdanningskvalitet med analyse av utdanningskvaliteten. Analysen byggjer på årleg kandidatundersøking, undersøkingar av kor nøgde studentane er og data om opptak og inntakskvalitet. Rapport om utdanningskvalitet vert handsama av høgskulen sitt utdanningsutval og lagt fram for styret med tilråding om handlingsplan og budsjettmessige prioriteringar. Styret har i tillegg bede om at det blir utarbeidd ein strategisk plan for utdanning.

Høgskulen i Sogn og Fjordane starta i 2013 utarbeiding av ny strategisk plan. Det er oppnemnt eit breitt samansett utval som skal utarbeide framlegg for styret. I november vart det arrangert eit seminar for styret og leiargruppa om strategiske utfordringar. Arbeidet skal sluttførast i 2014.

Styret vedtok ny handlingsplan for likeverd og likestilling i desember 2013.

Det har vore arbeidd med å betre målstrukturen i Rapport og planar for å få fram institusjonen sin eigenart og profil.

Styret starta arbeidet med å revidere budsjettmodellen i 2013. Dette arbeidet vil halde fram i 2014.

Byggutvikling er ei viktig sak for å skape gode arbeidsplassar for studentar og tilsette. Fullføring av campusprosjektet med realisering av tredje byggesteg i Sogndal har hatt prioritet i 2013.

Styret er opptatt av å kunne tilby kompetanse som regionen har behov for. Etablering av bachelorutdanning i fornybar energi og ingeniørutdanning innan elkraft, energi og miljø er resultat av initiativ frå energibransjen. Høgskulen i Sogn og Fjordane har vore i dialog med regionen om etablering av byggingeniør, noko det er stort behov for i fylket.

Styret er opptekne av medverknad og å få gode arenaer for dette i organisasjonen.

Avdelingsråda vart lagt ned frå 01.01.2014 og styret vil følgje med på korleis medverknad blir praktisert i HiSF.

Med stor auke i aktiviteten i høgskulen, ser vi at tilsette er pressa. Forholdet mellom tal tilsette og studentar er høgt samanlikna med andre høgskular. Samstundes ser vi at sjukefråværet går ned i 2013. Tilbakemeldingar om at både tilsette og studentar trivst ved høgskulen gjer at vi har gode føresetnader for vidare fagleg utvikling.



# **Resultatrapportering for 2013**

---



# Sektormål 1

**Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet**

## 1.1 Verksemds mål

**Høgskulen skal rekruttere mange og motiverte studentar til alle utdanninger. Høgskulen skal ha særleg fokus på regional rekruttering til profesjonsutdanningane og nasjonal rekruttering til utdanninger innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø**

### 1.1.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå	Gj.snitt i uh-sektor
	2009	2010	2011	2012	2013		
Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak	1030	985	1167	1285	1575	1500	-
Primærsøkjarar per utlyst studieplass i SO-opptaket	1,39	1,39	1,44	1,66	1,79	1,67	2,23
Gjennomsnittskarakter på møtt førsteprioritetssøkjarar i SO	3,80	3,85	3,80	3,90	3,9	3,93	4,03
Nye studentar rekruttert gjennom SO	804	783	846	853	942	950	-
Nye studentar rekruttert utanom SO	671	900	728	711	637	700	-
Marknadsdel nye studentar frå Sogn og Fj. i SO-opptaket*	28,8	26,7	27,2	23,7	24,5	25	-
%-del nye studentar frå andre fylke i SO-opptaket**	51,5	55,9	59,6	67,1	67,0	65	-

\* HiSF sin del av personar frå Sogn og Fjordane som søkte opptak til høgre utdanning via SO

\*\* Nye studentar ved HiSF som ikkje kjem frå Sogn og Fjordane

## Analyse

Rekruttering av nye studentar hausten 2013 var den beste nokon sinne for HiSF. Auken i tal primærsøkjarar var på 23 % frå 2012. Høgskulen rekrutterer godt frå Sogn og Fjordane, men har og ein solid posisjon for mange utdanninger på den nasjonale marknaden. Auken i søkeralet til grunnutdanningane fordelte seg jamt, med solide tal for dei fleste heiltidsutdanningane, og gledelege tal for fleire deltidsutdanninger. Rekrutteringa til dei utlyste vidareutdanningane og masterstudia var bra. Det samla talet søkerarar utanom SO var lægre enn tidlegare, noko som samsvarar med omlegginga frå små vidareutdanninger til nye masterstudium.

Høgskulen har styrka profilen med god rekruttering av unge studentar frå store delar av landet til campusbaserte heiltidsutdanningar. Høgskulen framstår med desse søkeraletala som ein attraktiv høgskule på Vestlandet.

Rekruttering til lærarutdanningane var i hovudsak betre enn tidlegare. 50% auke i søknad til GLU 5-10 var særleg positivt. Rekrutteringa til GLU 1-7 heiltid er framleis utfordrande. Høgskulen starta opp ny deltids GLU 1-7 som fellesgrad med andre institusjonar i UH-nett Vest. Rekrutteringa var noko lågare enn forventa.

Høgskulen hadde 1,79 søkjær per studieplass, ein betydeleg framgang frå 2012. Gjennomsnittskarakter (utan tilleggsspoeng) hjå nye studentar var uendra, og høgskulen ligg med karaktersnitt på 3.90 framleis litt under gjennomsnittet for høgskulane.

Om lag kvar fjerde studiesøkjær frå Sogn og Fjordane valde HiSF som studiestad. Dette er noko lågare enn snittet dei fem siste åra, men ein liten oppgang frå 2012. Studentar frå fylket vel som før i stor grad yrkesrelaterte utdanningar som lærar-, sjukepleie, sosialarbeidar-utdanningar.

Fornøgte studentar som lukkast i utdanninga er den viktigaste føresetnaden for å sikre god rekruttering, saman med god marknadsføring og systematisk omdømebygging. Resultata frå Studiebarometeret.no 2014 der HiSF hadde ein svarprosent på 58%, syner at høgskulen sine studentar i stor grad er nøgde, og at dei vil tilrå andre å studere ved HiSF. Det er sett i gang eit utviklingsprosjekt med sikte på lansering av nye nettsider for høgskulen våren 2014.

## 1.2 Verksemdsmål

**Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane. Vi skal vere blant høgskulane med best gjennomstrøyming og høgast poengproduksjon per heiltidsekvivalent**

### 1.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons -nivå	Gj.snitt i uh-sektor
	2009	2010	2011	2012	2013		
Totalt studenttal per 1.10	3188	3630	3658	3831	3678	3900	-
Eigenfinansierte heiltidsekvivalenter 1.10	2242	2439	2624	2797	2854	2830	-
Studiepoeng per heiltidsekvivalent (haust)	49,5	49,9	50,6	50,8	52,4	50	45,5
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poenegeiningar)	1847,9	2030,0	2212,8	2368,0	2493,6	2380	-
Kandidatproduksjon	456	440	460	527	637	500	-
Gjennomføring iht avtalt utdanningsplan	82,8%	90,2%	91,5%	88,7%	91,4%	90%	85,5%
Gjennomstrøyming på normert tid for 3-årig bachelor	-	-	62%	57%	61,5%	60%	43,8%
Aktivitetskrav for AOI			0	8	0	7	
Aktivitetskrav for sjukepleie			138	165	134,7	138	
Aktivitetskrav for vernepleie			33	32	29,1	29	

## 1.2 Verksemds mål

**Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane. Vi skal vere blant høgskulane med best gjennomstrøyming og høgast poengproduksjon per heiltidsekvivalent**

### 1.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå	Gj.snitt i uh-sektor
	2009	2010	2011	2012	2013	2013	2012
Totalt studenttal per 1.10	3188	3630	3658	3831	3678	3900	-
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10	2242	2439	2624	2797	2854	2830	-
Studiepoeng per heiltidsekvivalent (haust)	49,5	49,9	50,6	50,8	52,4	50	45,5
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeneiningar)	1847,9	2030,0	2212,8	2368,0	2493,6	2380	-
Kandidatproduksjon	456	440	460	527	637	500	-
Gjennomføring iht avtalt utdanningsplan	82,8%	90,2%	91,5%	88,7%	91,4%	90%	85,5%
Gjennomstrøyming på normert tid for 3-årig bachelor	-	-	62%	57%	61,5%	60%	43,8%
Aktivitetskrav for AOI Aktivitetskrav for sjukepleie Aktivitetskrav for vernepleie			0 138 33	8 165 32	0 134,7 29,1	7 138 29	-

### Analyse

Høgskulen ligg med resultata for 2013 heilt i landstoppen når det gjeld studiepoengproduksjon per heiltidsekvivalent og gjennomstrøyming på normert tid. Også gjennomføring i samsvar med utdanningsplan er solid, og syner at høgskulen har lukkast svært godt med å legge til rette for seriøse studentar som ønskjer å gjennomføre utdanninga si på ein god måte.

Høgskulen sin kandidatproduksjon er rekordhøg i 2013 med totalt 637 kandidatar. Mellom anna vart det utdanna 128 sjukepleiarar, 117 sosialarbeidarar, 79 førskulelærarar, 78 lærarar, 75 økonomar, 72 idrettskandidatar og 66 kandidatar innan naturfag og teknologi. Alle desse med tre- og fireårig utdanning. Kandidatproduksjonen på mastergradsnivå er framleis beskjeden, men aukande.

Det samla studenttalet vart noko lægre enn måltalet. Det skuldast færre vidareutdanningsstudentar og redusert tal studentar på studium med ekstern finansiering. Tal heiltidsekvivalentar auka i 2013. Forklaringsa ligg i fleire på unge heiltidsstudentar på campus.

Studiepoeng per heiltidsekvivalent er høgt, og klårt over snittet for sektoren. Den samla studiepoengproduksjonen for året vart og betydeleg høgre enn forventa. Dette skuldast både at høgskulen fekk fleire heiltidsekvivalentar, og at studentane tok fleire studiepoeng. Både gjennomføring i samsvar med utdanningsplanen og gjennomstrøyming på normert tid auka.

Høgskulen har arbeidd med utvikling av utdanningskvaliteten gjennom aktiv bruk av kvalitetssystemet. Det vart lagt vekt på evaluering og tilbakemelding til studentane og vekt på

gjennomføring av utdanningssamtalen for å klargjere studentane sitt ambisjonsnivå og forventningar til eige læringsarbeid. Læringsutbytte for mange utdanninger er vidareutvikla, og læringsutbyttet for nokre vidareutdanninger er tilpassa masternivå. Det er innført fagfellevurdering som kvalitetssikring av nye emne på masternivå.

Kvalitetssikring av sensurarbeid har hatt særskild merksemd. Høgskulen har omfattande bruk av ekstern sensur og vurderer det som eit sentralt verktøy for å sikra kvalitet og nivå.

### Aktivitetskrav til helseutdanningane

Etter avtale med Helse Førde var det ikkje opptak til AOI-utdanningane hausten 2012. AOI er eit deltidstudium med 90 sp over fire semester. Planlagt progresjon er slik at studentane skal ta mindre enn 60 sp i løpet av første studieår. Høgskulen oppfylte difor ikkje aktivitetskravet om ein som første år reknar hausten 2012 og våren 2013. Det var nytt opptak hausten -13. Studentane som starta hausten -13, vert ikkje omtalt i denne rapporten.

For sjukepleie vart resultatet 134,7 einingar, noko mindre enn aktivitetskravet. Vernepleie oppfylte aktivitetskravet.

### 1.3 Verksemldsmål

**Høgskulen skal tilby forskingsbaserte utdanninger med læringsutbytte som er tilpassa behova i arbeidsmarknaden. Høgskulen skal ha praksisnære bachelorutdanninger med topp kvalitet, og tilbod om mastergrad og vidareutdanninger på dei sentrale utdanningsområda**

#### 1.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå
	2009	2010	2011	2012	2013	
Andel nye studentar på bachelorprogram, GLU, PPU i %	52	44	49	48	62	45
Andel nye studentar på masterprogram i %	0	5	6	7	4	8
Andel nye studentar på andre utdanninger i %	48	51	46	44	34	47
Bachelorgradar	-	-	-	21	21	21
Akkrediterte mastergradar	2	2	2	4	4	4
Mastergradar med ekstern akkreditering	2	2	3	2	2	2
Studium i samarbeid med UH-nett-Vest institusjonar	-	-	2	4	3	4
Del av kandidatane i jobb som oppgir at jobben er relevant i høve utdanninga i %*	89	87	91	88	86	92
Studentmobilitet	91	79	111	82	75	100

\* Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

## Kvalitativt styringsparameter

- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbytte som er definert for studieprogramma.

## Analyse

Høgskulen har eit breitt studietilbod med lærarutdanningar og bachelorutdanningar. Nokre bachelorgradar er utvikla med grunnlag i særlege føresetnader i regionen. Det gjeld særleg tilbod innan idrett og friluftsliv og naturfaglege studietilbod. Tyngda av bachelorutdanningane rettar seg mot offentleg sektor, men høgskulen har og mange studietilbod retta mot privat sektor. Høgskulen har tilbod om masterutdanningar på sentrale utdanningsområde. HiSF samarbeider med institusjonar i UH nett –Vest om lærarutdanningar og utviklingsarbeid på ulike fagområde. Høgskulen sin faglege aktivitet når det gjeld vidareutdanningar er tett kopla til behova i regionen.

Fordeling av nye studentar viser auke når det gjeld bachelor- og lærarutdanningane. Det er redusert studenttal på vidareutdanningane. Rekrutteringa til masterutdanningane var noko under forventa.

Studieporteføljen for bachelor- og lærarutdanningar vart vidareført i 2013. Høgskulen har eit tett og formalisert samarbeid med yrkesfelta innan helse-, sosial-, skule- og barnehage-sektoren. Eit samarbeid med UiB om mastergrad er avslutta etter at høgskulen fekk akkreditert sin eigen master i læring og undervisning. Ny master i Samhandling innan helse- og sosialtenestene starta opp hausten -13. Det vert lagt vekt på tverrfagleg utvikling av mastergraden i samspel med forskingsaktivitet ved fleire avdelingar i høgskulen. Det er starta opp eit grunnlagsarbeid med sikte på å etablere ein master innan økonomisk- administrative fag på sikt. Det vert arbeidd med eit internasjonalt studietilbod innan idrett/friluftsliv basert på dei naturlege og faglege føresetnadene ved HiSF.

Auka satsing på forsking og etablering av forskingsgrupper på sentrale utdanningsområde har lagt eit betre grunnlag for utvikling av forskingsbasert utdanning i høgskulen. Studieplanane vart gått gjennom med sikte på utvikling av tydelege og relevante læringsutbytte.

Læringsutbytte for utvalde utdanningar vart drøfta på eit møte med Rådet for Samarbeid med Arbeidslivet (RSA). Studienemndene med ekstern representasjon vart nytta aktivt i mange utdanningar for å sikre betre kontakt og relevans mot yrkeslivet.

Høgskulen har hatt svake resultat for internasjonalisering over år, og dette året var noko unntak. Studentmobiliteten vart lægre enn før, trass i at høgskulen har stadig fleire studentar. Også resultata frå Studiebarometeret.no synte at studentane saknar informasjon og tilrettelegging for delstudier i utlandet. Høgskulen vil måtte ta tak i dette framover.

Av kandidatundersøkinga 2013 går det fram at 86% av kandidatane oppgir at jobben dei har fått er relevant i høve utdanninga dei har tatt. Dei profesjonsutdanna får i høg grad relevante jobbar , og dei kjem lett inn på arbeidsmarknaden. Det er kandidatar frå idrett- og friluftsliv og som kan synest å ha noko vanskar med å få relevant arbeid.

Prosjektet Digital kompetanse vart vidareført i 2013. Utvikling av nettbasert undervisning, særleg i lærarutdanningane heldt fram. Høgskulen har utvikla og gjennomført vidareutdanninga Digital kompetanse i høgre utdanning 5, sp for tilsette i samarbeid med Høgskulen i Volda. Våren 2013 gjennomførte høgskulen i alt 30 skuleeksamenar på PC for i alt 600 studentar.

## 1.4 Verksemds mål

**Tett oppfølging, god studiekvalitet og eit stimulerande og trygt læringsmiljø skal vere varemerke for HiSF**

### 1.4.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå	Gj.snitt i uh-sektor
	2009	2010	2011	2012	2013	2013	2012
Studentar per faglege årsverk	17,8	19,8	18,7	19,7	17,7	18,5	12,5
Andel kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieoppdraget ved HiSF i %*	95	86	89	87	88	90	-
Andel kandidatar som svarar at dei trivst særslig godt eller godt i studietida i %*	85	88	85	85	90	90	-
Andel førstestillingar av samla tal undervisnings-, forsknings og formidlingsstillingar i %	34	35	36	36,4	38,4	39	43
Andel kandidatar som tykte at arbeidstilhøve ved høgskulen var gode eller svært gode i %*	76	75	67	71	67	80	-
Andel kandidatar som ser på dei administrative tenestene som gode eller svært gode i %*	70	67	73	74	67	75	-

\* Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

### Kvalitativt styringsparameter

- Studentane skal ha god tilgang til datatenester, og digital undervisning skal vere godt tilrettelagt.

### Analyse

Høgskulen sine studentar er nøgde med studieoppdraget. Resultata frå kandidatundersøkinga styrkar inntrykket av at læringsmiljøet er godt, og at kandidatane har trivst svært godt som studentar. Også høgskulen sine resultat i Studiebarometeret.no synte dette. Høgskulen har lukkast med å vere tett på studentane, vere gode på tilbakemeldingar og å legge vekt på gode rammer for medverknad. Det samla inntrykket er at læringsmiljøet har vore medverkande til dei gode faglege resultata høgskulen oppnådde i 2013.

Tal studentar per fagleg årsverk vart redusert, men ligg framleis høgre enn for sektoren. Dette skuldast primært stor auke i studenttalet dei siste åra. Tilbakemeldinga frå kandidatane på arbeidstilhøva er ikkje så god som forventa. Det kan i nokon grad skuldast at desse studentane opplevde ulemper knytt til flytteprosessen inn i Høgskulebygget i Sogndal. Etter innflyttinga har studentane fått tilgang til flott bibliotek og nye arbeidsplassar. Det er også lagt godt til rette for studentorganisasjonane. Men den store auken i studenttal både i Sogndal og Førde har ført til noko plassmangel.

Dei administrative tenestene har gradvis fått lègre skår i kandidatundersøkinga. Dette kan skuldast endringar i samband med flytting og ny organisering av tenestene. Disponering av administrative ressursar til å møte studentauken kan og spele inn.

Høgskulen har vidareført samarbeid med Studentparlamentet om Tett på-konferansen, som i 2013 handla om læringsmiljøet i høgskulen. Leiarar og studenttillitsvalde drøfta status og utfordringar på tvers av avdelingar og institutt. Læringsmiljøutvalet og Utdanningsutvalet i høgskulen har felles ansvar for denne årlege konferansen. Samarbeidet med studentsamskipnaden om utvikling av studentmiljøet vart vidareført gjennom støtte til studentorganisasjonane og god dialog mellom leiarar av høgskulen, samskipnaden og studentorganisasjonane. Det vart opna om lag 60 nye bueiningar for studentar i 2013, og tilgang på bustadar for studentar har betra seg i Førde og Sogndal.

## Risikovurdering av sektormål 1 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Status/kommentarar
1	Risiko for å mislukkast med god studentrekrytering til alle utdanningar – og å styrke rekryteringen på den regionale og nasjonale marknaden.	2	5	10	<p>Færre studentar gir reduserte inntekter og därlegare inntakskvalitet.</p> <p>HiSF kan leve med ein rekryteringssvikt på inntil 10% utan at konsekvensane blir svært alvorlege.</p> <p>Grunnskulelærar-utdanninga representerer ei særskild utfordring med omsyn til rekrytering.</p> <p>Risiko for manglande rekrytering til dei nye masterutdanningane.</p>	<p>Avlyse studium med därleg rekrytering, samordne undervisning.</p> <p>Vurdere marknadsføringstilta k til ledige studieplassar og utdanninger på den nasjonal marknaden og vidare-utdanninger.</p> <p>Ha fokus på GLU og regionalt samarbeid.</p> <p>Utvikle studium som kan tilbydast med seinare oppstart til andre søkjargrupper t.d. fleire samlingsbaserte studium.</p>	<p>Ikkje aktuelt</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>Systematisk samarbeid om utdanningane</p> <p>Ikkje aktuelt</p>

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Status/kommentarar
2	Risiko for at studentane skal mislukkast med utdanningane, lågare gjennomstrøyming og større fråfall.	2	5	10	<p>Med fleire studentar per fagtilsett, kan den pedagogiske kvaliteten synke, og tid til rettleiing og tett oppfølging og forsking kan verte redusert.</p> <p>Strykprosenten kan gå opp i eitt eller fleire emne.</p> <p>Risiko for låg gjennomstrøyming</p> <p>Studiepoengproduksjon per student og ekvivalent kan verte redusert.</p>	<p>Sette av nok ressursar på arbeidsplanen til tilsette slik at dei kan følgje opp studentane tett</p> <p>Ha fokus i avdelingane på viktige faktorar for å sikre god gjennomstrøyming.</p> <p>Samle og systematisere informasjon om kvifor studentar avbryt utdanninga</p> <p>Tilpassa aktivitet på grunn av reduserte inntekter.</p>	<p>Gjennomført</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>Gjennomført til ein viss grad</p> <p>Ikkje aktuelt</p>
3	<p>Risiko for å ikkje å ha praksisnære bachelorutdanninger med topp kvalitet og ikkje kunne tilby mastergrad og vidareutdanninger på sentrale utdanningsområde.</p> <p>Risiko for at høgskulen sine studium ikkje vert forskingsbaserte med læringsutbytte som er tilpassa behova i arbeidsmarknaden.</p>	1	5	5	<p>Høgskulen kan mislukkast med å tilby grunnskulelærar-utdanninger med tilstrekkeleg fagleg breidde.</p> <p>Det kan verte vanskeleg å prioritere masterutdanninger i ressurstildelinga.</p> <p>Risiko for at ferdige kandidatar frå HiSF ikkje skal lukkast på arbeidsmarknaden.</p> <p>Rekruttering av fagtilsette med høg fagkompetanse er utfordrande i nokre fagmiljø, sjølv om rekruttering av kompetente fagtilsette har blitt enklare.</p> <p>Studentevalueringar kan gi signal om dårlig pedagogisk kvalitet.</p> <p>Risiko for svekka engasjement for internasjonalisering, som kan gje dårligare kvalitet på HiSF sin</p>	<p>Vurdere opptak annankvart år til GLU-utdanningane.</p> <p>Vurdere større fagleg samarbeid innan UH –nett Vest om GLU-utdanningane.</p> <p>Revidere studieplanar for å styrke relevans og innhald i utdanningane opp mot behov.</p> <p>Gjennomføre kandidatundersøkingar og utvikle kontakten med nærings- og arbeidsliv.</p> <p>Legge til rette for individuell kompetansebygging for fagpersonale med lægre kompetanse enn ønskjeleg.</p> <p>Tilsetje i toarstillingar.</p> <p>Påleggje formell basiskompetanse i pedagogikk for lærarar som manglar dette.</p> <p>Påleggje fleire fagtilsette til å</p>	<p>Ikkje aktuelt</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>Gjennomført</p> <p>Gjennomført etter behov</p> <p>Gjennomført ved nokre utdanninger</p> <p>Vurdert fortløpande</p> <p>Ikkje gjennomført</p>

					faglege aktivitet.  Internasjonale nettverk kan forsvinne dersom nøkkelpersonar sluttar.	orientere seg internasjonalt.  Organisere seminar og fagleg aktivitet som kan trekke til seg internasjonale partnarar.  Legge til rette for student- og lærarmobilitet gjennom stipend og avtalar med attraktive institusjonar.	Gjennomført på nokre utdanninger  Ikke gjennomført
4	Risiko for svekka studiekvalitet, læringsmiljø og mindre oppfølging av studenten.	2	5	10	Brei studieportefølje og fleire studentar per tilsett har gitt utfordringar med tanke på studiemiljøet og oppfølging av enkeltstudenten.  Store førelesinger kan svekke kontakt med faglærarar.  Dersom studentane vert mindre nøgde, kan det føre til svekka omdømme.  Høgskulen er kjent for eit godt studie- og læringsmiljø. Dette er utvikla over år gjennom tett samarbeid mellom høgskulen og studentorganisasjonane.  Mangel på bustader kan vere kritisk ved studiestart	Syte for tilstrekkeleg ressursar til undervisning og tilbakemelding til studentar.  Ha fokus på digital undervisning og tilgang til datatenester  Ta studentane på alvor gjennom å synleggjere meir av den faglege verksemda.  Svare og grunngje vurderingar og setje inn tiltak for å motverke fulle klasserom og for lite hyblar.  Motverke negativ merksemrd gjennom tett samarbeid med studentorganisasjonane.	I samsvar med styret sine vedtak  Gjennomført  Vert arbeidd med  Gjennomført i nokon grad  Gjennomført etter behov

## Sektormål 2

### **Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forsking, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet**

Høgskulen vedtok ny strategi for fou i februar 2013 som skildrar viktige verkemiddel for å lukkast med sektormål 2. Særskilt er det lagt vekt på å auke ekstern finansiering av fou-arbeid, auke talet på doktorgradsstipendiatstillingar, auke vekta på kollega- og studenttettleiing, og auke samanhengande fou-tid for tilsette. Det var innført fire institusjonelle fou-stipend for å gje særskilt aktive forskarar meir samanhengande og konsentrert fou-tid. Det vart og prioritert midlar til utvalde strategiske forskingsprogram der høgskulen særskilt skal utvikle ny kunnskap dei neste åra. Desse ordningane ber med seg incentiv om meir samarbeid på tvers i organisasjonen og meir merksemd retta mot eksterne samarbeidspartar, finansieringskjelder og auke i vitskapleg publisering. Parallelt med merksemda mot fagleg innsats arbeidar institusjonen vidare med å utvikle infrastrukturen og støtteapparatet ytterlegare for å bygge opp under det gode fou-arbeidet ved HiSF.

#### **2.1 Verksemldsmål**

**HiSF skal auke talet på publikasjonar til å bli ein høgskule med høg vitskapleg publisering og skal ha høg fagleg og forskingsetisk kvalitet på fou-arbeidet**

##### **2.1.1 Styringsparametrar**

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013		
Publikasjonspoeng	35,9	38,7	38,4	50,1	40,4 *	58	95
Publikasjonstal – nivå 2-andel (%)	5,3	7,9	5,0	9,6	5,5	8	11,6
Auke i publikasjonspoeng (%)	-	7,9	-0,7	30,3	-19,4 *	13	9,4
Publikasjonspoeng per UFF-stilling	0,20	0,21	0,20	0,26	0,19 *	0,30	0,37
Del årsverk i førstestillingar av UFF (%)	33,6	35,2	35,5	36,4	38,4	39	45,2
Tal årsverk i dosentstillingar	3	3	5,8	5	4	6	3,2
Tal årsverk i professorstillingar	5,7	6,5	7,6	6,5	8,3	8	20
Tal årsverk i stipendiatstillingar	15,8	16,6	19,0	19,7	21,8	23	-

\* Snitt SH er snitt for statlege høgskular i 2012. Tal for 2013 i kursiv er førebelse tal.

#### **Analyse**

HiSF har eit strategisk mål om høg vitskapleg publisering. Publikasjonspoenga for 2012 var særskilt gode og var ei markant auke frå føregåande år. Talet publikasjonspoeng gjekk betydeleg ned i 2013 i høve 2012, og dette blir vurdert til å vere ein kombinasjon av fleire faktorar. Ein førebels analyse viser at det er fleire tilsette som har publisert poenggjevande vitskaplege publikasjonar i 2013, men at HiSF generelt har fått færre poeng att for kvar publikasjon. Dette kan tyde på at det nasjonale og internasjonale samarbeidet med forfattarar på andre

institusjonar er styrka i 2013. Likens er det to store forskingsprosjekt finansiert av NFR som i 2013 har vore i oppstart eller primært har arbeida med datainnsamling/analyse, og dette har bunde opp mange av dei svært produktive forskarane som bidrog monaleg til det gode resultatet i 2012. Det har og vore stor søknadsaktivitet mot NFR i 2013 som kan medverke til at talet vitskaplege publikasjonar er lågare. Det har vore ei kraftig auke i UFF-stillingar ved HiSF det siste året (208,3 i 2013 mot 194,1 i 2012), og mange av dei tilsette i desse er i oppstartsfasen av sine fou-arbeid. Det vil ta noko tid før desse nytilsette vil kome inn i statistikken med teljande vitskaplege publikasjonar. Auken i UFF-stillingar kjem og av ei svært positiv auke i talet på studentar ved HiSF, og den raske veksten i studenttal og studiepoengproduksjon kan og ha hatt innverknad på publikasjonsraten i 2013.

Talet på tilsette med førstekompetanse aukar. Saman med eit større strategisk trykk på fou og eigne stipendordningar, er det von om at trenden dei neste åra vil syne ei brattare oppovergående kurve. Ein må også ta med i vurderinga at HiSF er ein høgskule med mykje merksemd retta mot utviklingsarbeid i profesjonsutdanningane som ikkje vert fanga opp av målesystemet. Denne aktiviteten er viktig for kvaliteten i utdanningane. HiSF hadde og ein gledeleg vekst i talet stipendiatsstillingar som følgje av eksternfinansierte forskingsprosjekt.

I 2013 har høgskulen gjennomført tiltak for å heve kvaliteten og kompetansen i fou-arbeidet. Tilsette i rekrutteringsstillingar skal ha mentor eller rettleiar frå høgskulen og vere knytt til eit lokalt forskingsmiljø i den grad det er muleg. Høgskulen har som del av fou-strategien etablert stipendordningar for å gje samanhengande forskingstid både for nykvalifiserte og etablerte forskarar. I 2013 vart det tildelt 7 institusjonelle fou-stipend fordelt på to stipend for førstelektorkvalifisering, to stipend for forskarar som nett har disputert, to professorkvalifiseringsstipend og ein forskingstermin for etablerte forskarar med særhøg fou-aktivitet. HiSF hadde ni opprykk til førstestillingar i 2013 og eit opprykk til professor.

For å sikre etikk, personvern og IKT-tryggleik i forskinga, har høgskulen revidert og utarbeidd eit nytt og omfattande kvalitets-/internkontrollsysteem som har vore til kvalitetssikring hjå Personvernombodet for forsking (Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste). Dette systemet er under innføring i høgskulen, og skal vere på plass i løpet av 2014. Det er og utvikla eit IKT-system for sikre lagring av personsensitive data eller forskingsdata som fell inn under helseforskinslova som vil bli teken i bruk i 2014. Dette systemet vil det og vere potensiale for å tilby til andre institusjonar i sektoren som ikkje er komne like langt på området.

Høgskulen utdannar ikkje eigne doktorgradskandidatar, men har finansiert elleve stipendiatsstillingar frå Kunnskapsdepartementet. Det vart inga auke i talet stipendiatsstillingar frå departementet i 2013 til tross for at dette vart særleg framheva i HiSF sitt innspel om tiltak utanfor ramma, og med bakgrunn HiSF er blant dei statlege høgskulane med lågast tal stipendiatsstillingar jamfør studentar (registrerte studentar i DBH vår 2013). Høgskulen sökte særleg om å auke talet stipendiatsstillingar retta mot MNT-fag for å styrke forskingsinnsatsen mot desse strategisk viktige områda.

I 2013 disputerte fem doktorgradskandidatar med finansiering frå HiSF som samarbeidskandidatar med doktorgradsgjevande universitet og høgskular, og ytterlegare to var tilsette ved disputastidspunktet men der doktorgradsarbeidet var gjort ved andre institusjonar. To tilsette fekk opprykk som førstelektor. Gjennomføringstida er jamt over god for doktorgradskandidatar som har tilsettingsforhold ved HiSF, men det er nokre unntak frå dette. Nye doktorgradskandidatar som vart tilsette i 2013 fekk alle ein intern rettleiar som har eit særskilt ansvar for å følgje opp fagleg progresjon og integrasjon i fagmiljøet ved HiSF, og som skal vere eit viktig verkemiddel for å få ned gjennomføringstida for doktorgradskandidatane ved HiSF.

## 2.2 Verksemdsål

**HiSF skal særleg utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans, og involvere studentar meir i forskings- og utviklingsarbeid**

### 2.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2013	2012
Tal eksterne fou-prosjekt *	139	73	145	84	-	100	-
Tal eksterne fou-prosjekt > 10 000 kr *	69	54	66	66	-	70	-
Tal publikasjonar frå studentoppgåver	-	-	-	8	5	10	-
Tal studentforfattarar	-	-	-	0	1	4	-
Tal nye lærebøker og fagbøker	3	5	3	2	7	4	-

\* Tal eksterne fou-prosjekt og eksterne fou-prosjekt over 10 000 kroner er dverre ikkje klare for 2013 enno, men ligg om lag på nivå med tidlegare år.

### Kvalitativ styringsparameter:

- Resultatoppnåing på forsking i forhold til vår eigenart
- Samspel mellom forsking og utdanning

### Analyse

Høgskulen har i 2013 vald ut strategiske forskingssatsingar for åra 2013-2017 som bygger på tema og problemstillingar som er relevante for regionen. Prosjekta har samarbeidspartar som mellom anna Fylkeskommunen. Sogndal Fotball, Helse Førde, Helsetilsynet, Fylkesmannen og kommunane i Sogn og Fjordane. Alle prosjekta har internasjonale samarbeidspartar. I tillegg har HiSF to store NFR-prosjekt i *ASK - Active Smarter Kids* og *Lærande regionar*. Det førstnemnde er eit omfattande intervensionsprosjekt som skal undersøke korleis fysisk aktivitet i skulen påverkar skuleresultata til elevane. Det andre prosjektet undersøker kvifor elevane i Sogn og Fjordane gjer det så bra på nasjonale prøver. Begge prosjekta er svært godt forankra lokalt, og har fått stor nasjonal merksemd – dåverande helseminister Jonas Gahr Støre tok sjølv initiativ til å besøke HiSF for å lære meir om samanhengen mellom fysisk aktivitet og skuleprestasjonar i 2013. Store delar av den øvrige prosjektporføljen tek opp lokale og regionale problemstillingar og har eksterne samarbeidspartar. Ein stor prosentdel av prosjektporfølgja ved høgskulen er retta mot lokale eller regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans.

Høgskulen har utstrakt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i fylket, og dette vert spegla i talet på fellesarenaer og prosjekt på tvers med særskilt praksisrelevans. Samstundes leverar dei tilsette innafor satsingsområda til høgskulen forsking av høg kvalitet som blir publisert i internasjonale tidsskrift. Høgskulen har i 2013 hatt ein god balanse mellom praksisnære fou-prosjekt og vitskapleg publisering, men det er utfordrande at mange av prosjekta mot praksisfeltet er små og med lite ressursar til vitskapleg publisering. HiSF har aktivt søkt NFR for å auke storleiken på fou-prosjekta, og samtidig auke moglegheitane for meir langsigting kunnskapsutvikling som kan publiseraast i vitskaplege kanalar.

Studentinvolveringa i forsking- og utviklingsarbeid ved høgskulen i 2013 har vore god, men det har vore noko færre studentpublikasjonar enn i 2012. Høgskulen vil ha ei spesiell

merksemd rundt dette framover, og har skal sette i verk ytterlege tiltak for å styrke dette arbeidet. I utveljinga av strategiske forskingssatsingar framover har høgskulen lagt stor vekt på samspelet mellom utdanningsretningane ved HiSF og forskingssatsingane, og særskilt masterutdanningane er kopla på forskingssatsingane. Samspelet mellom utdanning og forsking er meir omtala under sektormål 1.

## 2.3 Verksemndsmål

### **HiSF skal utvikle sterke fou-miljø og forskingsgrupper som får tilslag på eksternt finansiering og som har gode internasjonale relasjoner**

#### 2.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2013	2012
Tal eigne NFR/RFF søknader	-	-	-	7	9	10	-
Tilslag eigne søknader NFR/RFF (%)	-	-	-	28,6	33,3	25	23
Tal samarbeidssøknader NFR/RFF	-	-	-	2	5	5	-
Tilslag samarbeidssøk. NFR/RFF (%)	-	-	-	100	16,7	25	-
Midlar frå NFR (1000 kr)	1675	3154	1567	4 838	10 004	5000	6102
NFR-tildeling per UFF-stilling (kr)	9,3	17,2	8,1	24,9	48,0	12	24,1
Tal eksternt finansierte stipendiatar	-	-	3,5	3,5	6,5	8	-
Del artiklar med int. samforfattarar (%)	-	-	37,7	32,3	-	40	26,2
EU-midlar (1000 kr)	7795	0	0	255	571	500	1138
EU-midl. per UFF-stilling (kr)	16	0	0	1,3	2,7	2,6	-

#### Analyse

Høgskulen har retta større merksemd mot eksternt finansiering og har arbeidd med å styrke søkerkompetansen, samt kvalitetssikre søknader som vert sendt eksternt. Fleire har og fått erfaring med søknadsskriving, og eksterne søknadar er vektlagt i tildeling av institusjonelle fou-stipend. Høgskulen har hatt ei dobling av midlar frå NFR i 2013, og dette er hovudsakleg dei to store forskingsprosjekta ASK og *Lærande regionar*.

Høgskulen stod som avsendar på 9 søknadar til Forskningsrådet og regionalt forskingsfond, og som medsokar på ytterlegare 6. Av desse vart 3 mindre prosjekt tildelt midlar der høgskulen var avsendar, og eitt mindre prosjekt der høgskulen var prosjektdeltakar. Det er i tillegg soikt midlar til stiftingar og andre kjelder utanom Forskningsrådet som har gjeve uttelling i 2013. Søknadsaktiviteten mot NFR og andre kjelder har vore god i 2013, men det er likevel eit arbeid som vil bli vidare prioritert framover – tilslag på større forskingsprosjekt er eit vilkår for å få fleire stipendiatstillingar, meir samanhengande tid til fou og høg vitskapleg publisering ved HiSF.

Styret i HiSF vedtok i 2013 seks strategiske forskingssatsingar: *idrettsforskning; læringsforskning; natur- og miljøvitenskap; samhandling, innovasjon og styring av offentleg sektor; og kunnskapsleiing i førstelinjenestenesta*, og å satse vidare på eit eige strategisk forskingssenter for helseforskning saman med Helse Førde. Desse satsingane er breie i den

forstand at dei bygger miljø på tvers i organisasjonen, og spisse i den forstand at dei konsentrerer seg om område og problemstillingar som høgskulen er særskilt rusta for å undersøke. I tillegg er det internasjonale relevant også gjennom det internasjonale nettverket og samarbeidspartane.

### Auka forskingsinnsats innan realfag, teknologifag og profesjonsfag

HiSF har tildelt to doktorgradsstipendiatstillingar som er finansierte frå departementet i 2013, og begge er gått til å styrke forskingsinnsatsen innan MNT- og profesjonsfag; ei stilling til helsefag, og ei stilling til geologi. Høgskulen har satt i gong strategiske forskingssatsningar i 2013 som i stor grad er kopla opp mot profesjonsfaga, mens forskingsprogrammet på natur- og miljøvitenskap har realfagskomponentar i seg. Innan teknologi- og ingeniørfag har høgskulen styrka forskingsinnsatsen gjennom ei stipendiatstilling som starta i 2012 mot ingeniørutdanninga, samt at ein har fått tilslag på eit større forskingsprosjekt frå EØS-midlar til forskingssamarbeid med Polen, og som er finansiert frå NFR. Dette prosjektet *MEDUSA* skal utvikle eit dataprogram som skal hjelpe legar i å klassifisere ei type leddgikt, og er eit samarbeid med Helse Førde og fleire polske forskingsinstitusjonar.

## 2.4 Verksemds mål

**Fou-arbeidet ved HiSF skal ta utgangspunkt i genuin interesse og motivasjon hos fagtilsette, og arbeidet med fou skal vere inkluderande og motiverande og ha gode rammevilkår**

### 2.4.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013		
Tal tilsette i fou-stipend	-	-	-	-	7	7	-
Tal tilsette som publiserar	35	39	45	52	66	65	-
Del UFF-stillingar som publiserer (%)	19,4	21,3	23,0	26,8	31,7	33	-

### Kvalitativ styringsparameter

- Rettleiing som fou-resultat

### Analyse

Det er ei gledeleg auke i talet på tilsette som publiserer vitskapleg. Dette styrkar ambisjonen om at HiSF skal vere ein høgskule med høg vitskapleg publisering sjølv om talet på publikasjonspoeng gjekk ned i 2013 i høve 2012. Det vart i 2013 tildelt 7 interne fou-stipend til særskilt aktive tilsette; to tilsette har fått stipend for førstelektorkvalifisering, to tilsette er i forskarstipend for å ha konsentrert fou-tid etter disputas, to tilsette er i professorkvalifiseringsløp, og ein tilsett har fått forskingstermin. I alle søknader om interne fou-midlar vert tilknyting til miljø eller rettleiar/mentor etterspurd og rettleiing av studentar og kollegaer blir vektlagt som eit fou-resultat ved søknad om meir fou-tid på arbeidsplanen. Dette stimulerer til at fleire deltek i publisering av forskingsresultat – anten som hovudforfattar eller medforfattarar.

## Risikovurdering av sektormål 2 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	S	K	R v	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Kommentar
1	Særskilt produktive tilsette sluttar	3	3	9	Nøkkeltilsette med spisskompetanse og som driv fagmiljø med høg grad av publisering sluttar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre gode rammevilkår for nøkkeltilsette mtp løn, forskningstid, fleksibilitet</li> <li>• Etablere robuste fagmiljø mindre avhengig av enkeltpersonar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fou-stipend etablert, elles under arbeid</li> <li>• Kontinuerleg oppfølgjing</li> </ul>
2	Låg publiseringssgrad	3	3	9	Sannsyn: Det vil vere sannsynlege svingingar i talet publikasjonspoeng med bakgrunn i studentvekst, NFR-søknader, nyttilsettingar og større forskingsprosjekt. Konsekvens: Midlertidige svingingar vil gje moderate utslag gjennom RBO av midlar, og tape litt av HiSF sitt renommé som eit utdanningsinstitusjon med høgt vitskapleg nivå.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Satse særskilt gjennom strategiske forskingsprogram</li> <li>• Kurs i vitskapleg skriving.</li> <li>• Auke talet på tilsette i førstelektorløp/doktorgradsløp.</li> <li>• Meir samanhengande tid til fou.</li> <li>• Auka fokus på rapportering i CRISTIN.</li> <li>• Bruke antologiar meir aktivt for å dokumentere utviklingsarbeid, og trekke fleire inn i poenggjenvande publiseringssarbeid.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablerte i 2013</li> <li>• Nokre kurs</li> <li>• Auke i 2013</li> <li>• Fou-stipend</li> <li>• Fleire rapporteringar</li> <li>• Auke i antologiar for 2013, fleire tilsette var forfattarar</li> </ul>
3	Kvaliteten av fou-arbeidet ved høgskulen	2	4	8	Fou-arbeidet ved høgskulen skal vere av høg vitskapleg kvalitet og følgje gode forskingsetiske standardar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tettare kvalitetssikring av fou-verksemda i høgskulen gjennom obligatoriske interne/eksterne fagfellevurderingar av rapportar</li> <li>• Gjennomføre seminar for å sikre at tilsette har god kjennskap til forskingsetiske retningslinjer</li> <li>• Legge enno større vekt på fagleg og etisk rettleiing av stipendiatar ved høgskulen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Under arbeid</li> <li>• Ingen seminar i 2013</li> <li>• Alle stipend eller førstelektor/doktorgradsløp har intern rettleiar</li> </ul>
4	Låg tildelingsprosent ved søker til NFR.	2	3	6	Treffprosenteren ved søker til NFR er om lag 23% for høgskular, og er høgare i programma enn ved søker til NFR (12%).	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I hovudsak rette søker til NFR mot program i forskingsrådet med høgare utteljingsprosent.</li> <li>• Meir fokus på regionale virkemiddel som RFF og VRI.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• God utteljing i prosent i 2013</li> <li>• Ikkje aktuelt</li> </ul>
5	Liten kompetanseheving blant fagtilsette.	2	3	6	Kompetanseheving skjer gjennom førstelektorkvalifisering, doktorgradsarbeid, tildeling av forskningstid, og ved tilsettingar med vekt på forskingskompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auke talet tilsette i kompetanse-hevingsprogram</li> <li>• Legge enno storre vekt på forskingskompetanse ved tilsettingar, og innføre «leitekomitear» for å identifisere potensielle søkerar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fou-stipend</li> <li>• Fou-kompetanse vektlag, leitekomitear ikkje brukt i 2013</li> </ul>
6	Låg gjennomstrømming av doktorgradsstipendiatar.	2	3	6	Låg gjennomstrømming er gjerne med bakgrunn i lite publisering, og kan binde opp tilsette i vanskelege arbeidssituasjonar over tid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tettare oppfølging av progresjon og rammevilkår for doktorgradsstipendiatar ved HiSF.</li> <li>• Krav om intern rettleiar.</li> <li>• Kurs/seminar for rettleiarar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle nye har intern rettleiar</li> <li>• Oppfylt</li> <li>• Ikkje gjort 2013</li> </ul>

## Sektormål 3

### **Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping**

HiSF skal vere ein open og engasjert institusjon som er synleg og set spor etter seg. Høgskulen skal formidle viktige forskingsresultat i media og på eigne nettsider, og bidra med faktakunnskap i samfunnsdebatten. Høgskulen skal stimulere til verdiskaping gjennom innovasjon, og vere ein viktig regional utviklingsaktør. Høgskulen skal framfor alt utvikle ny kunnskap saman med praksisfeltet som skal bidra til ei *endring av praksis* for brukarar, yrkesutøvarar og som eit viktig vedtaksgrunnlag for styresmakter.

#### **3.1 Verksemndsmål**

##### **HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv**

###### **3.1.1 Styringsparametrar**

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013		
BOA utanom EU og NFR (1000 kr)	10649	13648	13252	13501	9558	16000	17756
BOA som del driftsinntekter (%)	4,1	4,8	3,8	4,5	2,7	4,8	4,5
Bidragsfinansiert BOA (%)	32	47,3	54,8	52,0	37,9	50	46,8
Oppdragsfinansiert BOA (%)	68	52,7	45,2	48,0	62,1	50	53,2
BOA frå næringsliv (%)	30,5	32,4	21,5	5,8	11,8	25	34
BOA frå det offentlege (%)	67,9	55,7	64,0	88,0	80,5	70	54

###### **Kvalitativ styringsparameter**

- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv
- Fleksibel utdanning

###### **Analyse**

Høgskulen har etablerte og svært gode samarbeidsrelasjonar med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom

- Fylkeskommunen i form av Næringsforum, og Utviklingsavtalen saman med Vestlandsforsking, med meir
- Fylkesmannen i form av Stat-nærings-samarbeidet, samarbeid om utdanning og barnehagar, med meir
- Kommunane i form a Senter for helseforsking, Utviklingsssenteret for sjukeheimar og heimetenester, med meir
- NAV i form av eit nytt forskingsnettverk i regi av UH-nett Vest på tenester tilknytt NAV, med meir

- Helse Førde gjennom Senter for helseforskning og Samhandlingsbarometeret [www.samhandlingsbarometeret.no](http://www.samhandlingsbarometeret.no), og innovasjonsprosjektet Fjordomics om metabolsk analyse, med meir
- Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter gjennom Senter for helseforskning og forsking på sjukleg overvekt

Høgskulen har hatt ein nedgang i BOA utanom EU og NFR totalt for 2013 i høve tidlegare år. Dette skuldast i hovudsak nokre større prosjekt mot fylkeskommune og kommunar retta mot skulesektoren som vart avslutta i 2012. Dette har ikkje i like stor grad vorte kompensert i 2013, men den totale BOA inkludert EU og NFR syner totalt ei auke i 2013, men med ei vriding mot meir NFR-finansiert aktivitet.

Høgskulen har og ei lita auke i BOA frå næringslivet i 2013, og det er særleg den regionale energibransjen og bank- og finansieringsinstitusjonar som bidreg til den næringsrelevante oppdrag- og bidragsverksemda ved HiSF. Dette samarbeidet er svært godt både innan utdanning og forsking. HiSF vil arbeide aktivt for å vidare styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt næringsliv. Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) har vore ein viktig arena for å få innspel i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv – og då særskilt næringslivet som utfordrar høgskulen på relevans i høve regionale behov.

Høgskulen har hatt rundt 35 små og større arrangement i 2013, mange var opne og retta mot arbeidslivet. Det har mellom anna vore arrangert seminar om oppfølging av menneskjer med sjukleg overvekt, ein konferanse om snøskred og friluftsliv, om fylkeshistorie og ei større markering av Forskingdagane.

Høgskulen tilbyr fleksibel utdanning til regionen gjennom etter- og vidareutdanninger, og spesielt innan helsefag og lærarutdanninga. HiSF tilbyr masterstudium som er samlingsbaserte og fleksible med tanke på gjennomføring. Høgskulen tilbyr og desentralisert undervisning gjennom samlingar og nettbaserte forelesingar, særskilt innan lærarutdanninga. Volumet av etter- og vidare- og desentraliserte utdanninger ved høgskulen har auka noko i 2013. Høgskulen har og organisert fleksible og tilrettelagte studietilbod til bedrifter, kommunar og andre aktørar gjennom oppdragseininga HiSF Oppdrag.

### **3.2 Verksemds mål**

**HiSF skal formidle resultata frå fou-aktiviteten til samfunnet og auke bruken av «open access» publisering**

#### **3.2.1 Styringsparametrar**

<b>Styringsparametrar</b>	<b>Resultat</b>					<b>Ambisjon</b>	<b>Snitt SH</b>
	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>		
Tal fou-resultat i CRIStin	397	393	355	422	447	450	-
Tal publikasjonar Open Access	4	7	12	17	24	20	-
Periodikaartiklar (%)	-	71	83,0	78,1	59,8	75	57,6
Antologiartiklar (%)	-	29	13,9	16,6	40,2	20	39,7
Monografiar (%)	-	0	3,1	5,3	0	5	2,7
(Pop.)vitskaplege publ./posters	170	177	131	182	220	200	-

## Analyse

Høgskulen etablerte i 2013 eit publiseringsfond for å stimulere til publisering i Open Access (OA) kanalar. Auken i OA-publiseringar fortset i 2013 i høve tidlegare år. HiSF hadde som målsetting om å auke andelen publikasjonar i vitskaplege antologiar i 2013 for å i større grad publisere og dokumentere fou-arbeid innan profesjonsutdanningane ved HiSF, og som i nokre høve manglar relevante vitskaplege journalar innan fagområdet. Dette er fulgt opp i 2013, men grunna eit større antologiarbeid er balansen mellom periodikaartiklar og antologiar endra meir enn det vil vere i eit normalår i 2013. HiSF har og hatt ansvar for eit formidlingsprosjekt saman med Vestlandsforsking og Fylkeskommunen i 2013, og arbeidar med å få på plass eit eige nettmagasin for forsking som skal lanserast i 2014.

### 3.3 Verksemadmål

**HiSF skal aktivt bidra til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor**

#### 3.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013		
Tal partnarskap i innovasjon/verdiskaping	1	1	1	1	1	2	-
Tal bedriftsetableringar	0	0	0	0	0	1	1,3
Tal mottekne forretningsidear	0	0	0	0	0	2	10
Tal lisensieringskontraktar	0	0	0	0	0	0	0
Tal patentsøknader	0	0	0	0	0	0	0,2

#### Kvalitativ styringsparameter

- HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon.

## Analyse

Høgskulen har dei siste åra ikkje hatt bedriftsetableringar eller forretningsidear som er blitt kommersialiserte, men har styrka samarbeidet med Kunnskapsparken som er eit regionalt utviklingsselskap for å bidra til kommersialisering av forretningsidear. Entreprenørskap er ei satsing særleg innan lærarutdanninga ved HiSF, og erfaringar og kunnskap har vore formidla på tvers av avdelingane i for å styrke dette arbeidet i 2013. Høgskulen arbeidar no med å styrke arbeidet innan innovasjon og bedriftsetableringar mot fleire av utdanningane ved HiSF.

### 3.4 Verksemadmål

**HiSF skal utvikle ny kunnskap bidrar til varig endring av praksis**

#### 3.4.1 Styringsparametrar

#### Kvalitativ styringsparameter:

- Ny kunnskap som bidrar til varig endring av praksis

## Analyse

Det er eit stort potensiale ligg i ASK-prosjektet som ser på samanhengen mellom fysisk aktivitet og skuleprestasjonar, og *Lærande Regionar* som ser på kvifor skuleprestasjonane i Sogn og Fjordane er så gode. Kunnskapsutviklinga i pågående fou-prosjekt innan helse- og velferdsforskningsmiljøa i høgskulen vil gje ny kunnskap som studentar, tenesteytarar og brukarar kan ta i bruk i nye eller endra måtar å utføre oppgåver på. Høgskulen har difor i 2013 arbeidd for å styrke samarbeidet med kommunane i helsesektoren – særleg gjennom Senter for helseforskning – og mot skulesektoren for å korte ned avstanden mellom forsking og praksis. Høgskulen har og svært relevant forskningsaktivitet innan energi, ressursar og miljø som har som målsetting og arbeide fram nye arbeidsmåtar og endra praksis hos oppdragsgjevarar og i sektoren, og dette gjeld særskilt innan eit prosjekt som ser på geofarar som konsekvens av klimaendringar.

## Risikovurdering av sektormål 3 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	S	K	Rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Kommentar
1	HiSF opplevast som lite relevante for næringsliv.	3	3	9	HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv gjennom utdanningar og fou-prosjekt. Spesielt mot næringslivet i regionen er det ei utfordring å vere tilstrekkeleg relevant med dei utdanningane og fagkompetanse som høgskulen i dag tilbyr.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka dialog med næringslivet om behov for kompetanse og fou.</li> <li>Styrke samarbeidet gjennom UH-Nett Vest og TeknoVest for å tilby ein breiare kunnskapsbase.</li> <li>Vere ein aktiv kompetansemeklar til kunnskapsmiljø nasjonalt for regionalt næringsliv.</li> <li>Auke innsatsen for å formidle våre relevante fagmiljø og fou-resultat til næringslivet.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har vore tema i RSA og andre arenaer</li> <li>Godt samarbeid i 2013</li> <li>Særskilt innan fornybar energi er dette oppfylt</li> <li>Har styrke forskings-formidling i 2013</li> </ul>
2	Låg tilgang på eksterne midlar.	3	3	9	Eksterne forskingsmidlar finansierar både forskingsprosjekt og doktorgradsstipendiatar. Økonomiske utfordringar i næringslivsøkonomien kan gje negativ effekt på midlar frå næringsliv, mens kan stimulere til auke i midlar frå offentleg sektor.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Revisjon av prosjektstyring og kvalitetssikringsrutinane ved HiSF for å sikre at vi leverer høg kvalitet til rett tid i prosjekt mot eksterne oppdragsgjevarar.</li> <li>Gå i tettare dialog med relevant næringsliv og offentleg sektor for å synleggjere HiSF sin kompetanse og relevans for spesielt regionale aktørar.</li> <li>Styrka satsing på innovasjonsarbeid i offentleg sektor.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ein del punktar gjennomførte, fortset i 2014</li> <li>God dialog i RSA, og gjennom arbeid med Regional Verdiskapingsplan i regi av Fylkeskommunen</li> <li>Eit eige strategisk forskingsprogram på dette ved HiSF</li> </ul>

Nr	Risikoområde	S	K	Rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Kommentar
3	Lite flinke til allmennretta formidling.	2	3	6	Allmennretta formidlinga og samhandling med andre samfunnsaktørar lokalt og nasjonalt.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gje utteljing for formidlingsaktivitet ved tildeling av fou-tid</li> <li>Aktiv oppfølging av avdelingar og prosjekt på formidlingsaktivitet.</li> <li>Aktiv bruk av fou-resultat i undervisning.</li> <li>Aktiv deltaking på Forskning.no.</li> <li>Målretta formidling i eige fou-magasin.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablert</li> <li>Ny vev er under arbeid, og vil bli lagt til redaksjon</li> <li>Auka merksemd</li> <li>Fleire artiklar i 2013</li> <li>Under arbeid, lansering 2014</li> </ul>
4	HiSF deltar ikkje i samarbeidsprosjekt med regionale aktørar.	2	3	6	HSF deltek i stor grad i samarbeidsprosjekt av med regionale aktørar, og særleg innan dei profesjonsfelta høgskulen utdannar til. HiSF samhandlar òg i aukande grad med lokalt og regionalt næringsliv.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Styrke etablerte relasjoner til samfunns- og arbeidsliv gjennom etablering av nye møteplassar</li> <li>Delta aktivt større forskningsnettverk som UH-nett Vest</li> <li>Stimulere til meir fou-innsts i regionene gjennom nye satsingar mot RFF, NFR og EU.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har vore aktiv deltaking på eksisterande møteplassar</li> <li>God samarbeid i nettverket i 2013</li> <li>God auke i aktivitet i 2013</li> </ul>

## Sektormål 4

---

**Universitet og høgskular skal ha effektiv forvalting av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla**

### 4.1 Verksemldsmål

**HiSF skal stå fram og vere kjende som ein kompetent, tillitsvekkjande og open organisasjon som har ein arbeidskultur som er prega av entusiasme og nytenking, gjensidig respekt og samarbeid**

#### Analyse

Høgskulen i Sogn og Fjordane starta i 2013 utarbeiding av ny strategisk plan. Det er oppnemnd eit breitt samansett utval som skal utarbeide eit framlegg til styret. I oktober vart det arrangert eit seminar for styret og leiargruppa om strategiske utfordringar. Arbeidet skal sluttførast i 2014.

Då Høgskulen i Sogn og Fjordane innførte einskapleg leiing på alle nivå i organisasjonen i 2007, vart avdelingstyra omgjort til eit rådgjevande organ for dekan. Avdelingsstyret var i modellen med valde leiarar eit vedtaksorgan med brei samansetning frå dei tilsette. Etter at høgskulen gjekk over til einskapleg leiing på avdelingsnivå, vart vedtaksmyndet på avdelingsnivå flytta til dekan.

Avdelingsråda sin funksjon og posisjon vart gradvis svekka etter omskipinga frå styre til råd. Dekanane var sekretærar og pådrivarar for drift av avdelingsråda. Møtefrekvensen vart svært låg og ved nokre avdelingar vart avdelingsråda i praksis nedlagde. Styret gjorde i september 2013 vedtak om nedlegging av avdelingsråda frå 01.01.2014. Styret føresette at medverknad skal ivaretakast gjennom tillitsvaldssystemet både på avdelingsnivå og institusjonsnivå.

I 2013 har det vore arbeidd aktivt med å etablere system for medverknad ved alle einingar. Vi har forhandla ny tilpassingsavtale som tok til å gjelde frå 01.08.13. Vi har etablert informasjons og drøftingsarenaer ved alle einingar, og arrangert felles opplæringsdag mellom tillitsvalde og leiarar om medverknad.

Studentane sin medverknad skjer først og fremst gjennom tillitsvaldssystemet i utdanningane og gjennom studienemndene. På institusjonsnivå er samarbeidet formalisert gjennom møte mellom rektor og Studentparlamentet (kontaktutvalsmøte) ein gong i månaden. Dette er eit informasjons- og drøftingsforum der studentane kan ta opp saker dei er opptekne av.

Det vert årleg laga ein rapport om utdanningskvalitet som bygger på årlege studenttilfredsheitsundersøkingar i tillegg til andre data om primærskjjarar, inntakskarakter og opptakstal. Saka vert handsama i styret i desember.

Det vert arbeidd med å betre informasjonsarbeidet gjennom gode informasjons- og kommunikasjonsrutinar og betre web-teneste. Det er etablert eit eige web-prosjekt som skal gi HiSF nye vefsider. Arbeidet starta i 2013 og pågår.

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er ikkje kome så langt som vi kunne ønskje. Vi har starta delar av arbeidet gjennom å vurdere risikoområde, og utarbeiding av retningsliner for ekskursjonar og feltarbeid starta i 2013.

Ei avgrensa arbeidsmiljøkartlegging med utarbeiding av handlingsplanar er starta opp og gjennomført for deler av organisasjonen. Dette arbeidet vil halde fram i komande år. HiSF vil

etter kvart vurdere å nytte arbeidsmiljøkartleggingsverktøyet ARK som er utarbeidd for sektoren.

## 4.2 Verksemds mål

**HiSF skal systematisk leggje til rette for å auke kompetansen til det faglege og administrative personalet.**

### 4.2.1 Kvantitativ styringsparameter

#

Kvantitative styringsparametrar	Resultat				Ambisjon	Snitt SH
	2010	2011	2012	2013	2013	2012
Robuste fagmiljø	Kvalitativ vurdering					
Prosentdel førstestillingar	35	35,7	36,4	38,4	40	45,2
Prosentdel kvinner totalt HiSF	56,6	57,7	58	60,7	55	
Del kvinner i undervisning, forsking og formidling	49,3	50	51,9	50,3	50	
Del kvinner i dosent og professorstillingar	32	25	28,5	28,5	30	28,5*
Del kvinner i stipendiatstillingar	45,8	53	55,3	75,5	55	
Del kvinner i driftsstillingar og reinhaldsstillingar	86	66,2	75,1	70,8	70	
Del kvinner i administrative stillingar	67,9	71,6	66,8	68,3	65	
Prosentdel kvinner i leiande stillingar	53	58	58,8	64,7	58	
Prosentdel kvinner i førstestillingar	24,6	24,7	27,5	37,8	30	42,4
Forholdstal faglege og adm.årsverk	2,5	2,7	2,6	2,6	2,3	2,2
Del mellombelse still. eks åremål og stipendiatar (endra utrekningsmetode)	14,1	14	14	15,3	18	12,9

### Analyse

#### Robuste fagmiljø

Eit robust fagmiljø er kjenneteikna av:

- god utdanningskvalitet
- god forskings- og formidlingsaktivitet
- god og stabil studentrekruttering
- god kompetanse over tid
- gode faglege nettverk
- godt samarbeid med arbeids- og næringsliv
- internasjonalt samarbeid
- balansert alderssamsetning

Høgskulen i Sogn og Fjordane har fagmiljø som skorar i ulik grad på desse parametra. Nokre fagmiljø er små og dermed sårbar, medan andre er sterke. Fagmiljø som utmerkar med høg kompetanse, god vitskapleg publisering, eksterne forskingsmildar og god rekruttering er *fornybar energi, geologi- og geofare, landskapsøkologi, idrettsforskning og fysisk aktivitet, læringsforskning, innovasjon og samhandling i offentleg sektor, og forsking på livskvalitet og fedme*. Høgskulen har også satt i gang eit strategisk forskingsprogram for å utvikle eit sterkt forskingsmiljø innan *kunnskapsleiing i førstelinetenesta* som skal vidare styrke samarbeidet med praksisfeltet.

Faglege nettverk og samarbeid medverkar til å styrke våre eigne fagmiljø. Vi har eit godt samarbeid om lærarutdanningane, helse- og sosialfaglege utdanningar gjennom UH-nett Vest.

## Kompetanse

Prosentdel førstestillingar har auka frå 36,4 % til 38,4 % frå 2012 til 2013. Dette er ei gledeleg utvikling, sjølv om vi ikkje nådde målsettinga på 40% førstestillingar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane ønskjer sterkt å auke tal stipendiatsstillingar og søkte om tre nye stillingar i 2013. Vi fekk ikkje tildelt nye heimlar i statsbudsjettet for 2014, noko vi sterkt beklagar.

Det vart tildelt forskarstipend, professorkvalifiseringsstipend, forskingstermin og førstelektorstipend i 2013.

Det er oppretta forskingsadministrativt nettverk (Fane) for å støtte opp under informasjon og kunnskapsdeling mellom støttefunksjonane knytt til fou i tråd med vedteken strategiplan.

Vi har som målsetting å kartleggje og styrke kompetansen i administrasjonen for å redusere sårbarheit og sikre kvalitet i drifta. Dette har vi ikkje greidd å prioritere tilstrekkeleg i 2013. Relativt lav administrativ bemanning og noko sjukefråver har medverka til at vi ikkje har kome så langt som i dette arbeidet som vi ønskjer.

## Likestilling

Målet om å auke tal kvinner i dei akademiske toppstillingane, vil ta tid, både nasjonalt og lokalt. Ved HiSF er kvinnedelen i dosent og professorstillingar uendra frå 2012 og er på 28,5%, medan prosentdel kvinner i førstestillingar forøvrig har auka frå 27,5 til 37,8. Kvinnedelen i stipendiatsstillingane har auka frå 55,3% i 2012 til 75,5% i 2013. Auken i prosent kvinner er knytt til eit eksternfinansiert prosjekt der vi fekk fire nye stipendiatsstillingar.

Del kvinner i undervisning, forsking og formidlingsstillingar har endra seg frå 51,9 i 2012 til 50,3% i 2013.

Vi har utarbeidd ny handlingsplan for likeverd og likestilling. Eit av tiltaka er oppretting av leitekomitear ved utlysing av forskarstipend, kvalifiseringsstipend og akademiske toppstillingar som er faste. Eit anna tiltak er oppretting av utval for likeverd og likestilling.

## Mellombels tilsette

Vår eigne tal skil seg litt frå utrekningsmåten i tilstandsrapporten til Kunnskapsdepartementet. Våre utrekningar ligg noko lægre. Høgskulen i Sogn og Fjordane har hatt ein høgre prosentdel mellombels tilsette enn snittet av høgskulane. Høgskulen har jobba medvite med å redusere dette. Dette har skjedd både gjennom styresaker og i opplæring av lovverket.

Viss vi ser på alle mellombelse stillingar under eitt, kan noko av den høge delen mellombels tilsette forklarast med relativt mange åremålsstillingar. I 2011 oppretta HiSF 10 nye åremålsstillingar; to viserektorar og åtte instituttleiarar. I tillegg er dekanar og rektor mellombels tilsett. Dette utgjer 15 stillingar og tilsvarar 5% av totalt tal tilsette.

Del mellombelse stillingar i undervisings og forskingsstillingar (uff-stillingar), administrative stillingar og støttestillingar har gått noko opp frå 2012. Vi har hatt ein auke i mellombelse tilsettingar i uff-stillingar i 2013, medan mellombelse tilsettingar i administrative stillingar har gått noko ned. Noko av auken kan forklarast ved auke i eksternfinansiert aktivitet. Vi har også noko permisjonar og langvarig sjukefråver som har gitt fleire vikariat. I tillegg har vi måtte tilsetje mellombels i nokre fagstillingar som følgje av at vi ikkje har greidd å rekruttere kvalifiserte tilsette i undervisings- og forskingsstillingar.

## Inkluderande arbeidsliv

Kvantitative styringsparametrar	Resultat				Ambisjonå
	2010	2011	2012	2013	2013
Sjukefråver i %	4,1	5,4	5,9	4,7	5

Det totale sjukefråværet (eigenmeldt og legemeldt) i HiSF var 4,7 % i 2013. Sjukefråværet i HiSF har hatt ein auke dei siste åra, og det er derfor svært positivt at fråværet i år er lægre enn både i 2012 og 2011. Vi har hatt tett oppfølging av sjukmelde, og vil halde fram med å følgje utviklinga for sjukefråværstala tett.

Sjukefråværet for kvinner er høgre enn for menn, og dette gjeld i alle stillingskategoriar. Høgast sjukefråvær er det blant kvinner i driftsstillingar. Bruken av gradert sjukmelding ar er godt nytta.

HiSF er IA (inkluderande arbeid) -verksemd og har utarbeidd aktivitetsplan for IA arbeidet. HiSF har medlemskap for alle tilsette i bedriftshelseteneste. Denne tenesta vert spesielt nytta i førebyggingsarbeidet. I tillegg har vi tett samarbeid med NAV.

Oppfølging av høgskulen sitt systematiske HMS arbeid vert følgt opp gjennom medarbeidarsamtalar og vernerundar. Det vert arbeidd med å styrke leiarane sin kompetanse på dette området.

### 4.3 Verksemadmål

#### Høgskulen skal ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga

##### 4.3.1 Styringsparameter

Kvantitative styringsparametrar (KD)	Resultat (tal i 1000)				Ambisjon
	2011	2012	2013	2013	Ambisjon
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	2,64	2,3	2,2	1,9	Ambisjon
Endring avsettingar (tilgang/avgang i avsettingar)	49 989	-19 579	-1 046	-50 000	Ambisjon

##### Analyse

Likviditetsgraden til høgskulen er god. Vi låg i 2013 noko høgre enn måltalet, sidan vi ikkje har kome så langt i tredje byggjesteg som ynskjeleg. Det er løyva pengar i Statsbudsjetten for 2014 til dette formålet.

##### 4.3.2 Kvalitativ styringsparameter.

#### Høgskulen skal ha langsiktig økonomisk planlegging, god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.

Langsiktige økonomiske prognosar skal støtte opp under institusjonen sine mål og strategiar. Langtidsprognosane skal vise trendar og gje ei vurdering av nivået på avsettingane sett i samanheng med institusjonen sine mål og strategiar.

##### Analyse

Det har vore utskiftingar i økonomiteamet i løpet av 2013. Det har vore jobba mot å etablere høg kvalitet og gode prosedyrar. Vi har arbeid med å auke tryggleiken i nøkkelfunksjonar innanfor rekneskap.

Vi har gjennom året arbeidd med økonomisk styring, og forsøkt samordna og forbetra støttesistema i den økonomiske planlegginga. Det har gjennom FANE prosjektet vore fokus på rutinar og oppfølging knytt til bidrags- og oppdragsprosjekta. Noe manglande kapasitet har redusert servicen til leiararar med budsjettansvar, men dette kom på plass på slutten av 2013.

Høgskulen har lite økonomisk slakk for å kunne handtere endringar i driftsnivået og studieproduksjonen. Vi har gode informasjonsrutinar som sikrar at endringar som påverkar styringsparametrane blir fanga opp tidleg slik at det er mulig å gjere tilpassingar. Resultatet for 2013 er godt. Det vitnar om god økonomistyring.

#### **4.3.3 Styringsparameter.**

God gjennomføring av budsjettet innanfor eit avvik på 1-2 % av tildelt ramme ved einingane.

#### **Analyse**

Gjennomgangen av rekneskapen for 2013 viser at høgskulen sin økonomi er god, men vi har små marginar og må halde fram og følgje opp kritiske budsjettpostar. I høve til budsjettet kostnadsramme syner den ordinære drifta for 2013 eit mindreforbruk på kr 2,7 mill.. Dette utgjer under 1 % av budsjett og ligg godt innanfor normal uvisse. Når ein tek med mindreforbruk for 2012 på 4,7 mill., er det samla mindreforbruket 7,4 mill.

HiSF har hatt fokus på langsiktige økonomiske prognosar.

#### **4.3.4 Styringsparameter**

Ingen merknader frå Riksrevisjonen

#### **Analyse**

Det var ikkje vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

Ein klassifiseringsfeil på eit prosjekt medførte at vi sendte inn eit nytt revidert rekneskap i juli 2013.

## Risikovurdering av sektormål 4 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Statur/ kommentarar
1	Risiko for at HiSF ikkje har robust økonomi og gode økonomiske rammer	2	5	10	For å ha god og robust økonomi, må HiSF ha god studentrekruttering og eit positivt renomme	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på rekruttering</li> <li>• Ei godt fungerande rekrutteringsavdeling</li> <li>• Tilby attraktive studium til ei kvar tid</li> <li>• Følgjast opp under sektormål 1</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekrutterings-situasjonen i 2013 var svært god og studentalet auka i høve til 2012.</li> </ul>
2	Risiko for ikkje ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga.	2	4	8	For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltinga er høgskulen avhengig av ein kvalifisert og kompetent administrasjon. Nokre spesialiserte funksjonar blir ivaretatt av for få personar. Dette gjeld område som løn og arkiv.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lønsnivået må vere om lag på same nivå som dei institusjonar vi konkurrerer med, sjølv om det til tider kan være vanskelig å konkurrere med det private næringsliv og statlege direktorat i nærlieken.</li> <li>• Vi må ha høg kvalitet i arbeidet og det er viktig å ha fokus på interne prosedyrar.</li> <li>• Vi må jamleg tilby kurs og opplæring i sentrale delar av økonomiregelverket.</li> <li>• God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonomidirektør sluttar i 2013, men ny kom på plass i januar 2014</li> <li>• I 2013 starta arbeidet med å lage ein ny strategisk plan for HiSF</li> </ul>
3	Risiko i høve til dei administrative støttesystema. Risikoen er knytt til både it-risiko generelt og til bemanning og sårbarheit.	3	3	9	Departementet har bedt institusjonen om å vurdere risiko knytt til dei administrative støttesystema.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er gjennomført ei ROS kartlegging, analyse og tiltak.</li> <li>• Forholda må leggjast til rette for gode arbeidsvilkår og trivsel for tilsette for å sikre stabilitet i it-stillingane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det blei tilset ny it-sjef i 2013. Samlokaliseringa har gjort arbeidsmiljøet betre</li> </ul>

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging	Statur/ kommentarar
4	Risiko for ikkje å klare å halde på personar med høg kompetanse	3	3	9	Den største risikoen for at vi ikkje greier å auke i kompetansenivået, er knytt til om vi greier å halde på dei som har førstekompetanse. Vi er sårbare i situasjonar der vi får utskifting i stillingane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det er viktig at førstellinger er knytt til bachelorutdanningane og at tilsette med førstekompetanse får høve til å forske</li> <li>Tiltaka vil vere av generell karakter og knytt til om høgskulen greier å få ein så robust økonomi at mastergradstilbod let seg realisere.</li> <li>Tverrfagleg samarbeid kan auke muligheitene for å skaffe eksterne prosjekt og utviklingsprosjekt.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det vert arbeid med å etablere ein ny mastergrad knytt til økonomi og administrasjon som det siste store utdanningsområdet som ikkje har mastergradstilbod</li> </ul>
5	Risiko for at HiSF ikkje har god kjønnsbalanse i stillingane	3	2	6	HISF skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv Det kan være vanskelig å få kvinner inn i leiande stillingar, samt å tiltrekke seg kvinner med førstekompetanse	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppmuntre kvinner til å søkje kompetansehevingsstipend.</li> </ul>	
6	Risiko for manglande attraktivitet	3	3	9	Høgskulen må framstå som ein attraktiv arbeidsplass og vere konkurransedyktig på løn og arbeidsvilkår generelt for å halde på og tiltrekke seg gode fagfolk.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Høgskulen må ha arbeidsvilkår som er konkurransedyktige med det dei andre institusjonar tilbyr, det vere seg høve til kvalifisering, tid til forsking og utvikling, eit godt arbeidsmiljø eller lønsvilkår som er på høgde med nivået vi konkurrerer med.</li> </ul>	

## **5. Annan rapportering**

---

### **5.1 Oppfølging etter etatstyringsmøtet**

HiSF hadde ikke etatstyringsmøte i 2013.

### **5.2 Aktivitetskrav til helseutdanningane**

Kommentarane er lagt under kapittel 1.2.1

### **5.3 Opptak til lærarutdanningane**

2 strategiske studieplassar lærarutdanning kat E

Opptakskapasitet vidareført, evt omdisponering.

### **5.4 SAK samarbeid**

I 2008 vart universitets- og høgskule nettverket for utdanning og forsking på Vestlandet, UH-nett Vest, etablert. Dei fem institusjonane Høgskulen i Volda, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Bergen, Universitetet i Bergen og Høgskulen Stord/Haugesund oppretta ein femårig avtale seg imellom. Avtalen er no revidert og vidareført i fem nye år frå 2013.

UH-nett Vest skal fremje samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon der dette kan føre til auka kvalitet. Parallelt med dette har vi teknologi-samarbeid (Tekno-Vest) der også Universitetet i Stavanger og Høgskulen i Ålesund er inkludert.

Ein føresetnad for vekst og verdiskaping er tilgang på rett kompetanse både i offentleg og privat sektor. Kandidatundersøkingar viser at dei regionale høgskulane er heilt nødvendige for tilgang til denne kompetansen. Denne kunnskapen har vi tatt konsekvensen av i vår tilnærming til SAK.

I UH-nett Vest har vi særleg fokus på lærarutdanning, helse- og sosialarbeidarutdanning og ingeniørutdanning. UH-nett Vest kompletterer kvarandre. Samarbeidet er bygd ”nedanfrå og opp” og er derfor solid forankra i fagmiljøa.

Kvart år vert det arrangert ein felles konferanse i UH-nett Vest. Nettverket tildeler både «såkornmidlar» til nye prosjekt og «overrisslingsmidlar» for å styrke etablerte prosjekt der fleire deltakarar kan slutte seg til. Såkornmidlar er i bruk for å stimulere til samarbeid om felles søknader med ekstern finansiering og premissen er at fleire tverrinstitusjonelle fagmiljø delta. Vi viser til vedlegg 3 for rapportering av SAK-midlane.

Vi meiner UH-nett Vest bidrar til utvikling av større fagmiljø, betre utdanningskvalitet og større fokus på forsking i vår region. Samarbeidet har også potensiale for store administrative gevinstar. Vi viser til eiga årsmelding frå UH-nett Vest.

## **5.5 Sak i ingeniørutdanninga**

HiSF har drive ingeniørutdanning innan automaseringsteknikk sidan 1988.

Denne studieretninga har nasjonalt og regionalt ikkje hatt spesielle utfordringar med omsyn til studentrekrytering eller arbeidsmarknad. Siste åra har det vore spesielt stor etterspurnad etter ferdige automasjons -ingeniørar både regionalt og lokalt. Det er over tid etablert mange gode samarbeid med bedrifter om prosjekt, undervising og praksis.

Vi har innført tresemesterordning som har bidrege til auka regional rekruttering, spesielt sidan HiB ikkje har denne rekrutteringsvegen. HiB har heller ikkje Y-veg, og sidan oppstarten av Y-veg i 2009 har vi hatt aukande rekruttering frå Bergen/Hordaland. Vidareføring av Y-veg og tresemesterordning er vesentleg og samordninga vi har mellom desse tilboda og med eittårig forkurs gir god ressursutnytting og styrka studiemiljø.

Hausten 2012 starta HiSF studieretninga energi, elkraft og miljø i samarbeid med og med oppstartsfinansiering frå lokale energibedrifter. Det er stort behov for ferdige ingeniørar på dette feltet på lokalt og nasjonalt.

Studieretninga har stor grad av samordning med automatiseringsteknikk, og gir dermed god ressursutnytting. Studiet passar også godt saman med HiSF sitt andre meir samfunnsfagleg retta forskingsmiljø og studium i fornybar energi.

Det er tett samarbeid med bransjen når det gjeld rekruttering av studentar og når det gjeld styrking av studiet m.a. med gjesteførelesingar, studentprosjekt, praksis og sommarjobbar. Bedriftene er også positive til samarbeid om delte stillingar for å styrka rekruttering av fagpersonale og å gi eit større og betre fagmiljø.

Samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane er også vesentleg m.o.t. fagmiljø og ressursbruk. Det er inngått avtale med fagskulen om sambruk av laboratorieutstyr og det vert arbeidd i lag med energi- bransjen for ei stor oppgradering av dette utstyret knytt til elkraft slik at HiSF ikkje skal trenga eigne investeringar for dette.

Høgskulen i Ålesund har teke initiativ til samarbeid med HiSF i samband med deira vedtak om å starta opp elkraftutdanning. Dei planlegg ei anna profilering enn HiSF og vi har skrive intensjonsavtale med dei om samarbeid om like emne. Vi har også avtalt arbeidsdeling på ulike emne ved å tilby kvarandre valemne med fleksible løysingar.

Hausten 2013 etablerte HiB ingeniør subsea utdanning i Florø. HiSF samarbeider med HiB om dette og har levert og leverer matematikk- og elektroundervisning til dette studiet.

HiSF er med ein prosess for å utgreia mulighetene for byggingeniør, initiert og av næringsliv og politikarar. Vi meiner at omfattande samarbeid med andre høgskular og fagskulen vil vere ein føresetnad for å realisere studiet. Vi har fått positiv tilbakemelding frå leiingane ved Høgskulen i Bergen og Høgskulen i Ålesund på eit eventuelt samarbeid.

Teknovest og UH-nettvest er viktige i SAK-perspektiv, og styrkar kontaktflata og omfanget av samarbeid og arbeidsdeling i regionen.

## **5.6 Barnehagelærarutdanning**

HiSF starta, etter oppmoding frå KD, pilot for den nye barnehagelærarutdanninga (BLU) hausten 2012. Studentane har gitt positive tilbakemeldingar på den nye utdanninga og instituttleiar og faglærarane la ned ein stor arbeidsinnsats for å få ferdig programplanen m/emneplanar for dei nye kunnskapsområda. Arbeidet har vore grundig drøfta med representantar frå dei fire andre høgskulane i UH-Nett Vest.

Hausten 2013 var det opptak både til heiltid, deltid i Sogndal og arbeidsplassbasert deltidsutdanning i Kvam i Hardanger. Søkjartalet til BLU-utdanninga ved HiSF var om lag som i fjor, men det var noko færre som takka ja til studieplass ved HiSF.

Høgskulen har fått midlar frå NorgesnettUniversitetet til å gjennomføre eit prosjekt knytt til bruk av digital læringsplattform i deltids- og den arbeidsplassbaserte utdanninga.

Vi viser til Status for oppfølging av NOKUT-evaluering av forskulelærarutdanninga ved HiSF i vedlegget.

## 5.7 Universell tilrettelegging

Høgskulen har eit aktivt Læringsmiljøutval. Leiinga går på omgang mellom student og leiing. Hausten 2012 flytta HiSF inn i det nye Høgskulebygget i Sogndal. LMU har følgd opp saker i samband med innflyttinga og den første tida i det nye bygget. LMU har arbeidd med ulike problemstillingar knytt til målet om ein røykfri høgskule.

Våren 2013 vart “Tett på”-konferansen arrangert på Skei. “Tett på” er eit samarbeid mellom Studentparlamentet og høgskulen. Tema for konferansen var «Utvikling av høgskulen sitt læringsmiljø». Konferansen la grunnlag for utarbeiding av ein handlingsplan for LMU. Handlingsplanen var ferdig ved inngangen av 2014.

Det nye Høgskulebygget i Sogndal har universell utforming etter dagens standard. Foss-bygget og Stadionbygget tilfredsstiller begge pr. januar 2014 krav til universell utforming. Guridalsbygget, Guristova og Svingen er i stor grad utbeta for universell utforming. Pga usikkerheit om vidare bruk av desse bygga, vert det ikkje sett i verk store utbetringar der. Tilrettelegging vert ordna ved behov.

Statsbygg og HiSF/Drift har stort fokus på universell utforming og HiSF har eit godt system for å legge til rette for studentar som har behov for særskild tilrettelegging i studiesituasjonen og ved eksamen. Høgskulen sin handlingsplan for studentar med funksjonshemminger er revidert for perioden 2014-16. Høgskulen samarbeider med Studentsamskipnaden v/studentrådgjevar vedrørande studentar som treng spesiell tilrettelegging.

## 5.8 Kapittel 281

Det vart løyvd 155 000 til utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar og barnehagelærarar til Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Volda i 2013. Studiet er etablert og omfattar 30 studiepoeng i rettleiing på individ, gruppe og systemnivå i barnehage, skule og vidaregåande opplæring.

Studieåret 13/14 har HVO ca. 90 studentar på studiet og HiSF ca 75. Dette er både forskulelærarar, allmennlærarar og lærarar i vidaregåande opplæring. På grunn av mange søkerar til studiet har det vore gjennomført to parallelle emne i modul 1 ved HVO. Modul 2 har ikkje vore gjennomført dette året, men vi har planar om oppstart av Modul 2 i Volda frå hausten 2014 og i Sogndal frå januar 2015.

## 5.9 Likestilling

Handlingplan for likeverd og likestilling for HiSF vart vedteken i styret i desember 2013. I arbeidet med handlingsplanen er det lagt til grunn eit utvida likestillingsomgrep, som inneber like mulegheiter for alle uavhengig av kjønn, alder, funksjonsnedsetting, etnisitet, språk, religion og seksuell orientering.

Med bakgrunn i status ved HiSF og krav frå kunnskapsdepartementet har vi i handlingplanen valt å vektlegge mål og tiltak retta mot tiltak for å utjamne kjønnsbalansen i høgare akademiske stillingar. Vidare er det i mål og tiltaka lagt vekt på haldnings- og bevisstgjeringsarbeid.

Handlingsplanen er bygd opp rundt sektormåla som Kunnskapsdepartementet har utarbeidd, og som er dei områda HiSF rapporterer på. Handlingsplanen har mål og tiltak på følgjande område 1) Utdanning, 2) Forsking og utviklingsarbeid, 3) Samhandling med samfunn og næringsliv, og 4) HiSF som organisasjon.

Blant tiltaka som er fremja i planen vil vi trekke fram etablering av leite- og finne komitear ved utlysing av kvalifiseringsstipend til førstekompetanse og professor, og ved utlysing av faste høgare akademiske stillingar. Eit anna tiltak er oppretting av utval for likeverd og likestilling, som har i oppgåve å følgje opp, overvake og vere pådrivar i arbeidet med likever og likestilling.

Arbeidet med handlingsplan for likestilling har medført auka merksemd på likestillingsarbeidet. I mai hadde vi besøk av Kif (kjønnsbalanse i forskning) -komiteen, som gav oss god tilbakemelding på likestillingsrapporteringa vår og innhaldet i handlingsplanen. Vidare har vi hatt likestilling og likeverd som tema i på opplæringsdag for leiarar og tillitsvalde.

Høgskulen utfordringar knytt til kjønnsbalanse i stillingskategoriar både blant undervisnings- og forskarstillingar og administrativt tilsette, men spesielt innanfor dei akademiske toppstillingane. Utviklinga viser positive trendar på fleire område, men det tek lang tid og det vert derfor vurdert som nødvendig å tydeleggjere fleire tiltak for å nå måla på desse områda. Vi ser for oss at endring i kjønnsbalansen kan gjerast på to måtar, gjennom *kvalifisering* og *rekruttering*. Kvalifiseringstiltak er tettare medarbeidaroppfølging, individuelle kvalifiseringsplanar, kvalifiseringsstipend, mentorordning og likestillingstiltak som t.d. søknadsskriving. Rekrutteringstiltak er først og fremst tenkt gjennom leite- og finnekomitear. I tillegg skal involverte i rekrutteringsarbeidet vere bevisst og støtte opp under likestillingsarbeidet.

HiSF har nytta Universitet og høgskulerådet (UHR) sin mal for rapportering på likestilling. Rapporteringa er lagt ved som eige vedlegg; « Høgskulen i Sogn og Fjordane - oppfølging av aktivitets- og redgjørelsесplikten etter likestillingsloven - 2013», jmf vedlegg.

## **5.10 Større investeringsprosjekt**

HiSF er i gang med tredje byggjesteg i Sogndal som er overtaking av Gymnasbygget. Vi er i forhandlingar med Sogn og Fjordane fylkeskommune om ein avtale. Bygget som skal nyttast til undervisningsrom og kontor. Det er venta at innflytting kan skje i august 2018.

Inkludert ombygging er dette prosjektet kostnadsrekna til ein stad mellom 106 og 141 mill kr. Ombygginga er kalkulert med ei uvisse på 25 %. KD har gitt ei løyving på 3 mill over Statsbudsjettet til dette formålet. Samstundes med overtaking av nye lokale vil gammal byggmasse bli fråflytta, og husleigemidlar frigjorde.

## **5.11 Forvaltning av aksjefullmakt**

HiSF har ikkje eigarskap i aksjeselskap.

## **5.12 Samfunnssikkerheit og beredskap**

Høgskulen i Sogn og Fjordane har utarbeidd ein krise og beredskapsplan som omfattar hendingar som ulykker og uventa dødsfall blant tilsette og studentar. I 2013 har vi gjort ei førebels vurdering av risikobildet ved HiSF og har konkludert med at det er viktig å få på plass felles retningslinjer for feltarbeid og ekskursjonar. Dette har det vore arbeidd med i 2013.

Vi har førebuett arbeidet med ein større gjennomgang av risikobildet for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Vi vil kjøpe eksterne tenester til ein del av arbeidet, og vi har starta arbeidet med ein kravspesifikasjon. Då vår økonomidirektør slutta i oktober 2013, måtte vi omprioritere ressursane noko, og utsette arbeidet til 2014. Det er løyvd eit administrativt årsverk for å auke kapasiteten i 2014.



## Planar for 2014

---



For å sikre ein best muleg oppfylling av Kunnskapsdepartementet sine krav i tildelingsbrevet om integrert risikostyring, er modell og prosess som nemnd nedanfor nytta som ramme for planarbeidet i 2013. Denne er nært knytta opp til HiSF sin strategiplan og eigne verksemds mål.

#### **Frå HiSF sin strategiplan 2010-2014:**

##### ***Visjon:***

*Vi utforskar og utviklar  
HSF – ein stad å lukkast*

##### ***Verdigrunnlag:***

*Kompetent Aktiv Nær*

##### ***Overordna mål:***

*Vi skal ha landets mest fornøgde studentar og vere ein høgskule med  
høg vitskapleg publisering*

### **HiSF sitt arbeid med risikostyring**


I høgskulen sitt arbeid med risikostyring har vi teke utgangspunkt i det overordna risikobilete (sjå modell nedanfor). Gjennom dette synleggjer vi både vårt arbeid med risiko og risikostyring, samt nåverande risikobilete.

Styret i HiSF handsama på styremøte den 6. mars 2008 ei eiga sak om risikostyring. I denne saka vart det peikt ut 5 område som skulle prioriterast med omsyn til risikostyring. Desse er:

1. Rekruttering av studentar
  - God studiekvalitet
  - Godt studiemiljø
2. Rekruttering av medarbeidarar – rekruttere og utvikle fagleg tilsette
3. Kompetanse og FoU - fokus på kvalitet
4. Ekstern samhandling
5. Økonomisk robust organisasjon


Dette synleggjer eit bilete av HiSF sine overordna utfordringar og kva som blir vurdert som risikoområde i forhold til HiSF sine hovudmålsettingar i strategiplanen 2010-2014. Modellen nedanfor viser også kva for dimensjonar vi ser for å være mest kritiske i forhold til vårt ansvar for å svare på samfunnsoppdraget.

## Overordna risikovurdering ved HiSF




Figur 3: Overordna risikovurdering ved HiSF

SSØs modellar for risikostyring nyttast som grunnlag i vårt arbeid. Figur 4 og 5 skildrar modellens innhald og logikk.



Figur 4: Handtering av risiko i mål- og resultatstyringa



Figur 5: Risikomodell

I risikomodellen inngår følgjande:

**Overordna ambisjon:** å integrere risikostyring for å identifisere, vurdere, handtere og fylge opp risikoar for kunne redusere risiko ved å iverksette tiltak. Risikoreduserande tiltak skal resultere i at identifiserte risikoområde kjem innanfor høgskulen sitt aksepterte nivå for risiko (toleranse).

**Definisjonen av risiko:** At forhold eller hendingar inntreff og påverkar oppnåinga av målsettingar negativt.

**Vurdering av risiko:** Risiko skal vurderast i høve til sannsynlegheita for at han inntreff, og den forventa konsekvensen han vil medføre for måloppnåinga i verksemda dersom den inntreff.

**Riskoreduserande tiltak:** Risikoar som kan påverke måloppnåinga negativt, og som ligg utanfor høgskolen sin risikotoleranse skal fylgeast opp ved å iverksette risikoreduserande tiltak (frå A til B i figur 5).

**Integritt risikostyring:** Arbeidet med risikostyring vert sett på som som ein prosess som inngår som ein naturlig del av høgskulen sitt arbeid med mål- og resultatstyring.

## HiSFs referansemodell for fastlegging av risiko


Med vesentleg risiko definerer høgskulen innanfor den valde modellen dei risikoar som har ein sum på 12 eller høgare (raudt felt). Denne faktoren kjem fram når risikoen sin vurderte konsekvens vert multiplisert med kor sannsynleg det er at han inntreff. Det må takast omsyn til dei etablerte tiltak i vurderinga. Resultatet av vurderinga gir eit bilet av sannsynlegheita for at det aktuelle målet ikkje vert nådd, og kor alvorleg dette avviket frå målet kan bli dersom ikkje ytterlegare tiltak vert sett i verk. I modellen går det fram i form av dei rauda feltene.

Vurdert risiko av denne typen vert vurdert av høgskulen å ligge utanfor risikotoleransen og skal fyljast opp med risikoreduserande tiltak. Planlagde risikovurderte tiltak kjem ikkje fram berre på område der risikoen vert vurdert som vesentleg, men vi har også vald å foreslå å iverksette tiltak på risikoområde med lågare risikoindikator (moderat). På område som står fram med vesentleg risiko (raudt nivå) skal det alltid fyljast opp med risikoreduserande tiltak.

## Risikovurdering i HiSF – prosessen

Vi har tatt utgangspunkt i vår eigen overordna skisse for risiko (figur 3). Med bakgrunn i denne har vi teke for oss sektormål 1-4, og knytte desse opp mot HiSF sine hovudmål for kvart sektorområde.

I arbeidet med å kartlegge kva for nokre faktorar som har vesentleg risiko har vi lagt følgjande modell til grunn i vårt arbeid:



Figur 6: Konsekvens og sannsynlighet

I denne figuren går det eit skilje mellom risikofaktorar og det som vi definerer som høg risiko, moderat eller låg risiko. Høg risiko skal alltid fyljast opp med risikoreduserande tiltak. Moderat risiko vert vurdert ut i frå organisasjonen si risikotoleranse og kjennskap til tidligare risikovurderingar, utvikling og tiltaksgjennomføring. Det er ikkje nødvendig å sette i verk tiltak på risikoområdar med låg risiko, men dette må vurderast ut frå type område og samanheng mellom risikoområdar.

## **Innvolverte i prosessen**

I tildelingsbrevet går det fram at risikostyring skal vere integrert i mål- og resultatstyringa.

Styret har ansvar for at det blir etablert eit system for risikostyring som omhandlar:

- Vurdering av akseptabel risiko
- Risikoelement som det skal takast omsyn til etter at akseptabel risiko er vurdert
- Vurdering av risikostørleik for kvart risikoelement
- Tiltak for å redusere risiko
- Vurdering av restrisiko etter at tiltaket er satt i verk

Arbeidet med å utvikla risikostyringa i HiSF har vore forankra i leiargruppa.

# Sektormål 1

## **Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet**

Årsplanen for 2014 bygger på høgskulen sin reviderte strategiplan (oktober 12) for perioden 2010-2014, sektormål og nasjonale styringsparameter fastsett av departementet og hovudutfordringar frå Rapport om utdanningskvalitet 2012-2013 for HiSF.

På utdanningssida har HiSF sin strategiplan som overordna mål at høgskulen skal ha landets mest fornøgde studentar. Årsplanen omfattar prioriterte tiltak for 2014 og kva konkrete resultatmål høgskulen skal nå dette året.

I år har vi lagt inn fleire kvantitative styringsparameter på grunnlag av den landsomfattande NOKUT-undersøkinga studiebarometeret.no. Undersøkinga hadde god svarprosent ved vår høgskule (58%) og vi vurderer undersøkinga som seriøs og resultata som pålitelege.

### **1.1 Verksemldsmål**

**Høgskulen skal rekruttere mange kompetente og motiverte studentar til alle utdanningar. Høgskulen skal ha særleg fokus på regional rekruttering til profesjonsutdanningane og nasjonal rekruttering til utdanningar innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø.**

#### **1.1.1 Styringsparametrar**

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå	Gj.snitt statlege høgskular 2013
	2010	2011	2012	2013	2014		
Primærsøkjalar gjennom Samordna Opptak	985	1167	1285	1576	1576	-	
Primærsøkjalar per utlyst studieplass i SO-opptaket	1,39	1,44	1,66	1,79	1,88	2,06	
Gjennomsnittskarakter nye frammøtte studentar via SO	3,86	3,81	3,89	3,90	3,93	4,03	
Nye studentar rekruttert gjennom SO	783	846	853	942	850	-	
Nye studentar rekruttert utanom SO	900	728	711	637	650	-	
%-del av nye studentar frå SFj som byrja ved HiSF (SO)	26,7	27,2	23,7	24,5	25	-	
%-del nye studentar ved HiSF som er frå andre fylke enn SFj (SO)	55,9	59,6	67,1	67,0	65	-	
Forventning om god studiekvalitet som viktig grunn til å velja studieprogram. Score på studiebarometeret.no*				4,1	4,2	4,1	
Høgskulen sitt omdøme som viktig grunn for å velja studieprogram. Score på studiebarometeret.no*				3,6	3,7	3,6	

\* Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2014.

### **1.1.2 Risikovurdering**

Høgskulen i Sogn og Fjordane er blant institusjonane i landet som har hatt størst auke i studentrekrutteringa siste åra, og vi arbeider systematisk for å halde fram denne utviklinga. Vi trur at studentar som det blir stilt krav til og får god oppfølging, som lukkast i utdanninga og som trivst i studentmiljøet er dei viktigaste føresetnadane for å nå dette målet. I tillegg er god marknadsføring og systematisk omdømmebygging viktig. Resultata frå NOKUT-undersøkinga studiebarometeret.no tyder på at HiSF i stor grad lukkast i dette arbeidet.

Med utgangspunkt i den sterke veksten i søkeratala siste åra og rytmen med opptak annakvart år til samlingsbaserte studieprogram, er det eit realistisk mål å stabilisere talet på primærskjurar i 2014. Det er knytt risiko til den demografiske utviklinga i heimefylket. Tal 19-åringar er på veg nedover i Sogn og Fjordane og dette er ei utvikling som vil halde fram dei nærmeste åra. Høgskulen er dermed avhengig av å auke marknadsdelen i Sogn og Fjordane samstundes som talet på søkerarar frå andre fylke må holdast minst på same nivå som no. Resultatmåla er på dette grunnlaget på same nivå som i 2013.

Gjennomsnittskarakter (utan tilleggsspoeng) hjå nye framkomne studentar hadde ei god utvikling i 2013, men høgskulen ligg med karaktersnitt på 3,90 framleis litt under gjennomsnittet for høgskulane (4,03) og for sektoren (4,24). Med målsetjing om litt fleire søkerarar per studieplass, er det også naturleg å ha som målsetjing at gjennomsnittskarakter hjå nye studentar skal bli høgre enn i 2013.

Rekrutteringa til grunnskulelærarutdanninga 1-7 heiltid er ei særskild utfordring. Konsekvensane av sviktande studentrekruttering vil vera svært alvorlege for høgskulen og for kompetansen i skulane i vår region.

### **1.1.3 Tiltak**

1. Auka vekt på nasjonal og nordisk rekruttering til alle utdanningane, med særleg fokus på idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø.
2. Auka vekt på regional rekruttering særleg til profesjonsutdanningar og deltids- og vidareutdanningar.
3. Grunnskulelærarutdanninga skal ha særskild merksemd i rekrutteringsarbeidet, mellom anna med regionalt samarbeid om samlingsbaserte GLU-tilbod.
4. Arbeide for betre kjønnsbalanse i fleire av utdanningane.
5. Vidareutvikle marknadsføringa av utdanningane gjennom bruk av studentambassadørar og digitale kommunikasjonskanalar.
6. Utvikle høgskulen sine vefsider. Nye vefsider skal vere på plass sommaren 2014.
7. Bygge høgskulen sitt omdømme med tydeleg profil, relevante utdanningar med god kvalitet, nært samarbeid med praksisfelt og nøgde studentar.

## 1.2 Verksemadmål

**Høgskulen skal tilby forskingsbaserte utdanningar med relevans for samfunns- og næringsliv. Høgskulen skal ha eit breitt tilbod av praksisnære bachelorutdanningar og tilbod om mastergrad og vidareutdanningar på dei sentrale utdanningsområda**

### 1.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå	Gjennomsnitt statlege høgskular 2013
	2010	2011	2012	2013	2014		
Andel bachelorstudentar (%)	57	62	64	70	71	71	
Andel masterstudentar (%)	4	5	7	7	8	9	
Andel kvinnlege studentar (%)	69	69	69	68	67	64	
Bachelorgradar	19	20	20	21	21	-	
Akkrediterte mastergradar	2	2	4	4	4	-	
Mastergradar med ekstern akkreditering	2	3	2	2	2	-	
Studium i samarbeid med UH-nett-Vest institusjonar	-	2	4	3	4	-	
Del av kandidatane i jobb som oppgir at jobben er relevant i høve utdanninga*	87%	91%	88%	86%	92%	-	
Score på studiebarometeret.no på spørsmål om eige studieprogram gir kunnskap og ferdigheter som er viktige i arbeidslivet**				4,4	4,5	4,2	
Score på studiebarometeret.no på spørsmål om studiet har god praksisdisopplæring				4,0	4,1	3,5	
Score på studiebarometeret.no på samla vurdering av eige læringsutbytte i studiet				3,7	3,8	3,7	

\* Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

\*\* Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2014.

### 1.2.2 Risikovurdering

HiSF har per i dag etterspurd studietilbod med god kvalitet og kompetanse. Høgskulen blir utfordra av regionalt arbeids- og næringsliv om å starte opp tilbod på nye fagområde og det ligg risiko i å spreie ressursane for tynt ut. Robuste fagmiljø med god nok kompetanse er avgjerande.

Forskningsbasert undervisning og praksisnære utdanningar med relevans for arbeidslivet er avgjerande for å lukkast med studietilbodet. Høgskulen får gode tilbakemeldingar på relevans

og praksis i mange av utdanningane. Det er risiko knytt til utdanningar som ikkje har god nok kontakt med arbeidslivet.

Forventningar om fleksibel tilgang til utdanningstilbod og bruk av moderne undervisningsmetodar er aukande. Det er risiko knytt til at høgskulen ikkje greier å følgje med i denne utviklinga.

HiSF skal ha tyngda av studietilbod og studentar på bachelornivå, men tilbod om mastergrad på dei sentrale utdanningsområda vert vurdert som viktig for at høgskulen skal fylle den regionale samfunnsrolla. Slik utdanningsmønsteret teiknar seg, vert konsekvensane av ikkje å nå dette målet vurdert som alvorleg. I 2014 vil HiSF vurdere vidare utvikling av mastergradstilbod, mellom anna ein breiare naturfagleg mastergrad og mogeleg tilbod innan økonomisk/administrative fag.

I 2014 vil samarbeidet i UH-nett Vest bli vidareført. For HiSF er forpliktande samarbeid og arbeidsdeling om utdanningstilboda i regionen viktig.

### **1.2.3 Tiltak**

1. Vidareføre og styrke samarbeidet med yrkesfeltet innan helse-, sosial-, skule- og barnehagesektoren med sikte på relevante og praksisnære profesjonsutdanningar. Møte regionale behov for etter- og vidareutdanning.
2. Vidareutvikle næringsretta og praksisnære bachelorutdanningar, særleg innan økonomi og teknologi. Arbeide for å utvikle læringsutbytte i utdanningane i takt med behova i samfunnet. Nyte RSA i denne samanhengen. Vurdere praksis i fleire utdanningar, mellom anna reiseliv.
3. Vidareutvikle den faglege profilen med nasjonalt og internasjonalt attraktive studietilbod innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø.
4. Arbeide for vidareføring av UH-nett Vest og bidra konstruktivt til regional arbeidsdeling og samarbeid.
5. Arbeide for å få realisert robuste masterprogram på dei sentrale utdanningsområda.
6. Etablere fleire fleksible/nettbaserte utdanningstilbod med sikte på å nå nye grupper av utdanningssøkjande.
7. Etablere samarbeids- og utviklingsforum for programansvarlege både på bachelor- og masternivå.
8. Synleggjere forsking og forskingsresultat i undervisninga og engasjere studentane i dei tilsette sine fou-arbeid.
9. Utnytte den faglege breidda i høgskulen med å gi tverrfaglege undervisningstilbod.

### **1.3 Verksemdsmål**

**Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane. Vi skal vere blant høgskulane med best gjennomstrøyming og høgast poengproduksjon per heiltidsekvivalent**

### 1.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjons-nivå	Gj.snitt statlege høgskular 2013
	2010	2011	2012	2013		
Totalt studenttal per 1.10	3630	3658	3831	3678	3700	-
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10	2439	2624	2797	2854	2900	-
Studiepoeng per heiltidsekvivalent	49,9	50,6	50,8	52,4	52,0	-
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	2030,0	2212,8	2368,0	2493,6	2513	-
Kandidatproduksjon	440	460	527	637	600	-
Gjennomføring iht avtalt utdanningsplan (%)	90,2	91,5	88,7	91,4	92	88,1
Gjennomstrøyming på normert tid for 3-årig bachelor (%)	-	62,2	57,4	61,5	62	51,8
Kandidatmål sjukepleie					110	
Kandidatmål vernepleie					21	
Kandidatmål BLU					35	
Kandidatmål GLU 1-7					20	
Kandidatmål GLU 5-10					20	
Kandidatmål PPU					48	
Kandidatmål AOI					11*	

\* Frå 2015

### 1.3.2 Risikovurdering

Motiverte studentar som lukkast i utdanningane er avgjerande for høgskulen både økonomisk og med tanke på omdøme.

Høgskulen sine resultat siste åra på kandidatproduksjon, studiepoengproduksjon og gjennomføring er gode og blant dei aller beste i landet uansett institusjonstype. Dei komande åra vil det vera utfordrande å halde dette høge nivået og endå meir utvikle det vidare.

Studenttalet ved høgskulen har auka vesentleg siste åra, og utfordringa no er å sikre tett og god oppfølging slik at dei lukkast i utdanninga. Ei rekke faktorar påverkar dette, som inntakskvalitet, pedagogisk og fagleg kvalitet, tilstrekkelege lærarressursar, eit stimulerande læringsmiljø, gode støttetenester, infrastruktur og trivsel. Det er risiko knytt til det å lukkast i utdanningane, og høgskulen må arbeide på eit breitt område.

### 1.3.3 Tiltak

1. Nytte høgskulen sitt kvalitetssystem i arbeidet med utvikling av alle studium.
2. Gi tett oppfølging til studentane, mellom anna med gjennomføring av utdanningssamtale.
3. Vidareutvikle eit stimulerande læringsmiljø.
4. Utvikle studentaktive læringsformer.
5. Ha fokus på kvalitet i sensurarbeid og karaktersetjing.
6. Etablere forum for programansvarlege.
7. Vidareutvikle kvaliteten på støttetenestene, mellom anna tilbodet om karriererettleiing.

## 1.4 Verksemdsmål

**Høg utdanningskvalitet, tett oppfølging og eit stimulerande og trygt læringsmiljø skal vere varemerke for HiSF**

### 1.4.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling					Ambisjons-nivå	Gj.snitt statlege høgskular 2013
	2010	2011	2012	2013	2014		
Studentar per faglege årsverk	19,8	18,7	19,7	17,7	17,5	17,7	
Andel førstestillingar (%)	35	36	36,4	38,4	40	45,8	
%-del kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF*	86	89	87	88	90	-	
%-del kandidatar som svarar at dei treivst særslig godt eller godt i studietida*	88	85	85	90	90	-	
%-del kandidatar som meiner at arbeidstilhøve ved HiSF var gode eller svært gode*	75	67	71	67	80	-	
%-del kandidatar som vurderer dei administrative tenestene som gode eller svært gode*	67	73	74	67	75	-	
Score på studiebarometeret.no når det gjeld kor nøgd studentane, alt i alt, er med eige studieprogram. **				4,3	4,4	4,1	
Score på studiebarometeret.no når det gjeld om studentane vil tilrå eige studieprogram til andre**				4,4	4,5	4,1	
Score på studiebarometeret.no på spørsmål om HiSF legg godt til rette for utveksling til utlandet**				3,0	3,5	3,2	
Studentmobilitet	79	111	82	75	110		
Score på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med bibliotek og bibliotektenester				4,4	4,5	4,1	
Score på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med ikt-tenestene				4,1	4,2	3,8	

\* Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er uteksaminerte kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

\*\* Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2014. Respondentane er i tredje semester av bachelor- eller masterstudium.

### **1.4.2 Risikovurdering**

Høg studiekvalitet og positive tilbakemeldingar frå noverande studentar er avgjerande for rekruttering og omdøme. Redusert studiekvalitet vil og verke inn på læringsutbyttet for dei ferdige kandidatane.

God tilgang til datatenester og digital undervisning er viktig for å møte studentane sine forventningar og for å gi dei eit godt grunnlag for arbeidslivet. Det ligg risiko i at høgskulen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å møta desse krava.

Eit godt samla læringsmiljø er ein viktig del av tilbodet til studentane. Dette krev merksemd på eit breitt felt og det føreset nært og godt samarbeid med mellom anna studentorganisasjonane, studentsamskipnaden og vertskommunane. Ein vanskelegare bustadsituasjon siste åra har vorte ei utfordring. Dårlegare oppleving av det samla læringsmiljøet vil vere alvorleg for høgskulen sitt omdøme.

HiSF hadde høgast svarprosent (58) av alle statlege utdanningsinstitusjonar i NOKUTundersøkinga «studiebarometeret», som vart gjennomført for første gong hausten 2013. HiSF fekk svært gode tilbakemeldingar i undersøkinga med jamt over klårt betre resultat enn landsgjennomsnittet. Ein del av utdanningane oppnår score som er i det absolute toppskiktet i landet. Det einaste kvalitetsområdet der høgskulen fekk svakare tilbakemeldingar galdt tilrettelegging for internasjonalisering. Høgskulen etablerer i år nye kvantitative styringsparameter på grunnlag av resultata frå studiebarometer.no og vil mellom anna ha særskilt fokus på tilrettelegging for internasjonal utveksling.

Tal utvekslingsstudentar var lægre enn venta i 2013 og det blir lagt opp til noko høgre resultatmål i 2014. Internasjonalt samarbeid kviler på få tilsette. Betre leiarforankring og nettverksbygging kan minske risikoen på feltet.

### **1.4.3 Tiltak**

1. Verdsetje og stimulere «den gode læraren» med krav om pedagogisk utdanning, tilbod om opplæring og tilstrekkelege ressursar til god undervisning.
2. Utvikle høg utdanningskvalitet med hjelpe av tydeleg utdanningsleiing og profesjonelle støttetenester.
3. Gi tett oppfølging av den einskilde studenten med tydlege krav, gode og hyppige tilbakemeldingar og utdanningssamtalar
4. Utvikle gode og brukarvenlege studenttenester, mellom anna med utvida tilbod om studie- og karriererettleiing.
5. Vidareutvikle bruk av e-læring og digitale verktøy i undervisning og læringsarbeid, og møte studentane sine forventningar til ein moderne høgskule med høg kvalitet.
6. Styrke internasjonaliseringa av utdanningane med betre tilrettelegging for student- og lærarutveksling. Alle bachelor- og masterprogram skal ha tilbod om utvekslingssemester i programmet.
7. Høgskulen skal ha internasjonale koordinatorar både på institusjons- og avdelingsnivå.
8. Auke medvitet om etikk og normer i akademia, mellom anna med opplæring i kritisk kjeldebruk og kunnskap om plagiering.
9. Vidareutvikle det tette samarbeidet med studentorgana med kontaktutval, «Tett på-konferanse» og andre samarrangement, og med sikte på å ha landets beste læringsmiljø.

10. Utvikle samarbeidet med studentsamskipnaden og vertskommunane om gode bu- og levevilkår for studentane.
11. Nyte resultata frå studiebarometeret.no og eigne kandidatundersøkingar som kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av utdanningskvaliteten.

## Risikovurdering av sektormål 1 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
1	Risiko for å mislukkast med rekruttering av studentar.	2	5	10	<p>Færre studentar gir reduserte inntekter og dårligare inntakskvalitet.</p> <p>HiSF kan leve med ein rekrutteringssvikt på inntil 10% utan at konsekvensane blir svært alvorlege.</p> <p>Grunnskulelærar-utdanninga representerer ei særskild utfordring med omsyn til rekruttering.</p> <p>Risiko for manglande rekruttering til dei nye masterutdanningane.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avlyse studium med dårlig rekruttering, samordne undervisning.</li> <li>Vurdere marknadsføringstiltak til ledige studieplassar og utdanninger på den nasjonal marknaden og vidareutdanningar.</li> <li>Ha fokus på GLU og regionalt samarbeid.</li> <li>Utvikle studium som kan tilbydast med seinare oppstart til andre søkergrupper t.d. fleire samlingsbaserte studium.</li> </ul>
2	Risiko for at studietilbodet ikkje er tilstrekkeleg relevant for samfunns- og næringsliv.	1	5	5	<p>Høgskulen kan bli oppfatta som lite relevant for nærings- og arbeidsliv.</p> <p>Risiko for å auka arbeidsløyse blant HiSF-kandidata.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide i nært samarbeid med relevant nærings- og arbeidsliv.</li> <li>Tilby fleire nettbaserte/fleksible utdanningstilbod.</li> <li>Vurdere innføring av praksis i fleire utdanninger.</li> <li>Revidere studieplanar for å styrke relevans og innhald i utdanningerne opp mot behov.</li> <li>Gjennomføre kandidatundersøkingar og utvikle kontakten med nærings- og arbeidsliv.</li> </ul>
3	Risiko for at studentane ikkje lukkast i utdanningane.	2	5	10	<p>Risiko for dårligare gjennomstrøyming</p> <p>Svakare studiepoengproduksjon og dårligare gjennomstrøyming.</p> <p>Når ikkje kandidatmåltala</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gi studentane ein god studiestart med tydelege rukav og god struktur på studieprogramma.</li> <li>Ha fokus på gjennomstrøyming.</li> <li>Samle og systematisere informasjon om kvifor studentar avbryt utdanninga</li> <li>Tilpassa aktivitet på grunn av reduserte inntekter.</li> </ul>

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
4	Risiko for svekka studiekvalitet, læringsmiljø og mindre oppfølging av studenten.	2	5	10	<p>Brei studieportefølje og fleire studentar har gitt utfordringar med tanke på studiemiljøet og oppfølging av enkeltstudenten.</p> <p>Dersom studentane vert mindre nøgde, kan det føre til svekka omdømme.</p> <p>Høgskulen er kjent for eit godt studie- og læringsmiljø. Dette er utvikla over år gjennom tett samarbeid mellom høgskulen og studentorganisasjonane.</p> <p>Lite internasjonal utveksling gjer høgskulen mindre attraktiv</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Syte for tilstrekkeleg ressursar til undervisning.</li> <li>• Tilby pedagogisk opplæring for tilsette.</li> <li>• Gi gode og hyppige tilbakemeldingar til studentar.</li> <li>• Ha gode tilbod om studierettleiing og andre støttetenester.</li> <li>• Tilby gode bibliotek- og ikt-tjenester.</li> <li>• Lytte til studentane sine synspunkt og gi dei høve til medverknad.</li>   <li>• Motverke negativ merksemd gjennom tett samarbeid med studentorganisasjonane.</li>   <li>• Motivere fleire fagtilsette til å orientere seg internasjonalt.</li> <li>• Organisere seminar og fagleg aktivitet som kan trekke til seg internasjonale partnarar.</li> <li>• Legge til rette for student- og lærarmobilitet gjennom stipend og avtalar med attraktive institusjonar.</li> </ul>

## Sektormål 2

### **Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forsking, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet**

HiSF skal ha høg vitskapleg publisering og utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor dei yrkesfelte høgskulen utdannar til, og innanfor dei områda der HiSF har særskilte fortrinn med basis i geografisk plassering, kompetanse og regionalt samfunns- og arbeidsliv.

HiSF skal satse på dei sentrale utdanningsfelta lærarutdanning, helsefagutdanning, sosialarbeidarutdanning, idrettsutdanning, naturfagutdanning og økonomisk-administrativ utdanning. HiSF skal spesielt utvikle ny forskingsbasert kunnskap i robuste fagmiljø med høg kompetanse, og i tett samspel med regionalt samfunns- og arbeidsliv. HiSF skal særskilt bygge vidare opp strategiske forskingsprogram innan idrettsforskning; læringsforskning; natur- og miljøvitskap; samhandling, innovasjon og styring av offentleg sektor; og kunnskapsleiring i førstelinetenesta. HiSF skal også styrke samarbeidet med Helse Førde gjennom det strategiske forskingssenteret Senter for helseforskning.

HiSF skal legge spesielt vekt på å auke volumet på eksternt finansiert verksemd, på målretta kompetanseheving til førstestillingar og professor/dosent-stillingar, samt å auke talet på stipendiatsstillingar i høgskulen. HiSF skal stimulere til dette gjennom bruk av fire ulike fou-stipend for å gje særskilt aktive fagtilsette meir samanhengande konsentrert tid til fou-arbeidet på arbeidsplanen, og for å auke talet på vitskaplege publikasjonar og søknader til NFR.

#### **2.1 Verksemadmål**

##### **HiSF skal auke talet på publikasjonar til å bli ein høgskule med høg vitskapleg publisering, og skal ha høg fagleg og forskingsetisk kvalitet på fou-arbeidet**

###### **2.1.1 Styringsparametrar**

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2010	2011	2012	2013	2014		
Publikasjonspoeng	38,7	38,4	50,1	40,4 <sup>i)</sup>	55	95	
Publikasjonstal – nivå 2-andel (%)	7,9	5,0	9,6	5,5	10	11,6	
Auke i publikasjonspoeng (%)	7,9	-0,7	30,3	-19,4 <sup>ii)</sup>	36,2	9,4	
Publikasjonspoeng per UFF-stilling	0,21	0,20	0,26	0,19 <sup>iii)</sup>	0,26	0,37	
Del årsverk i førstestillingar av UFF (%)	35,2	35,5	36,4	38,4	40	45,2	
Tal årsverk i dosentstillingar	3	5,8	5	4	5	3,2	
Tal årsverk i professorstillingar	6,5	7,6	6,5	8,3	10	20	
Tal årsverk i stipendiatsstillingar	16,6	19,0	19,7	21,8	25	-	

<sup>iv)</sup> Snitt SH er snitt for statlege høgskular i 2012. Tal for 2013 i kursiv er førebelse tal.

## **2.1.2 Risikovurdering**

Høgskulen skal vere ein høgskule med høg vitskapleg publisering. HiSF har ein klar profil som ein høgskule med stort fokus på profesjonsutdanningar, og har tradisjonelt gjort mykje utviklingsarbeid som ikkje har vore poenggjevande. Målet om auka vitskapleg poenggjevande produksjon er ambisiøst, men er likevel oppnåeleg over tid med dei tiltak er sett i verk for å styrke fou-arbeidet ved HiSF. Særleg vil eit auka tilfang av doktorgradsstipendiatar gjennom eksternt finansierte forskingsprosjekt styrke både kompetansen og den vitskaplege publiseringa ved HiSF. Talet på vitskaplege publikasjonar vil bli følgt tett av høgskulen framover, og ytterlegare tiltak vil bli iverksatt dersom ein ser at den negative trenden fortset.

Det er sett i verk tiltak for særleg aktive forskrarar i form av fire ulike fou-stipend; *forskarstipend* for unge forskrarar med nyleg avlagt doktorgrad, *professorkvalifiseringsstipend*, *forskingstermin* for etablerte forskrarar og *førstelektorkvalifiseringsstipend* for høgskulelektorar. Stipenda vektlegg vitskapleg publisering, rettleiing og kompetanseheving av kollegaer, og eit auka fokus på å søke ekstern finansiering. Tiltaka vart innført i 2013, og er venta å få positiv effekt først i 2014/15.

Konsekvensane av utsatt måloppnåing er uheldige på lang sikt, men vil ikkje ha store konsekvensar for aktiviteten i høgskulen på kort sikt. Det er grunn til å følgje utviklinga av talet på publikasjonspoeng nøyne framover for å sjå at tiltak som er sette i verk får den tilsikta effekten, og for å vurdere ekstra tiltak, men det er framleis kun moderat risiko for at HiSF ikkje vil auke den vitskaplege publiseringa monaleg dei neste åra.

Det er eit mål å auke talet årsverk i førstestillingar og i seniorstillingar som professor og dosent. Høgskulen ligg etter sektoren i talet på førstestillingar, men gjennom konkrete tiltak som kvalifiseringsstipend og auka fokus på rekrutteringsstillingar i forskingsprosjekt er det mindre risiko for at dei kortsiktige måla for delen av årsverk i førstestillingar ikkje blir nådd.

Høgskulen skal ha høg forskingsetisk kvalitet på fou-arbeidet, og skal redusere risiko på dette området gjennom ein revisjon av kvalitetssikringssystemet for fou-prosjekt og sikre at retningsliner og rutinar er kjente for alle tilsette.

## **2.1.3 Tiltak**

1. HiSF skal legge stor vekt på fou-kompetanse ved tilsetting i fagstillingar
2. HiSF skal ha intern kollegarettleiing i rekrutteringsstipend og førstelektorkvalifiseringsstipend for å sikre god oppfølging
3. HiSF skal tildele målretta fou-stipend som førstelektorkvalifiseringsstipend, forskarstipend, professorkvalifiseringsstipend og forskingstermin til særskilt aktive forskrarar for å styrke fou-aktiviteten i høgskulen
4. HiSF skal særskilt styrke forskingsaktiviteten i høgskulen i robuste fagmiljø knytt til utvalde strategiske forskingsprogram
5. HiSF skal legge stor vekt på dokumentert fou-arbeid i tildeling av fou-ressursar
6. HiSF skal legge inn rekrutteringsstipend i forskingsprosjekt med ekstern finansiering
7. HiSF skal arbeide vidare med å etablere gode rutinar for kvalitetssikring av fou, og for handsaming av forskingsdata som sikrar at høgskulen følg gjeldane lovar og reglar på høgskulen sine fagområder – og helseforskingslova spesielt.
8. HiSF skal stimulere og styrke kompetansen i vitskapleg skriving for å engasjere fleire av dei fagtilsette til publisering

## 2.2 Verksemadmål

**HiSF skal særleg utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans, og involvere studentar meir i forskings- og utviklingsarbeid**

### 2.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2012
Tal publikasjonar frå studentoppgåver	-	-	-	8	5	10	-
Tal studentforfattarar	-	-	-	0	1	4	-
Tal nye lærebøker og fagbøker	3	5	3	2	7	5	-

### Kvalitativ styringsparameter: Resultatoppnåing på forsking i forhold til vår eigenart

Høgskulen skal styrke forskingsinnsatsen innan dei områda der ein er spesielt konkurransedyktig i forhold til andre institusjonar i UH-sektoren. Dette gjeld spesielt innan område der ein har etablerte mastergradssatsingar, område med høg professor- og førstekompetanse, og område der ein har særskilte fortrinn gjennom geografisk plassering eller tett kopling til regionalt samfunns- og arbeidsliv. Høgskulen skal også auke andelen tilsette som driv aktivt fou-arbeid og aktivt stimulere til kompetanseheving for tilsette for å redusere ulikhetane i kompetanseprofil mellom avdelingane.

Høgskulen har ein praksisnær profil med tett samarbeid med praksisfeltet innan forsking og utdanning. Dette gjeld både for fou-prosjekt i samband med profesjonsutdanningane, men også innan fagmiljøa på idrett- og friluftsliv og naturfag som legg vekt på praktisk kunnskap og bruk av naturen som læringsarena. Fou-aktiviteten skal særskilt legge vekt på å stimulere til gode fou-prosjekt saman med profesjonane vi utdannar for, og saman med relevant samfunn- og arbeidsliv. Høgskulen skal arbeide aktivt for at Sogn og Fjordane blir eit viktig laboratorium for forsking og kunnskapsinnsamling på nasjonale problemstillingar, og særskilt innan forskingsområda *folkehelse, læring og energi og miljø*.

### Kvalitativ styringsparameter: Samspel mellom forsking og utdanning

Høgskulen skal gje alle studentar god forskingsbasert undervisning gjennom aktiv deltaking i forskingsprosjekt, feltarbeid, datainnsamling, praksisarbeid og i studentaktiv undervisning. Fagtilsette skal formidle fagleg oppdatert pensum til studentane, og formidle eiga forsking til studentane. Eit *masterforum* som samlar programansvarlege for masterutdanningane ved høgskulen skal mellom anna sjå på korleis ein skal styrke studentar si deltaking i forsking i masterutdanningane. Høgskulen skal auke tale publikasjonar som har studentmedforfattarar, og stimulere til aktiv deltaking av studentar i forskingsprosjekta ved høgskulen. Forskinsbasert kunnskap utvikla ved høgskulen skal tas opp i undervisninga gjennom lærebøker og fagbøker, og kunne gje grunnlag for nye spesialiseringar og retningar i utdanningane ved høgskulen.

### 2.2.2 Risikovurdering

Høgskulen har eitt tett samarbeid med offentlege aktørar i regionen, og helse- og velferdsutdanningane har særleg praksisnære fou-prosjekt saman med samfunns- og arbeidsliv. Lærarutdanninga og idrettsutdanninga sitt tette samarbeid med skulesektoren i

Sogn og Fjordane er nasjonalt kjend, og har gjort det mogleg å sette i gang store forskingsprosjekt som *Lærande regionar* og *ASK – Active Smarter Kids* i fylket.

Det er liten risiko for at høgskulen ikkje skal utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal relevans, men likevel ei utfordring å få tilstrekkeleg storleik på desse prosjektet til at ein kan legge godt til rette for publisering av fou-resultata frå prosjekta. Det er og noko risiko for at høgskulen ikkje greier å formidle relevansen i desse prosjekta godt nok nasjonalt og internasjonalt, men dette arbeidet er styrka gjennom eit eige formidlingsprosjekt saman med Fylkeskommunen og Vestlandsforsking.

### **2.2.3 Tiltak**

1. HiSF skal legge stor vekt på internasjonal publisering av resultata frå fou-prosjekt for å sikre internasjonal relevans
2. HiSF skal auke storleiken på fou-prosjekt gjennom å aktivt søke fleire prosjekt gjennom NFR saman med regionale aktørar frå samfunns- og arbeidsliv
3. HiSF skal utarbeide felles retningsliner for rettigheter og plikter i samband med publisering av resultat frå studentprosjekt
4. HiSF skal evaluere korleis studentane opplever den forskingsbaserte undervisninga ved høgskulen
5. HiSF skal gjennom eit *masterforum* sjå på korleis ein kan styrke studentar si deltaking i forsking i masterutdanningane

## **2.3 Verksemldsmål**

**HiSF skal utvikle sterke fou-miljø og forskingsgrupper som får tilslag på ekstern finansiering og som har gode internasjonale relasjoner**

### **2.3.1 Styringsparametrar**

<b>Styringsparametrar</b>	<b>Resultat</b>					<b>Ambisjon</b>	<b>Snitt SH</b>
	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>		
Tal eigne NFR/RFF søknader	-	-	-	7	9	12	-
Tilslag eigne søknader NFR/RFF (%)	-	-	-	28,6	33,3	25	23
Tal samarbeidssøknader NFR/RFF	-	-	-	2	5	5	-
Tilslag samarbeidssøk. NFR/RFF (%)	-	-	-	100	16,7	25	-
Midlar frå NFR (1000 kr)	1675	3154	1567	4 838	10 004	10000	6102
NFR-tildeling per UFF-stilling (kr)	9,3	17,2	8,1	24,9	48,0	47,6	24,1
Tal eksternfinansierte stipendiatar	-	-	3,5	3,5	6,5	8	-
Del artiklar med int. samforfattarar (%)	-	-	37,7	32,3	-	35	26,2
EU-midlar (1000 kr)	7795	0	0	255	571	500	1138
EU-midl. per UFF-stilling (kr)	16	0	0	1,3	2,7	2,4	-

### **2.3.3 Risikovurdering**

Høgskulen skal bli meir aktiv mot nasjonale finansieringsordningars gjennom NFR, og søke midlar til støtte for gode fagmiljø for å finansiere forskingsaktivitet, publikasjonar, stipendiatar og forskaropphald. Dette skal vere med på å bygge opp gode relasjonar med andre nasjonale partnarar som det er naturleg å knytte til seg i slikt søkeradsarbeid. Det er knytt moderat til høg risiko til målet om tilslag prosjekt mot NFR – og særskilt sett isolert for eitt år – men gjennom å legge vekt på søkeradsskriving som eit viktig fou-resultat i høgskulen er det realistisk at høgskulen vil nå det langsigte målet om å bli betre enn gjennomsnittet i tilslagsprosent mot NFR. Konsekvensane av låg utteljing hos NFR er redusert tilgang til forskingstid og stipendiatmidlar, og at talet publikasjonspoeng kan synke. Dette vil vere svært uheldig for høgskulen på lang sikt.

HiSF har sterke fagmiljø med høg kompetanse, god vitakapleg publisering, eksterne forskingsmildar og god rekruttering (større fagleg felleskap) innan *fornybar energi, geologi- og geofare, landskapsøkologi, idrettsforskning og fysisk aktivitet, læringsforskning, innovasjon og samhandling i offentleg sektor, og forsking på livskvalitet og fedme*. Høgskulen har og satt i gong ei strategisk forskingsprogram for å utvikle eit sterkt forskingsmiljø innan *kunnskapsleiing i førstelinetenesta* som skal vidare styrke samarbeidet med praksisfeltet. HiSF har som ambisjon å styrke forskingsinnsatsen innan ingeniør- og teknologifaga og i profesjonsfaga gjennom strategiske forskingssatsingar, og knyte enno sterkare band til nærings- og arbeidsliv gjennom desse satsingane.

Det er knytt noko risiko til om høgskulen greier målet om å delta i EU-prosjekt til ei kvar tid sidan det er svært låg treffprosent for søkerader til EU. Slike prosjekt er viktig for høgskulen for å knytte internasjonale band til forskarar og institusjonar som er langt framme på høgskulen sine prioriterte fagfelt, for å styrke fagmiljøa gjennom forskarutveksling og felles publikasjonar, og for å synleggjere den internasjonale relevansen av forskinga ved HiSF.

### **2.3.4 Tiltak**

1. HiSF skal vidareutvikle ein arena for erfaringsutveksling mellom søkeradsmiljø for å heve kvaliteten på søkeradene mot NFR
2. HiSF skal legge til rette på arbeidsplanen for at aktive forskarar og forskingsmiljø kan skrive søkerader til NFR
3. HiSF skal vektlegge gode søkerader til NFR som eit viktig kriterium ved tildeling av intern fou-tid
4. HiSF skal arrangere informasjonsseminar om Horisont 2020 saman med NFR og Vestlandsforskning
5. HiSF skal styrke sterke fagmiljø gjennom strategiske forskingsprogram, og i tillegg styrke forskingssinnsatsen særskilt mot ingeniør- og teknologifag
6. HiSF skal bygge robuste fagmiljø i allianse med sterke samarbeidspartar innan næringsliv, offentleg sektor, instituttsektoren og UH-sektoren
7. HiSF skal stimulere doktorgradsstipendiatar til å reise utanlands i doktorgradsperioden

## **2.4. Verksemdsmål**

**Fou-arbeidet ved HiSF skal ta utgangspunkt i interesse og motivasjon hos fagtilsette, og arbeidet med fou skal vere inkluderande og motiverande og ha gode rammevilkår**

### **2.4.1 Styringsparametrar.**

<b>Styringsparametrar</b>	<b>Resultat</b>					<b>Ambisjon</b>	<b>Snitt SH</b>
	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2012</b>
Tal tilsette i fou-stipend	-	-	-	-	7	7	-
Tal tilsette som publiserar	35	39	45	52	66	65	-
Del UFF-stillingar som publiserer (%)	19,4	21,3	23,0	26,8	31,7	35	-

#### **Kvalitativ styringsparameter: Rettleiing som fou-resultat**

Høgskulen legg vekt på rettleiing som eit fou-resultat i tildeling av intern fou-tid. Tilsette skal stimulerast til å ta på seg rettleiingsoppgåver for kollegaer for å auke den målretta kompetansehevinga blant dei fagtilsette i høgskulen. Tilsette ved høgskulen skal og legge til rette for at kollegaer som deltek i fou-arbeid kan få vere med i alle delar av skriveprosessen etter Vancouver-retningslinene slik at dei får status som medforfattarar på arbeidet.

### **2.4.2 Risikovurdering**

Det er ein aukande del av dei tilsette i UFF-stillingar som publiserer i poenggjevande vitskaplege kanalar, og risikoen er difor moderat for å ikkje nå målet om at høgskulen skal ha ein stor del fou-aktive fagtilsette. Talet tilsette i fou-stipend er avhengig av dei økonomiske rammevilkåra og prioriteringane i høgskulen, og det er difor liten risiko for å ikkje nå dette målet dersom den positive utviklinga på studentrekruttering og fou-resultat i høgskulen fortset.

Ein aukande del av dei tilsette i høgskulen disputerer for doktorgrad eller får opprykk til førstelektorstillingar. Desse har ofte forskingsresultat klare som enno ikkje er publiserte, og det ligg eit stort potensiale i å legge til rette for at desse tilsette kan fortsette forskingsarbeidet ved å gje betre rammevilkår for fou-arbeid på arbeidsplanen.

### **2.4.3 Tiltak**

1. HiSF skal legge stor vekt på fou-kompetanse ved tilsetting i fagstillingar
2. HiSF skal legge til rette for samanhengande konsentrert fou-tid på arbeidsplanen for tilsette
3. HiSF skal vektlegge rettleiing av doktorgradsstudenter og kollegaer, og initiering av fou-prosjekt, som viktige kriterium ved tildeling av intern fou-tid
4. HiSF skal ha eit aktivt førstelektorprogram for å stimulere til fou-arbeid for tilsette utan førstekompetanse
5. HiSF skal aktivt bruke II-ar stillingar for å stimulere fou-arbeid og bygge faglege nettverk
6. HiSF skal utgreie om forskarar med nyleg avlagt doktorgrad/førstelektoropprykk kan få betre arbeidsvilkår for forsking

## Risikovurdering av sektormål 2 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	S	K	R v	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
1	Særskilt produktive tilsette sluttar.	3	3	9	Nøkkeltilsette med spisskompetanse og som driv fagmiljø med høg grad av publisering sluttar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Knytte til seg ressurspersonar i II-ar stillingar for å sikre kompetanse og utvikling av fagmiljøet</li> <li>• Gode arbeidsvilkår for tilsette</li> </ul>
2	Låg publiseringssgrad	3	3	9	Sannsyn: Det vil vere sannsynlege svingingar i talet publikasjonspoeng med bakgrunn i studentvekst, NFR-søknader, nytilsettingar og større forskingsprosjekt. Konsekvens: Midlertidige svingingar vil gje moderate utslag gjennom RBO av midlar, og tape litt av HiSF sitt renommé som eit utdanningsinstitusjon med høgt vitskapleg nivå.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Satse særskilt gjennom strategiske forskingsprogram</li> <li>• Kurs i vitskapleg skriving.</li> <li>• Auke talet på tilsette i førstelektorløp/doktorgradsløp.</li> <li>• Meir samanhengande tid til fou.</li> <li>• Auka fokus på rapportering i CRISTin.</li> <li>• Bruke antologiar meir aktivt for å dokumentere utviklingsarbeid, og trekke fleire inn i poeng-gjevande publiseringssarbeid.</li> </ul>
3	Kvaliteten av fou-arbeidet ved høgskulen	2	4	8	Fou-arbeidet ved høgskulen skal vere av høg vitskapleg kvalitet og følgje gode forskingsetiske standardar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tettare kvalitetssikring av fouverksemda i høgskulen gjennom obligatoriske interne/eksterne fagfelle-vurderingar av rapportar</li> <li>• Gjennomføre seminar for å sikre at tilsette har god kjennskap til forskingsetiske retningslinjer</li> <li>• Legge enno større vekt på fagleg og etisk rettleiding av stipendiatar ved høgskulen</li> </ul>
4	Låg tildelingsprosent ved søker til NFR.	2	3	6	Treffprosensen ved søker til NFR er om lag 23% for høgskular, og er høgare i programma enn ved søker til fri prosjektstøtte (12%).	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I hovudsak rette søker til program i forskingsrådet med høgare utteljingsprosent.</li> <li>• Meir fokus på regionale virkemiddel som RFF og VRI.</li> </ul>
5	Liten kompetanseheving blant fagtilsette.	2	3	6	Kompetanseheving skjer gjennom førstelektorkvalifisering, doktorgradsarbeid, tildeling av forskingstid, og ved tilsettingar med vekt på forskingskompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Auke talet tilsette i kompetansehevingsprogram</li> <li>• Legge enno større vekt på forskingskompetanse ved tilsetjingar, og innføre «leitekomitear» for å identifisere potensielle søkerar.</li> </ul>
6	Låg gjennomstrømming av doktorgradsstipendiatar.	2	3	6	Låg gjennomstrømming er gjerne med bakgrunn i lite publisering, og kan binde opp tilsette i vanskelege arbeidssituasjonar over tid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tettare oppfølging av progresjon og rammevilkår for doktorgradstipendiatar ved HiSF.</li> <li>• Krav om intern rettleiar.</li> <li>• Kurs/seminar for rettleiarar.</li> </ul>

# Sektormål 3

## **Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping**

HiSF skal vere ein open og engasjert institusjon som er synleg og set spor etter seg. Høgskulen skal formidle viktige forskingsresultat i media og på eigne nettsider, og bidra med faktakunnskap i samfunnsdebatten. Høgskulen skal stimulere til verdiskaping gjennom innovasjon, og vere ein viktig regional utviklingsaktør. Høgskulen skal framfor alt utvikle ny kunnskap saman med praksisfeltet som skal bidra til ei *endring av praksis* for brukarar, yrkesutøvarar og som eit viktig vedtaksgrunnlag for styresmakter.

### **3.1 Verksemndsmål**

#### **HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv**

##### **3.1.1 Styringsparametrar**

Styringsparametrar	Resultat						Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2014		
BOA utanom EU og NFR (1000 kr)	10649	13648	13252	13501	9558	15000	17756	
BOA som del driftsinntekter (%)	4,1	4,8	3,8	4,5	2,7	4,3	4,5	
Bidragsfinansiert BOA (%)	32	47,3	54,8	52,0	37,9	50	46,8	

##### **Kvalitativ styringsparameter: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.**

Høgskulen skal vere ein viktig partner for samfunns- og næringsliv gjennom å tilby relevante utdanninger, innovative fou-prosjekt med relevans for samfunnet, og faktabasert kunnskap til samfunnsdebatten. Høgskulen har eit etablert og godt samarbeid med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunar, NAV og Helse Førde, og skal oppretthalde og styrke dette samarbeidet. Høgskulen har strategisk viktig samarbeid med energibransjen som har gjeve opphav i eit eige forskingsprogram innan Fornybar energi, og ei ingeniørutdanning innan Energi, elkraft og miljø. Dette samarbeidet skal styrkast gjennom næringsretta forskingssamarbeid i søknader til NFR, og samarbeid om forskingsinfrastruktur innan Elkraft og forskingsprosjekt innan Fornybar energi. Høgskulen har etablerte prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning innanfor IKT, fornybar energi og helse, og særleg innanfor satsingsområdet reiseliv skal dette samarbeidet styrkast gjennom eit forskingsprogram på innovasjon og verdiskaping.

Høgskulen skal utvikle vidare samarbeidet med dei andre utdanningsinstitusjonane i UH-Nett Vest gjennom konkrete prosjektsamarbeid, arbeidsdeling innanfor utdanning av subseaingeniørar ved HiB sitt studium i Florø, og gjennom forskingssamarbeid spesielt innan RUS og tenester knytt til NAV. Høgskulen skal vidare styrke samarbeidet innan ingeniør- og teknologifag gjennom eit tettar utdannings- og forskingssamarbeid i TeknoVest.

Høgskulen skal satse på samfunns- og arbeidslivsrelevante etter- og vidareutdanninger på områder der høgskulen har kompetanse, og der det er eit godt rekrutteringsgrunnlag med tilstrekkeleg finansiering. Høgskulen skal også arbeide for å styrke relasjonen til dei store

utdanningsinstitusjonane som utdannar vidare innanfor høgskulen sine fagfelt og styrke samarbeide med viktige nasjonale forskingsaktørar innanfor dei prioriterte satsingsområda.

Høgskulen skal og gjennom aktiv deltaking i EU-prosjektet SECRe spele ei internasjonal rolle innanfor dette fagområdet, og vere ein tilretteleggjar for regionalt samfunns- og arbeidsliv for å kome i kontakt med den internasjonale forskingsarenaen. Høgskulen har og eit etablert forskingssamarbeid med Polen ved ingeniørutdanninga gjennom EØS-midlar tildelt via NFR og skal ytterlegare styrke dette samarbeidet gjennom utveksling av studentar, doktorgradsstipendiatar og tilsette. HiSF skal og søke slike EØS-midlar til forskingssamarbeid med andre land i 2014.

Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) skal vere ein viktig arena i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv. RSA skal brukast aktivt for å få innspel frå samfunns- og arbeidsliv om viktige kompetansebehov, strategiske satsinger og utfordringar som regionen vil utfordre høgskulen til å møte. RSA skal gje innspel for å vidareutvikle høgskulen sine utdanning- og forskingsfelt, og skal vere ein viktig høyningsinstans for framlegget til ny strategiplan ved høgskulen som er under utarbeiding. Arbeidet med å styrke ingeniør- og teknologiutdanningane ved HiSF gjennom eitt nytt ingeniørstudium i Bygg og anlegg er forankra i RSA, og har ei arbeidsgruppe satt saman av medlemmer av dette rådet.

Høgskulen har ei viktig regional rolle med eit veldig godt samarbeid med regionale offentlege aktørar, og skal vidareutvikle denne rolla – spesielt gjennom NFR si satsing på Innovasjon i offentleg sektor.

### **Kvalitativ styringsparameter: Fleksibel utdanning.**

Høgskulen skal tilby fleksibel utdanning til regionen gjennom etter- og vidareutdanningar, spesielt innan helsefag og lærarutdanninga. Høgskulen skal og tilby desentralisert undervisning gjennom samlingar og nettbaserte forelesingar, særskilt innan lærarutdanninga. Volumet av etter- og vidare- og desentraliserte utdanningar ved høgskulen vil vere om lag som før. Høgskulen skal og organisere fleksible og tilrettelagte studietilbod til bedrifter, kommunar og andre aktørar gjennom oppdragseininga HiSF Oppdrag. Bruken av nettbaserte undervisningsmetodar skal auke i 2013.

#### **3.1.3 Risikovurdering**

HiSF skal auke omfanget av eksternt finansiert verksemd ved høgskulen. Eksternt finansiert verksemd som oppdrag for offentleg sektor og næringsliv er viktig for å styrke både utdannings- og forskingsaktiviteten ved høgskulen, og for å sikre at høgskulen er regionalt relevant innan sine fagområder. Dette er eit ambisiøst mål med moderat risiko. Med bakgrunn i utdanningsprofilen med få næringsretta studium er det ei likevel ei utfordring å få auka samarbeidet med næringslivet. Mykje av den næringsretta BOA har kome frå samarbeidet med energibransjen i regionen, og finansiering av delar av dette samarbeidet gjekk ut i 2012. Ein jobbar no med å finne nye samarbeidsformer saman med bransjen, og ein større søknad mot SHP-programmet i NFR vil ha betydeleg medfinansiering frå energibransjen i 2014.

I usikre tider knytt til regionale utviklingsmidlar, næringsutvikling og andre høve er det knytt ein risiko til kor mykje av eksternfinansiert bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet som høgskulen er i stand til å hente inn. HiSF har ein mindre del eksternfinansierte verksemd frå konjunkturværing nærliv, og ein betydeleg større del frå det offentlege. Usikkerheten rundt tilgang på eksterne midlar er difor moderat for HiSF. Konsekvensar av redusert eksternfinansiert verksemd vil gå inn som reduksjonar i driftsbudsjettet til høgskulen, og vil difor vere av betydning for den totale aktiviteten ved HiSF.

### **3.1.4 Tiltak.**

1. HiSF skal innarbeide gode prosjektstyrings- og kvalitetssikringsrutinar for forskingsprosjekt for å sikre høg fagleg og forskingsetisk standard.
2. HiSF skal skipe til relevante faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnsliv.
3. HiSF skal legge til rette for at doktorgradsstipendiatar kan hospitere hos bedrifter og offentlege verksemder
4. HiSF skal saman med regionalt samfunn- og arbeidsliv tilby relevante utdanninger der det er rekrutteringsgrunnlag i regionen, tilstrekkeleg finansiering og eit godt regionalt arbeidsmarknad for ferdige kandidatar.
5. HiSF skal jamnleg evaluere særleg masterutdanningane saman med praksisfeltet for å sikre at høgskulen leverer dei kandidatane som praksisfeltet etterspør
6. HiSF skal ta i bruk nettbaserte undervisningsformer i fleire fag i 2013.

## **3.2 Verksemndsmål**

**HiSF skal formidle resultata frå fou-aktiviteten til samfunnet, og auke bruken av «open access» publisering**

### **3.2.1 Styringsparametrar**

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2012
Tal fou-resultat i CRIStin	397	393	355	422	447	470	-
Tal publikasjonar Open Access	4	7	12	17	24	25	-
Periodikaartiklar (%)	-	71	83,0	78,1	59,8	70	57,6
Antologiartiklar (%)	-	29	13,9	16,6	40,2	25	39,7
Monografiar (%)	-	0	3,1	5,3	0	5	2,7
(Pop.)vitskaplege publ./posters	170	177	131	182	220	240	-

### **3.2.2 Risikovurdering.**

Det er eit aukande tal registreringar av fou-resultat i CRIStin. Saman med auken i vitskaplege og populærvitskaplege presentasjonar, og det auka fokuset på arrangement rundt Forskningsdagane, er det knytt liten risiko for at fou-aktiviteten i HiSF blir mindre synleg i media. Høgskulen har og tilsett ein kommunikasjonsrådgjevar i 2013 med særleg vekt på å formidle fou-aktiviteten i høgskulen til samfunnet og har eit samarbeidsprosjekt på forskingsformidling saman med Vestlandsforskning og Fylkeskommunen. Desse tiltaka er venta å få full effekt i 2014.

Vekta mellom dei ulike vitskaplege publiseringssanalane har variert frå år til år, men det er og ynskjeleg at forskingsgrupper gjennom fokus på å rettleie av kollegaer til vitskaplege publisering går saman om å skipe til fleire antologiar med fagfellevurdering i vitskaplege kanalar. Høgskulen skal ha som mål å publisere fleire utviklingsarbeid i vitskaplege kanalar. Høgskulen skal også stimulere fagtilsette til å publisere meir i open-access kanalar, og har oppretta eit eige fond for slik publisering.

### **3.2.3 Tiltak.**

1. HiSF skal aktivt formidle eigen fou-aktivitet på eigne heimesider, gjennom Forskningsdagane 2013, forsking.no og i samfunnsdebatten.
2. HiSF skal fortsette det arbeidet med å formidle fou-resultat på eigne nettsider, og styrke dette gjennom lansering av eit eige fou-magasin i 2014.
3. HiSF skal stimulere fleire tilsette til å publisere gjennom antologiartiklar.
4. HiSF skal ha fokus på open-access publisering, og dekke utgiftene til slik publisering.

## **3.3 Verksemds mål**

**HiSF skal aktivt bidra til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor**

### **3.3.1 Styringsparametrar**

Styringsparametrar	Resultat					Ambisjon	Snitt SH
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2012
Tal partnerskap i innovasjon/verdiskaping	1	1	1	1	1	2	-
Tal bedriftsetableringar	0	0	0	0	0	1	1,3
Tal mottekne forretningsidear	0	0	0	0	0	2	10
Tal lisensieringskontraktar	0	0	0	0	0	0	0
Tal patentsøknader	0	0	0	0	0	0	0,2

**Kvalitativ styringsparameter: HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon.**

Høgskulen har eit særleg ansvar for å bidra til nyskaping og innovasjon i regionen, og skal aktivt søke midlar gjennom det regionale forskingsfondet for vestlandet for å stimulere til verdiskaping saman med regionale aktørar. Høgskulen skal gjennom undervisning, studietilbod og studentbedrifter stimulere og legge til rette for entrepenørskap, og skal arrangere Næringslivskonferansen for å stimulere til dialog med næringslivet i regionen. Høgskulen har eit strategisk partnarskap med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane som skal vidareutvikle dette arbeidet.

Høgskulen skal og vere ein pådrivar for å søke om fou-prosjekt saman med regionalt samfunns- og næringsliv mot Forskningsrådet for å stimulere til auka fou-innsats. Høgskulen skal vere ein viktig kompetansemeklar for fou generelt innan regionen, og innanfor utvalde område nasjonalt. Høgskulen skal vere ein aktiv og engasjert partnar i arbeidet med ny regional plan for verdiskaping som Fylkeskommunen skal ferdigstille i 2014.

### **3.3.2 Risikovurdering**

Høgskulen deltek i Næringsforum-prosjektet i regi av Fylkeskommunen, og i prosjektet Stat-Næring i regi av Fylkesmannen, og gjennom desse samarbeida er risikoene redusert for at ein skal opplevast som ein passiv aktør i regionen på dette området. Vidare har høgskulen sin næringsrelevans vore eit viktig tema for RSA i 2013, og vil vere det vidare i 2014 i lys av strukturdebatten innan høgare utdanning.

Det er likevel slik at utdanningane ved høgskulen i stor grad er retta mot offentleg sektor, og difor er det ei ambisiøs målsetting å skape mange nye næringsbedrifter ut i frå fou-aktiviteten ved høgskulen. Det vil vere ein ambisjon framover for høgskulen å betre

kommersialiseringssarbeidet, men det er ein ambisjon med betydeleg risiko for å ikkje lukkast på kort sikt. Satsinga på innovasjon i offentleg sektor som er signalisert av NFR vil kunne redusere denne risikoen, og høgskulen skal vere ein leiande aktør i arbeidet med slik innovasjon i regionen.

Høgskulen får generelt gode tilbakemeldingar for sitt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i regionen, men har og utfordringar med å kome nok i inngrep med regionalt næringsliv utover energibransjen. Som eit ledd i å møte denne utfordringa vil høgskulen styrke den næringsrelevante forskingsinnsatsen i ingeniør- og teknologifaga, samt fokusere meir på innovasjon og bedriftsetableringar innan fleire av utdanningane ved HiSF.

### **3.3.3 Tiltak**

1. HiSF skal aktivt stimulere regionale aktørar til økt fou-innsats gjennom søknader til NFR og RFF.
2. HiSF skal lage felles retningslinjer for studentoppgåver som regulerer intellektuelle rettar ved ny forretningsidear som kjem fram i samarbeid med rettleiar.
3. HiSF skal legge til rette for eigne studentbedrifter.
4. HiSF skal bygge opp eit system for å motivere tilsette og studentar til å registrere forretningsidear og nyskapingar for å styrke innovasjonsarbeidet.

## **3.4 Verksemds mål**

### **HiSF skal utvikle ny kunnskap som bidrar til endring av praksis**

#### **3.4.1 Kvalitativ styringsparameter: Ny kunnskap som bidrar til endring av praksis.**

Høgskulen skal utvikle kunnskap som fører til ei endringar av arbeidsmåtar i praksis. Særskilt skal dette gjelde i fou-arbeidet innanfor forskingsprosjekta som ser på samanhengen mellom fysisk aktivitet og skuleprestasjonar, og på kvifor skuleprestasjonane i Sogn og Fjordane er svært når gode når alle andre faktorar som er viktige i resten av landet talar i mot dette. Vidare skal kunnskapsutviklinga i fou-prosjekt innan helse- og velferdsforskingsmiljøa i høgskulen gje ny kunnskap som studentar, tenesteytarar og brukarar skal ta i bruk i nye eller endra måtar å utføre oppgåver på. Høgskulen sin forskingsaktivitet innan energi, ressursar og miljø skal føre til nye arbeidsmåtar og endra praksis hos oppdragsgjevarar og i sektoren.

#### **3.4.2 Risikovurdering**

Høgskulen har eit tett samarbeid med offentlege forvaltningsaktørar og regionale styresmakter innanfor profesjonsfelta ved høgskulen, og høgskulen har eit svært godt renommé for å utvikle forskingsbasert kunnskap som er relevant for praksisfeltet. Det er difor knytt liten risiko til at kunnskap utvikla ved høgskulen skal gje varige endringar i praksisfeltet.

#### **3.4.3 Tiltak**

1. HiSF skal drive fou-arbeid saman med praksisfeltet for å styrke graden av implementering for resultata i praksis etter prosjektet
2. HiSF skal formidle kunnskapsutviklinga gjennom konferansar for praksisfeltet
3. HiSF skal bruke kunnskapsutviklinga i fou-prosjekt, praksisopphald og feltarbeid til å forbetre studentane sitt læringsutbytte i utdanningane
4. HiSF skal prioritere praksisnære fou-prosjekt som utviklar ny kunnskap og som kan bidra til endringar i praksisfeltet

## Risikovurdering av sektormål 3 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	S	K	R v	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
1	HiSF opplevast som lite relevante for næringsliv.	3	3	9	HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv gjennom utdanningar og fou-prosjekt. Spesielt mot næringslivet i regionen er det ei utfordring å vere tilstrekkeleg relevant med dei utdanningane og fagkompetanse som høgskulen i dag tilbyr.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka dialog med næringslivet om behov for kompetanse og fou.</li> <li>Styrke samarbeidet gjennom UH-Nett Vest og TeknoVest for å tilby ein breiare kunnskapsbase.</li> <li>Vere ein aktiv kompetansemeklar til kunnskapsmiljø nasjonalt for regionalt næringsliv.</li> <li>Auke innsatsen for å formidle våre relevante fagmiljø og fou-resultat til næringslivet.</li> </ul>
2	Låg tilgang på eksterne midlar.	3	3	9	Eksterne forskingsmidlar finansierar både forskingsprosjekt og doktorgradsstipendiatar. Økonomiske utfordringar i næringslivsøkonomien kan gje negativ effekt på midlar frå næringsliv, mens kan stimulere til auke i midlar frå offentleg sektor.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Revisjon av prosjektstyring og kvalitetssikringsrutinane ved HiSF for å sikre at vi leverer høg kvalitet til rett tid i prosjekt mot eksterne oppdragsgjevarar.</li> <li>Gå i tettare dialog med relevant næringsliv og offentleg sektor for å synleggjere HiSF sin kompetanse og relevans for spesielt regionale aktørar.</li> <li>Styrka satsing på innovasjonsarbeid i offentleg sektor.</li> </ul>
3	Lite flinke til allmennretta formidling.	2	3	6	Allmennretta formidlinga og samhandling med andre samfunnsaktørar lokalt og nasjonalt.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gje utteljing for formidlingsaktivitet ved tildeling av fou-tid</li> <li>Aktiv oppfølging av avdelingar og prosjekt på formidlingsaktivitet.</li> <li>Aktiv bruk av fou-resultat i undervisning.</li> <li>Aktiv deltaking på Forskning.no.</li> <li>Målretta formidling i eige fou-magasin.</li> </ul>
4	HiSF deltar ikkje i samarbeidsprosjekt med regionale aktørar.	2	3	6	HSF deltek i stor grad i samarbeidsprosjekt av med regionale aktørar, og særleg innan dei profesjonsfelta høgskulen utdannar til. HiSF samhandlar òg i aukande grad med lokalt og regionalt næringsliv.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Styrke etablerte relasjonar til samfunns- og arbeidsliv gjennom etablering av nye møteplassar</li> <li>Delta aktivt større forskingsnettverk som UH-nett Vest</li> <li>Stimulere til meir fou-innsats i regionene gjennom nye satsingar mot RFF, NFR og EU.</li> </ul>

## Sektormål 4

**Universitet og høgskular skal ha effektiv forvalting av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla**

### 4.1 Verksemadmål

**Høgskulen skal ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga**

#### 4.1.1 Styringsparametrar

Kvantitative styringsparametrar (KD)	Resultat (tal i 1000)				Ambisjon
	2011	2012	2013	2014	
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	2,64	2,3	2,2	2,2	
Endring avsettingar (tilgang/avgang i avsettingar)	49 989	-19 579	-1 046	-10 000	

##### 1. Kvalitative styringsparametrar

Høgskulen skal ha langsiktig økonomisk planlegging, god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.

2. God gjennomføring av budsjettet innanfor eit avvik på 2-3 % av tildelt ramme ved einingane.
3. Ingen merknader frå Riksrevisjonen.

Langsiktige økonomiske prognosar skal støtte opp under institusjonen sine mål og strategiar. Langtidsprognosane skal vise trendar og gje ei vurdering av nivået på avsettingane sett i samanheng med institusjonen sine mål og strategiar.

#### 4.1.2 Risikovurdering

For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltinga er høgskulen avhengig av ein kvalifisert og kompetent administrasjon. Det blir i 2014 sett i verk ytterlagare tiltak for å auke tryggleiken i nøkkelfunksjonar, særleg innanfor regnskap. Vi må ha høg kvalitet i arbeidet og gode interne prosedyrar. Teamorganiseringa må utvikle arbeidsformer som reduserer sårbarheit i organisasjonen.

Vi vil arbeide vidare med tredje byggesteg. Mål på likviditetsgrad for 2014 er satt til 2,2. Vi vil også ha fokus på å redusere avsettingane noko.

Høgskulen har lite økonomisk slakk for å kunne handtere endringar i driftsnivået og studieproduksjonen. Det er viktig å ha informasjonsrutinar som sikrar at endringar som påverkar styringsparametrane blir fanga opp tidleg slik at det er mogleg å gjere tilpassingar.

### **4.1.3 Tiltak**

Vi skal:

1. videreutvikle økonomiteamet på HiSF og samordne økonomistyringen på de ulike enhetene
2. yte opplæring og service til leiarar med budsjettansvar
3. videreutvikle og oppdatere økonomiske langtidsprognosar
4. samordne og forbetre støttesistema i økonomisk planlegging og aktivitetsplanlegging
5. etablere og gjennomføre god internkontroll
6. utvikle kontrollfunksjonar som dekkjer forvaltnings-, økonomi- og resultatkontroll.
7. utvikle rutinar og oppfølging knytt til bidrags- og oppdragsprosjekta
8. følgje opp regelverket for offentlege innkjøp

## **4.2 Verksemldsmål**

### **HiSF skal vere ein attraktiv og lærande organisasjon prega av kvalitetsutvikling og omstillingsevne**

HiSF vere ein moderne organisasjon som er tilpassa behova i samfunnet og regionen. Vi skal vere ein attraktiv høgskule for studentar og tilsette, og vere kjenneteikna av å halde god kvalitet i alle ledd i verksemda.

HiSF skal vere ein høgskule med sterke og gode fagmiljø som har kompetanse og evne til å utvikle høgskulen til ein robust og framtidsretta organisasjon. For å få dette til er det avgjerande å ha god leiing, deltaking og medskaping, godt arbeidsmiljø og omstillingsevne.

### **4.2.1 Risikovurdering**

HiSF har dei siste åra vore i ein positiv situasjon der vi har styrka økonomien gjennom ein god rekrutteringssituasjon. For å halde på denne posisjonen må vi saman greie å utvikle i ønska retning. Endringar som skal gjennomførast må vere godt forankra i organisasjonen. Små endringar i rammeføresetnadene frå sentralt politisk hald, kan gje stor utslag for ein institusjon på vår storleik. Det vil fort kunne skape uvisse som også kan svekke HiSF som organisasjon.

### **4.2.2 Tiltak**

- Forankre arbeidet med ny strategisk plan som skal fullførast i 2014.
- Ha ei god oppfølging av evalueringa av resultatet etter ou-prosessen i 2010/2011
- Vidareutvikle velfungerande arenaer for medverknad for tilsette og studentar.

## **4.3 Verksemldsmål**

### **HiSF skal rekruttere og drive målretta kompetansebygging som sikrar eit høgt kompetansenivå, god kvalitet og profesjonalitet i alle delar av verksemda. Gjennom ein aktiv personalpolitikk skal vi styrke eit helsefremjande arbeidsmiljø, likeverd og likestilling**

HiSF skal satse aktivt på kompetanseheving for å få fleire med førstestillingskompetanse. For at høgskulen skal få fleire kvinner i toppstillingane, må vi stimulere og rekruttere kvinner i utdanningsstillingar.

HiSF må ha god kvalitet i alle delar av verksemda, og tilstrekkeleg kapasitet til å løyse oppgåvene. Vi er ei lægre administrativ bemanning enn snittet av statlege høgskular. Vi vil arbeide for å styrke kompetansen og kapasiteten.

### 4.3.1 Kvantitativ styringsparameter

Styringsparametrar	Resultat				Ambisjon
	2011	2012	2013	2014	
Robuste fagmiljø	Kvalitativ vurdering				
Prosentdel førstestillingar	35,7	36,4	37,8	40	
Del kvinner i undervisning, forsking og formidling	50	51,9	50,3	50	
Del kvinner i dosent og professorstillingar	25	28,5	28,5	30	
Del kvinner i stipendiatstillingar	53	55,3	75,5		
Del kvinner i førstestillingar	24,7	27,5	37,8	40	
Forholdstal faglege og adm.årsverk	2,7	2,6	2,6	2,3	
Del mellombelse still. eks åremål og stipendiatar (endra utrekningsmåte)	16,5	16,3	15,3		Redusksjon
Sjukefråver i %	5,4	5,9	4,7	4,5	

\* måltalet er sett ut frå tidlegare utrekningmåte. Ambisjonen var å redusere nivået.

### 4.3.2 Risikovurdering

Sterke og gode fagmiljø er avgjerande for at vi skal lukkast med utdanning og forsking. Konkuransen om høgt kvalifisert arbeidskraft er stor, og vi ser at risikoen for å ikkje få greie å halde på personar med høg kompetanse er stor. Spesielt utsett er vi i høve personar som avsluttar doktorgrad.

Nokre av våre fagmiljø har høg gjennomsnittsalder og det må arbeidast systematisk og godt med langsiktig rekrutteringsarbeid for å minske risikoen for at vi svekkjer kompetansen. Nokre fagmiljø er små og avhengig av enkeltpersonar. Bortfall av kritisk kompetanse vil svekke høgskulen.

Vi har mange åremålstilsette leiarar som startar sitt siste år hausten 2014. Høgskulen går då inn i ein periode med å rekruttere leiarar til ny åremålsperiode. Dette vil setje sitt preg på institusjonen både dette året og komande år.

### 4.3.3 Tiltak

- Profesjonalisere rekrutteringsarbeidet
- Arbeide med kompetanseplanar innanfor alle einingar
- Kartleggje og styrke kompetansen i administrasjonen for å gjere administrasjonen mindre sårbar og sikre effektiv drift med god kvalitet
- Ha fokus på arbeidsmiljø og fullføre arbeidsmiljøkartlegging i tråd med vedtak i amu
- Betre informasjonsarbeidet gjennom gode informasjons- og kommunikasjonsrutinar og betre web-teneste
- Gjennomføre ROS analyse , lage ein oppfølgingsplan og gjennomføre kriseøving

## Risikovurdering av sektormål 4 – planar og tiltak:

Nr	Risikoområde	s	k	rv	Vurdering/ kommentar	Tiltak/oppfølging
1	Risiko for at HiSF ikkje har robust økonomi og gode økonomiske rammer	2	5	10	For å ha god og robust økonomi, må HiSF ha god studentrekrytering og eit positivt renomme	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby attraktive studium til ei kvar tid</li> <li>• Fokus på rekrytering</li> <li>• Ei godt fungerande rekryteringsavdeling</li> <li>• Følgjast opp under sektormål 1</li> </ul>
2	Risiko for ikkje ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga.	2	4	8	For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltinga er høgskulen avhengig av ein kvalifisert og kompetent administrasjon og god budsjettdisiplin i organisasjonen. Nokre spesialiserte funksjonar blir ivaretatt av for få personar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lønsnivået må vere om lag på same nivå som dei institusjonar vi konkurrerer med,</li> <li>• Vi må ha høg kvalitet i arbeidet og det er viktig å ha fokus på interne prosedyrar.</li> <li>• Vi må jamleg tilby kurs og opplæring i sentrale delar av økonomiregelverket</li> </ul>
3	Risiko i høve til dei administrative støttesystema. Risikoen er knytt til både it-risiko generelt og til bemanning og sårbarheit.	3	3	9	Departementet har bedt institusjonen om å vurdere risiko knytt til dei administrative støttesystema.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er gjennomført ei ROS kartlegging, analyse og tiltak.</li> <li>• Forholda må leggjast til rette for gode arbeidsvilkår og trivsel for tilsette for å sikre stabilitet i it-stillingane</li> </ul>
4	Risiko for ikkje å klare å halde på personar med høg kompetanse	3	3	9	Den største risikoen for at vi ikkje greier å auke i kompetansenivået, er knytt til om vi greier å halde på dei som har førstekompetanse. Vi er sårbare i situasjonar der vi får utskifting i stillingane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktiv personalpolitikk som gjer høgskulen til ein attraktiv og god arbeidsplass.</li> <li>• tilrettelegging for forsking og utvikling for tilsette med førstekompetanse.</li> </ul>
5	Risiko for at HiSF ikkje har god kjønnsbalanse i stillingane og at kvinnedelen i toppstillingar ikkje aukar.	3	2	6	HISF skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv. Det kan være vanskelig å få kvinner inn i leiande stillingar, samt å tiltrekke seg kvinner med førstekompetanse	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppmuntre kvinner til å sökje doktorgradsstipendiat, førstelektorstipend og leiarstillingar</li> <li>• Ha oversikt over utviklingsa når det gjeld kjønnsfordelinga i HiSF og sette inn tiltak der vi har skeiv kjønnsbalanse</li> </ul>
6	Risiko for manglande attraktivitet	3	3	9	Høgskulen må framstå som ein attraktiv arbeidsplass og vere konkurransedyktig på løn og arbeidsvilkår generelt for å halde på og tiltrekke seg gode fagfolk.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgskulen må ha arbeidsvilkår som er konkurransedyktige med det dei andre institusjonar tilbyr, det vere seg høve til kvalifisering, tid til forsking og utvikling, eit godt arbeidsmiljø eller lønsvilkår som er på høgde med nivået vi konkurrerer med.</li> </ul>

## 4.4 Plan for tildelt løyving

Budsjettet for 2014, med ei total kostnadsramme på 345 mill kroner, er utforma for å gjennomføre høgskulen sine strategiar for utdanning, fou og formidling.

Auken i studenttal er større enn det som var føresett i vedtak om studietilbod. Det er difor lagt inn ei ekstraløyving til avdelingane for å kompensere for dette.

Budsjettet for 2014 er gjort opp med et meirforbruk på 1,5 mill kroner. Samstundes med godkjenning av budsjett var det gjort fylgjande vedtak:

«Styret ber rektor vurdere innspela til budsjett 2014 i samband med årsoppgjeret for 2013»

Rekneskapen for 2013 viser eit akkumulert mindreforbruk på 7,4 mill kroner; dette skal fylgjeleg disponerast i samsvar med styrevedtaket.

## Budsjett og prognose 2014 – 2017

Tall i tusen kr	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjettprognose</b>		
		<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Basisløyving frå KD	241 600	244 600	247 000	247 000
Studiepoengproduksjonløyving frå KD	98 505	102 900	102 700	101 800
Andre driftsinntekter	1 086	1 100	1 100	1 100
Løns- og prisvekst	0	0	0	0
<b>Driftsinntekter</b>	<b>341 191</b>	<b>348 600</b>	<b>350 800</b>	<b>349 900</b>
Lønskostnader	-208 059	-210 600	-211 700	-212 300
Investeringar	-5 373	-6 373	-6 373	-6 373
Husleige	-60 467	-61 300	-61 300	-61 300
Energikostnader	-5 300	-5 300	-5 300	-5 300
Andre driftskostnader	-51 252	-51 300	-51 300	-51 300
Kompensasjon for auka studenttal	-1 600	-1 600	-1 600	-1 600
Styrking FoU	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Utviklingsmidlar	-7 152	-7 200	-7 200	-7 200
<b>Driftskostnader</b>	<b>-342 203</b>	<b>-346 673</b>	<b>-347 773</b>	<b>-348 373</b>
Avsetnad bygg	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Dekningsbidrag frå prosjektverksemd	4 700	4 700	4 700	4 700
Eigenfinansiering til prosjekt	0	0	0	0
Forskoterte studiepoeng inntekter HSFO	-2 210	-2 300	-2 300	-2 300
<b>Disponeringar / avsetningar</b>	<b>-510</b>	<b>-600</b>	<b>-600</b>	<b>-600</b>
Årets mindre-/meirforbruk	<b>-1 522</b>	<b>1 327</b>	<b>2 427</b>	<b>927</b>
<b>Samla mindre-/meirforbruk</b>	<b>-1 522</b>	<b>-195</b>	<b>2 232</b>	<b>3 159</b>



# **Vedlegg til**

## **Rapport og planar 2013-2014**

---

1. Rapportering på studentkapasitet
2. SAK-midler 2013
3. Samarbeid med eksterne aktørar
4. Barnehagelærarar, plan for oppfølging
5. Likestilling

Utdanningsinstitusjon: Høgskulen i Sogn og Fjordane				Vedlegg 1
Overordnede spørsmål, jf. plandelen av <i>Rapport og planer (2013-2014)</i> . Spørsmålene besvares kort.				
1. Hvor mange studieplasser kan institusjonen øke med høsten 2014, gitt 60/40 finansiering fra departementet, men innenfor dagens øvrige rammebetegnelser og infrastruktur?				
Svar spørsmål 1: 79				
2. Hvilke begrensende faktorer står institusjonen særlig overfor som hindrer vekst (kan spesifiseres på utdanningsprogram ved behov)?				
Svar spørsmål 2: Ingen				
3. Er det særskilte studieprogram som institusjonen ønsker å prioritere spesielt av strategiske årsaker eller for å rendyrke en faglig profil?				
Svar spørsmål 3: Fleire mastergradsplassar				
4. Er det særskilte studieprogrammer som institusjonen ønsker å bygge ned eller avvikle av samme årsaker?				
Svar spørsmål 4: Nei				
Utdanningsområder	Utdanninger	Opptak høst 2013 (antall studieplasser)	Planlagt opptak høst 2014 (antall studieplasser)	Muligheter for økning i opptakskapasitet høst 2014?
		Antall	Antall	Ca. antall
<b>Helse- og sosialfag</b>	Samlet	0	0	0
<i>hvorav:</i>	Medisin	0	0	0
	Odontologi	0	0	0
	Psykologi	0	0	0
	Farmasi	0	0	0
	Barnevernpedagog	40	40	5
	Bioingeniør	0	0	0
	Ergoterapeut	0	0	0
	Ernæring	0	0	0
	Audiograf	0	0	0
	Fysioterapi	0	0	0
	Radiograf	0	0	0
	Reseptar	0	0	0
	Sosionom	45	45	5
	Sykepleier	0	0	0
	Vernepleier	30	30	5
	Døvetolk	0	0	0
	Tannpleier	0	0	0
	Tanntekniker	0	0	0
	ABIOK	0	0	0
	Helsesøster	0	0	0
	Jordmor	0	0	0
	Eldreomsorg	0	0	14
	Master	20	20	10
<i>(spesifisér studietilbud ved behov)</i>				
<b>Lærerutdanning</b>	Samlet	0	0	0
<i>hvorav:</i>	Integritt femårig lærerutdanning	0	0	0
	Grunnskolelærer - steg 1-7	0	0	0
	Grunnskolelærer - steg 5-10	0	0	0
	Praktisk-pedagogisk utdanning	0	0	0
	Treårig faglærerutdanning	0	0	0
	Førskolelærerutdanning	68	30	10
	Yrkesfaglærerutdanning	0	0	0
	Toårig masterutdanning	0	0	0
	Ettårig barnehagepedagogikk	0	0	0
<i>(spesifisér studietilbud ved behov)</i>				
<b>Realfag og teknologiske fag</b>	Samlet	0	0	0
<i>hvorav:</i>		0	0	0
<b>Andre fag</b>	Samlet	0	0	0
	Økonomi og administrasjon, bachelor	45	45	5
	Samfunnsfag, årsstudium	20	20	5
	Ungdomssosiologi, årsstudium	20	20	5
	Idrett master	15	15	5
<i>hvorav:</i>	Idrett/friluftsliv, bachelor	100	100	100

## Rapportering på bruk av SAK-midler 2013

### Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

UH-nett Vest (Universitets- og høgskolenettet på Vestlandet) ble opprettet 01.01.08 som et 5-årig samarbeidsprosjekt mellom Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen Stord/Haugesund, og Universitetet i Bergen. Fra april 2009 ble også Høgskulen i Volda medlem av nettverket. Avtaleperioden er prolongert til 31.07.18.

Samarbeidsavtalen for 2013-2018 har vedtatt 6 samarbeidsområder; forskningssamarbeid, utdanningssamarbeid, biblioteksamarbeid, administrativt samarbeid, utvikling av digital kompetanse og samarbeid med studentene. For kommende avtaleperiode skal det legges vekt på å utvikle gode samarbeidsmodeller, er tydelig arbeidsdeling mellom institusjonene og konsentrasjon av arbeidsinnsats. Samarbeidet er forankret i fagmiljøene ved de ulike institusjonene.

Lærerutdanningen sammen med utviklingen av forskningsnettverkene og biblioteksamarbeidet har hatt høy prioritet i 2013.

UH-nett Vest fikk tildelt 980 000 i SAK-midler for 2013 til fortsatt utvikling av den nye barnehagelærerutdanningen (BLU). Midlene skal brukes til tiltak som bidrar til økt grad av samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i BLU. Prosjektplanen ble gjennomført i 2013, bokprosjektet er realisert og samarbeidet med GLU om satsning på samisk kultur er påbegynt. E-læring er under utvikling.

UH-nett Vest ble tildelt 2 mill. i SAK-midler til videre utvikling av lærerutdanningen, TeknoVest, biblioteksamarbeidet, forskningssamarbeidet med spesiell vekt på helse- og sosialfag i tilknytting til samhandlingsreformen og opprettelsen av et forskernettverk for nynorskforskning. Midlene er fordelt i samsvar med tildelingen.

Vedlegg til Rapport og planar 2013-14

## **Samarbeid med eksterne aktørar om studium i utlandet**

Høgskulen har i brev 02.12.2011 til Kunnskapsdepartementet gjort greie for det samarbeidet me har med Gateway College om studietilbod i utlandet. I brevet gjorde me utførleg greie for dei utdanningstilboda me har hatt og korleis dei har vore organiserte. Det går fram at høgskulen har teke fagleg og administrativt ansvar for desse tilboda på lik line med andre studietilbod. Me gjorde også greie for rapporteringsrutinar og korleis studietilboda har vore finaniserte.

I brev 22.03.2013 ber Kunnskapsdepartementet dei institusjonane som tilbyr studium i utlandet i samarbeid med eksterne aktørar om å gjera greie for korleis dette samarbeidet er organisert og korleis gjeldande regelverk vert følgd. Det heiter at rapporteringa skal gjerast i Rapport og planar 2013-14.

På bakgrunn av KD sitt brev 22.03.13 tok høgskulen kontakt med departementet for å få avklart nokre spørsmål, spesielt i forhold til forskrift om eigenbetaling. I september 2013 møtte HiSF representantar for KD saman med representantar frå høgskulane i Telemark og Ålesund, som også samarbeider med Gateway College. På møtet vart det avklara at det samarbeidet vi har hatt med Gateway College er problematisk i forhold til gjeldande regelverk.

Etter dette har vi gjennomgått alle side ved samarbeidet vårt med Gateway College, både i forhold til eigenbetalingsforskrifta, regelverket om offentlege innkjøp, finansieringssystemet for universitet og høgskular og i forhold til krav til kvalitetssikring av studietilbod. Konklusjonen på gjennomgangen er at vi avsluttar samarbeidet med Gateway College i noverande form. På grunn av inngåtte avtalar og omsynet til studentar som har søkt dei aktuelle tilboda, tek avviklingsarbeidet noko tid. Vi reknar per dato med at alt samarbeid i noverande form vil vera avslutta ved utgangen av 2014.

Høgskulen i Sogn og Fjordane er sjølvsagt innstilt på å driva verksemda vår i samsvar med gjeldande regelverk. Me reknar med at departementet syter føre at dei same krava blir gjort gjeldande for heile den statlege uh-sektoren.

## Status for oppfølging av NOKUT-evaluering av førskulelærarutdanninga ved HiSF og arbeidet med pilot for ny barnehagelærarutdanning.

Førskulelærarutdanninga vart evaluert av NOKUT i 2010, og tilbakemeldingane til HSF, både i rapporten til HiSF og i tilbakemeldingsbrevet til høgskulen i brev av 30.06. 2012, var i stor grad positive.

Styret har med tilvising til brev frå KD 21.10.10 utarbeidd ein plan for oppfølging av evaluering av førskulelærarutdanninga. Planen vart sendt departementet i desember 2010. Departementet har bedt om rapportering om status for oppfølgingsarbeidet i eige vedlegg til Rapport og planar, første gong i 2011, så 2012 og 2013. Her følgjer ein oppdatert plan med evaluering av arbeidet som vart sett i gong frå 2010 med kommentarar pr 2012, februar 2013 og februar 2014. Kommentarane inkluderer no også arbeidet med pilot for barnehagelærarutdanninga som vart starta opp hausten 2012.

Den reviderte planen skisserer 18 hovudutfordringar med tiltak vedrørande kompetanseutvikling, rekruttering av studentar, utvikling av ny programplan i samsvar med den nye rammeplanen for BLU, utvikling av FOU- aktivitet, styrking av status for utdanninga og systematisk arbeid med utvikling av studiekvalitet, analysar og kritisk vurdering av utdanninga.

Fram til no er det arbeidd med å styrke utdanninga sin status gjennom å informere om kor aktuell og fagleg god førskulelærarutdanninga er. Vi utpeika ein ambassadør til den nasjonale satsinga "Rekruttering til førskulelærarutdanninga" i fjor og ein frå 1 BLU til å vere Glødambassadør i år og vi har skulert våre lokale ambassadørar. Vi har nært samarbeid med Fylkesmannen og drøftar utfordringane i barnehagelærarutdanninga jamleg. Det gjeld rekruttering, likestillingsarbeid, ulike kompetansehevingstiltak, barnehagekonferansen, styrarkonferansen m.m.

Gjennom kandidatundersøkinga har høgskulen sett på korleis førskulelærarstudentane har vurdert utdanninga, og korleis dei har kome seg inn i arbeidsmarknaden. Våre kandidatar er svært godt nøgde med utdanninga og det viser seg at det var lettare å komme inn på arbeidsmarknaden enn året før.

HiSF starta, etter oppmoding frå KD, pilot for den nye barnehagelærarutdanninga (BLU) hausten 2012. Studentane har gitt positive tilbakemeldingar på den nye utdanninga og instituttleiar og faglærarane la ned ein stor arbeidsinnsats for å få ferdig programplanen m/emneplanar for dei nye kunnskapsområda. Hausten 2013 var det opptak både til heiltid, deltid i Sogndal og arbeidsplassbasert deltidsutdanning i Kvam i Hardanger. Det er store faglege utfordringar å gå frå ei fagdelt førskulelærarutdanning til ei barnehagelærarutdanning sett saman av kunnskapsgrupper. Faglærarane legg ned mykje godt arbeid og studentane gir gode tilbakemeldingar på utdanninga.

Høgskulen si leiing følgjer opp utviklingsplanen med jamlege møte med avdelingsleiinga ved Avdeling for lærarutdanning og idrett.



Utfordringar	Mål	Tiltak	Tidsplan	Ansvarleg
1. God nok formell kompetanse i fagmiljøet:	Ha 30 % fagtilsette med 1. kompetanse både i pedagogikk og dei fagleg-pedagogiske studia	Sikre at det på institusjonsnivået vert prioritert: -doktorgrads stipend øyremerka til førskulelærarutdanninga. - midlar og fagleg støtte til 1.lektorsøknader for tilsette i førskulelærarutdanninga. Gjeld i sær pedagogikk og estetiske fag.	15.12.2011 og 15.12.2012	Dekan ALI og rektor HSF
Kommentar til pkt 1:	Ein høgskulelektor i pedagogikk i førskulelærarutdanninga har fått tildelt pdh-stipend. 2 høgskulelektorar i samfunnsfag/pedagogikk og ein høgskulelektor i forming har fått tildelt 1. lektor-midlar/stipend. Avdelinga har pedagogikk i førskulelærarutdanninga som 1. prioritet for neste års tildeling av pdh-stipend.			
Kommentar til pkt 1 februar 2013	Phd-stipendiaten følgjer planlagd progresjon. Dei nemnde lektorane arbeider med 1. lektor-søknadane sine. Har tilsett ein 1.amanuensis i pedagogikk som arbeider med søknad om professoropprykk og ein 1. amanuensis i kunst og handverk som arbeider med søknad om dosent-opprykk.			
Kommentar til pkt 1 Februar 2014	Phd-stipendiaten følgjer framleis planlagd progresjon. Ein høgskulelektor i samfunnsfag/pedagogikk fekk internt 1. lektorstipend 50% forskingsfri i to år. Dei andre lektorane arbeider med fou-arbeid med tanke på 1.lektor-opprykk. Personen som er 1.amanuensis i pedagogikk har søkt intern stipend for å sluttføre søknaden om professoropprykk. I tillegg har ein nyttilsett høgskulelektor i pedagogikk fått opprykk til 1. lektor. Ein høgskulelektor i norsk har levert phd-arbeidet sitt februar 2014.			
2. Byggje vidare på den vellukka satsinga med å integrere teori og praksis også etter at PIL-prosjektet er avslutta.	Vidareføre PIL-prosjektet som internt prosjekt. Bruke erfaringane frå PII-prosjektet til å initierer nye fou-prosjekt og vidareutvikle samhandlingsfora.  FOU: Få til ei eiga førskulelærar-gruppe	Ta utgangspunkt i det som er dokumentert i eigne rapportar, referat frå prosjektmøte, ulike samarbeidsfora, referansegruppa, m.m. - Organisere praksisførebuande møte slik det vart gjort for 1 F hausten 2010. - Utvikle system for korleis bruke praksislærarar og styrarar meir i undervisninga og på praksisførebuande møte t.d. når 3 F studentane har bhg-overtaking. -Sjå elles punktet om fouaktivitet.	01.03.2012	Studieiar, praksisrettleiarane og fou-leiar for læringsforskning
Kommentar til pkt 2:	Praksisseminar: Det er no fast ordning at alle praksislærarane blir kalla inn til			

	<p>møte/kurs ein ettermiddag kveld og påfølgjande heil dag. På kveldsmøte førebur praksislærarane m.a. det dei skal bidra med på dag 2 der studentane er saman med praksislærarane og fagtilsette heile dagen.</p> <p>Deltaking i undervisninga: Det er og fast ordning at det er praksislærar med når studentane har praksisførebuing og praksissetterarbeid på høgskulen.</p> <p>Fou: sjå eige pkt.</p>			
Kommentar til pkt 2 februar 2013	I arbeidet med den nye BLU-utdanninga, har det vore særsviktig å bruke PIL-erfaringane aktivt i vidareutviklinga av samarbeidet mellom praksisbarnehagane og HiSF. Sjå elles eige nytt punkt 19 om pilot-prosjektet.			
Kommentar til pkt 2 februar 2014	Sjå punkt 19			
3. Rekruttering og inntakskvalitet	<p>Arbeide målretta for å rekruttere ca 38 heiltidsstudentar kvart år og ca 40 deltidsstudentar annankvart år. På heiltid er det eit mål å ha 30 % gutter/menn. Måltala er 30 på heiltid og 33 på deltid.</p>	<p>Opprette ei eiga rekrutteringsgruppe med representantar frå studentar, fagtilsette/praksislærarar og nyutdanna. Arbeidet må planleggjast i nært samarbeid med studieadministrasjonen og dei to fagtilsette som arbeider med å rekruttere og behalde menn i bhg/utdanninga.</p>	31.12.2011	Studieleiar og studiekonsulent ALI og i samband med rekrutteringsansvarleg i studieadministrasjonen.
Kommentar til pkt 3:	<p>Me rekrutterte 26 heiltidsstudentar ( 7 menn og 19 kvinner) og 35 deltidsstudentar (4 menn og 31 kvinner) til 1 F hausten 2011. Me greidde altså 27 % menn på heiltid. Elles så har me utnemnd ein ambassadør til den nasjonale satsinga på "Rekruttering av forskulelærarar." Ho har delteke på utdanningsmessene og me brukar ho når det kjem elevar frå vidaregåande skule for å få informasjon om forskulelærarutdanninga v/HiSF. Me samarbeider med studieadministrasjonen om det generelle rekrutteringsarbeidet i HiSF. Instituttleiar har m.a. vore med på eige møte med alle studentambasadørane i HiSF.</p>			
Kommentar til pkt 3 februar 2013	<p>Me rekrutterte 41 heiltidsstudentar til 30 studieplassar hausten 2012. Ein student har, etter oppmoding, slutta og ein student har svangerskapspermisjon. Av dei 39 som no går i 1 BLU er det 7 gutter – 18 %. Dette viser at me må arbeide meir målretta for å få gutter til å søkje BLU-utdanninga.</p> <p>Vi har ein student som er med i den nasjonale GLØD-gruppa og som no m.a. skal blogge på departementet si nettside. Glødstudenten vert nytta både nasjonalt og lokalt i rekrutteringsarbeidet.</p>			
Kommentar til pkt 3 Februar 2014	<p>Me rekrutterte 30 heiltidsstudentar til 35 studieplassar hausten 2013. Ein student har valt å starte på eit anna studium januar 2014 og ein student har vorte oppmoda om å avslutte studiet. Av dei 28 som no er i klassen er det 4 gutter – 14 %, noko me sjølv sagt ikkje er nøgde med.</p> <p>Me rekrutterte 19 studentar til arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning i Kvam i Hardanger. Utdanninga vart lagd i Hardanger etter fleirårige oppmodingar frå region Hardanger/Voss. Av desse 19 er det 2 menn. 2 kvinnelege studentar har slutta.</p> <p>Me rekrutterte 38 studentar til deltidsutdanninga i Sogndal. Av desse går 16 i gruppa for arbeidsplassbasert utdanning. Av desse 38 studentane er det 4 menn. Praksiskoordinator er med i fylket si Glød-gruppe.</p>			
4. Ny rammeplan	Oppdatert og formålstenleg rammeplan for førskulelærar-utdanninga	Utarbeide ny rammeplan	01.05.2012	

Kommentar til pkt 4:	Det er laga ein eigen plan for korleis prosjektet "Ny førskulelærarutdanning" skal gjennomførast ved HiSF. I kvar av kunnskapsområdegruppene er det med ein representant frå praksisfeltet. I styringsgruppa er det m.a. med ein representant frå Fylkesmannen og to studentar.			
Kommentar til pkt 4 februar 2013	Departementet ba HiSF starte ein pilot med den nye barnehagelærarutdanninga. Tilbakemeldingane er svært positive både frå studentane og praksisfeltet. Det har vore mange interessante og nyttige drøftingar med representantar frå dei 4 andre høgskulane i UhNettVest. Sjå elles eige pkt 19.			
Kommentar til pkt 4 februar 2014				
5. FOU-aktivitet	Kvart år ha både utviklings- og forskingsprosjekt knytt til førskulelærar-utdanninga.	Sikre at det, i HSF og ALI, blir sett av midlar til: - utviklingsarbeid der dei høgskuletilsette samarbeider med praksisbarnehagane. - forsking med tema knytt til førskulelærar-utdanninga. Arbeide for at fagtilsette i førskulelærarutdanninga kan få hjelp og støtte til å skrive gode søknader med tanke på eksternfinansierte fou-prosjekt. Drøfte korleis fou-aktivitet knytt til førskulelærar-utdanninga blir prioritert i forskingsgruppene på avdelinga.	31.12.2012	Dekan, studieiar og fou-utvalet.
Kommentar til pkt 5:	Frå 1.08.2011 er det oppretta eit eige fou-utval for førskulelærarinstituttet. Det er sett av ein del midlar som instituttet disponerer. Utvalet har bestemt at søknader om deltaking på konferansar med paper og seinare artikkelpresentasjon vil ha høgst prioritet. Me arbeider for tida med å tilsetje ein professor 2 i instituttet. Frå 1.08.2012 er også instituttleiar med i avdelinga sitt fou-utval der ein m.a. tildeler avdelinga sine frie fou-midlar.			
Kommentar til pkt 5 februar 2013	F-instituttet har tilsett Anne Greve frå HiOA i 2'arstilling frå 1.08.12. Ho sit som medlem i avdelinga sitt fou-utval og leiar instituttet sitt fou-utval. Ho er rettleiar for fleire av dei tilsette og arrangerer m.a. fast skrivekurs. Leiargruppa ved avdelinga, der instituttleiar er medlem, har engasjert seg sterkt i arbeidet med den nye strategiplanen for fou i HiSF. Fleire av dei fagtilsette i F-instituttet har hatt poster- og paper-presentasjoner både på nasjonale og internasjonale konferansar. Det har og vorte påfølgjande artikkelpresentasjoner.			
Kommentar til pkt 5 februar 2014	Instituttet har stor nytte av arbeidet Anne Greve gjer med å motivere og støtte dei tilsette i instituttet i høve fou-arbeid. Artikkelpresentasjonen i instituttet har auka. Fleire av dei fagtilsette er med i eit bokprosjekt der målet er å få gje ut ei fagbok spesielt retta mot den nye barnehagelærarutdanninga. Redaktørar er ein tilsett frå pedagogikk og ein frå kunst og handverk. Boka skal gjevast ut på Fagbokforlaget, truleg hausten 2014. I tillegg er 4 fagtilsette med i eit bokprosjekt i regi av UHnettVest. Boka vert gitt ut på Universitetsforlaget i mai 2014. Instituttet har fått ekstra midlar frå UDIR til å gjennomføre prosjektet «Utvikling av barnehagen som			

	lærande organisasjon og arena for kompetanseheving for tilsette og studentar». Her har me eit nært samarbeid med regionane og gjennomfører ulike kompetansehevingstiltak og utviklingsprosjekt. Oppstart hausten 2013 for Sogn og Nordfjord og oppstart hausten 2014 i dei to andre regionane. Avdeling for lærarutdanning og idrett og barnehagelærarinstituttet får svært gode tilbakemeldingar frå barnehagefeltet i høve til at me er så synlege og barnehagenære i utviklings- og samarbeidstiltaka våre.			
6. Status til utdanninga	For HSF: At forskulelærar-utdanninga framleis skal ha høg status i HSF.	-Nå ut med informasjon om kor aktuell og fagleg god forskulelærarutdanninga ved HSF er. -Sikre at dei fagtilsette for forskulelærarutdanninga også i framtida får ha kontorfellesskap med andre fagtilsette i same fagseksjon. -Drøfte om forskulelærar-utdanninga bør ha opptakskrav slik den nye grunnskulelærarutdanninga har. I tilfelle med samla studiepoeng og ikkje knytt til bestemte fag.	01.03.2012	Rektor, dekan og studieleiar i samarbeid med alle involverte i forskulelærar-utdanninga.
Kommentar til pkt 6:	Sjå kommentar til pkt 3. Me skal frå august 2012 flytte inn i nytt høgskulebygg og drøftar i desse dagar korleis kontorfellesskapet kan bidra til ei styrking av forskulelærarutdanninga. Me tek til vitande og meiner det er heilt Ok at det ikkje kjem karakterkrav i den nye forskulelærarutdanninga.			
Kommentar til pkt 6 februar 2013	Me hadde ein gledeleg vekst i søkjartal til den nye BLU-utdanninga og håpar at dette skal halde fram også for opptak hausten 2013. Etter innflytting i det nye høgskulebygget, er dei fagtilsette framleis delte på 3 ulike kontorfellesskap, noko som slett ikkje er ideelt.			
Kommentar til pkt 6 februar 2014	Søkjartalet til BLU-utdanninga ved HiSF var om lag som i fjar, men det var dverre færre som takka ja til studieplass ved HiSF.			
7. Forholdet mellom teori og praksis	Sikre at det blir gitt rom for at faglærarar får møta studentane i praksis. Sjå elles punktet om PIL	-Rekruttere faglærarar til praksisrettleiing -La faglærarar følgje opp under faglege prosjekt studentane gjer i praksis.	Juni 2011	Studieleiar og alle som er involverte i forskulelærarutdanninga.
Kommentar til pkt 7:	Dette året har ein 1.lektor i KRL delteke på 15 stp kurs i rettleiing for å kvalifisere seg til praksisrettleiarstilling. I tillegg har lærarane i tverrestetiske fag vore tett på studentane i 2.klasse praksis i høve til å rettleie tverrestetisk oppgåve.			
Kommentar til pkt 7 februar 2013	Å rekruttere praksisrettleiarar frå ulike fagmiljø, har heilt klart styrka forholdet mellom teori og praksis. I den nye BLU-utdanninga, må endå fleire lærarar ha nærekontakt med praksis. Me arbeider difor no med å utvikle gode ordningar for korleis heile lærarteamet i dei nye kunnskapsområda, kan involverast i praksisopplæringa.			
Kommentar til pkt 7 februar 2014	Me har valt å utnemne «leiande praksisrettleiarar» for å sikre kvalitet i praksisopplæringa og god kontakt mellom praksisfelt og høgskule. Heile lærarteama har ansvar for praksis og mange deltek på praksisførebuande møte og besøkjer studentane medan dei er i praksis. Det er ein stor styrkje og ei kvalitetssikring for			

	praksisopplæringa at avdelinga har tilsett ein praksiskoordinator med lang erfaring som styrar i barnehage.			
8. Studieinnsats og institusjonen sine krav til studentane	- Å auke studieinnsatsen for ein del av studentane - vurdere om vi skal auke krava til studentane	-Halde fram med å ha obligatorisk undervisning. -Analysere undervisningsformene og drøfte med studentane kva tiltak som kan motivere studentane til auka studieinnsats. - Analysere eksamensformene og eksamensresultata for å kunne gjere nødvendige endringar. - Motivere faglærarane til å delta på dei studiepoeng-gjenvande kursa om nye undervisningsformer og rettleiing.	Analysere arbeidet som blir gjort i 2011 og ny handlingsplan for 2012	Studieleiar og studiekonsulent i samarbeid med teamleiarane og dei fagansvarlege for dei ulike kursa på F.
Kommentar til pkt 8:	Det er vanskeleg å vurdere om me har lukkast i auka studentinnsats, men me har fokus på temaet både for faglærarane og i møte med studentane. Grundig drøfting av eksamensformer vert teke i samband med arbeidet med ny programplan. Fagtilsette i førskulelærarutdanninga vil ha prioritet til kurset "Formidling og rettleiing i høgre utdanning" med oppstart hausten 2012.			
Kommentar til pkt 8 februar 2013	I den nye BLU-utdanninga, held me fram med å krevje 80% frammøte til undervisninga. Det er og kontinuerlege drøftingar knytt til korleis læringsstrykket kan styrkjas og føre til auka motivering og fagleg studieinnsats. Hausten 2013 vil HiSF tilby kurs i nettbasert undervisning og det vil då vere tilsette i F-instituttet som får prioritet ved opptak fordi høgskulen skal starte opp to nettbaserte deltidsutdanningar hausten 2013 – den eine arbeidsplassbasert.			
Kommentar til pkt 8 februar 2014	Avdelinga har fått midlar frå NorgesnettUniversitetet til å gjennomføre eit prosjekt knytt til bruk av adobe connect i deltids- og den arbeidsplassbaserte utdanninga i 1 BLU. Me har endra organiseringa i desse utdanningane frå tidlegare 5 dagar samlingar x 3 pr. semester til 3 dagarsamling x 3 pr. semester pluss 1 fast dag pr. veke til ulikt studiearbeit via adobe connect. Dette trur me m.a. vil hjelpe oss til å halde oppe læringstrykket i deltidsutdanningane. Det er mange spennande og interessante faglege utviklingsmulegheiter i dette prosjektet som me tur vil styrke den nye barnehagelærarutdanninga.			
9 Kandidatkvalitet	Få fram informasjon/ data om korleis tidlegare studentar opplever HSF si førskulelærar-utdanning.	Få gjennomført kandidatundersøkingar for ferdig utdanna førskulelærarar.	01.03.2011	Studiedirektør i samarbeid med studieleiar
Kommentar til pkt 9.	I kandidatundersøkinga vart dei ferdige førskulelærarstudentane spurde om kva nytte dei har hatt av utdanninga. Det viser seg at dei er svært godt nøgde med utdanninga. Vidare viser kandidatundersøkinga at det var lettare å komme inn på arbeidsmarknaden enn året før.			
Kommentar til pkt 9 februar 2013	Av dei som har gitt svar på kandidatundersøkinga for 2012 er det 100% av førskulelærarstudentane som svarar at utdanninga har vore svært nyttig i høve			

	arbeidssituasjonen dei har møtt. Svaralternativa var: Svært nyttig, ganske nyttig, litt nyttig, ikkje nyttig.			
Kommentar til pkt februar 2014	2 BLU var med i NOKUT si studiebarometerundersøking. Instituttet må bruke desse opplysningane til systematisk forbetringssarbeid.			
10. Følgje opp drøftingar om bachelor-oppgåver.	At arbeidet med bacheloroppgåva blir opplevd som fagleg interessant og nyttig. At bacheloroppgåva kan sjåast i samanheng med praksis og FOU-organisering.	-Drøfte eventuelle forbetringstiltak på bakgrunn av erfaringane fra bacheloroppgåvane våren 2010. -Delta i ei arbeidsgruppe der det skal utviklast planar for bacheloroppgåve i dei nye grunnskulelærar-utdanningane.	Mai 2011	Studieleiar og fagansvarleg for fordjupingseiningane på F.
Kommentar til pkt 10:	Fagtilsette i førskulelærarutdanninga har delteke i ei gruppe som har drøfta ulike utfordringar knytt til bacheloroppgåver i alle utdanningane ved avdelinga som har bacheloroppgåve som obligatorisk del av utdanninga. Gruppa har vore sett saman av fagtilsette frå GLU, F og idrettsutdanningane. Det er m.a. laga plan for eiga bachelorskulering som starta opp i februar. På dette kurset deltek 10 tilsette frå førskulelærarutdanninga.			
Kommentar til pkt 10 februar 2013	Kurset for bacheloretteleiarar vart svært vellukka og studentane skriv jamt over svært gode bacheloroppgåver. Førskulelærarutdanninga har bacheloroppgåvane knytt til fordjupingseiningane. Våren 2013 er det 5 ulike fordjupingseiningar som har bacheloroppgåver. Det vert og arbeidd målretta for å knyte bacheloroppgåvane og faglærarane sine fou-arbeid saman.			
Kommentar til pkt 10 februar 2014	Piloten i barnehagelærarutdanninga skal ha bacheloroppgåva hausten 2014. Me er godt førebudde der fordi me har hatt bacheloroppgåve i fordjupingseiningane i førskulelærarutdanningane i mange år. Det er positivt at studentane står fritt til å velje tema, noko som utfordrar oss i høve til dei faga/kunnskapsområda som ikkje har hatt ansvar for fordjupingseingar m/bacheloroppgåve tidlegare.			
11. Emneevaluering	Emneevalueringa skal vere eit nyttig verktøy for å forbetre undervisninga	-Drøfte spørsmåla som blir stilte i teamet -Gje studentane litt informasjon om evaluering og spørsmål før dei skal svare -Drøfte korleis ein på best muleg måte kan følgje opp svara med fagutvalet	Juni 2011	Studieleiar i samarbeid med teamleiarane og fagansvarlege for dei ulike emna.
Kommentar til pkt 11:	Instituttleiar presenterte resultata av alle emneevalueringane for alle klassane ved studiestart hausten 2011. Resultata vart drøfta og det vart laga mål for korleis få til eit best mogleg læringsmiljø i kvar av klassane. Teamleiar hadde hovudansvar for arbeidet i den enkelte klasse der både studentane og faglærarane var deltakarar.			
Kommentar til pkt 11 februar 2013	Det vart gjort nøyaktig det same ved studiestart 2012 sidan det fungerte så godt året før.			
Kommentar til pkt 11 februar 2014	Systemet knytt til emneevalueringane er det same. Men våren 2013 måtte me utvikle eit nytt skjema som passa til den nye barnehagelærarutdanninga. Me brukte læringsutbytteformuleringane som utgangspunkt for emneevalueringane, noko som diverre vart for krevjande for 1. klassestudentar å svare på. Hausten 2013 laga me ei emneevaluering bygd på tidlegare evalueringsskjema, men tilpassa den nye barnehagelærarutdanninga. Svara her fungerte som god og nyttig informasjon for det kontinuerlege kvalitetsforbetringssarbeidet.			

12. Fagutvalsmøta	Få system for å sikre at det blir halde fagutvalsmøte slik reglementet føreset. Få referata lagde inn på Fronter.	Innføre at dette blir tema på teammøta tidleg haust og ein gong i vårsemesteret.	Mai 2011	Studieiar i samarbeid med teamleiar.
Kommentar pkt 12:	Teamleiar har no ansvar for at fagutvalsmøta blir gjennomførde og referata lagde på Fronter. Det har vore ei betydeleg forbeting her.			
13. Analysere kva som ligg bak endringa i lærartettleiken i undervisninga i evaluatings-perioden, og eventuelt vurdere ressurs tilgangen til utdanninga.	Ha rett forhold mellom lærarar og studentar og tilstrekkeleg ressursar	Analysere endringane nærare	01.03.2011	Rådgjevar Nils Tore Opheim og studieiar
Kommentar til pkt 13	Årsaka til ulik lærartettleik i NOKUT sin evaluatingsperiode skuldast at det er stor skilnad på klassestorleik i heiltid og deltid. Enkelte deltidklassar har hatt mellom 50 og 60 studentar og då blir lærartettleiken betydeleg mindre enn i heiltidsklassane med 30 studentar fordi ein god del av teoriundervisninga blir gitt i samla klasse. Men enkeltstudentane får same læraroppfølging i grupper og på individuelle oppgåver uavhengig av klassestorleik.			
Februar 2013	Sjå fjorårets kommentar.			
14. Halde fram prosessar med kritisk vurdering av utdanninga, eventuelt følgd av endring/ fornying, som har gitt så positive resultat.	Vere best mogleg budd til arbeidet med den nye rammeplanen som skal vere klar hausten 2012	Setje ned ei plangruppe som tek utgangspunkt i NOKUT-evalueringa og gjer eventuelt nødvendig analysearbeid med sikte på: - å ha eit godt fagleg grunnlag for å gje høyringsfråsegn til framlegg til ny rammeplan hausten 2011 og - vere best mogleg budd til å utarbeide ny studieplan for både heiltid- og deltids-utdanningane våre.	Juni 2011	Studieiar i samarbeid med studiekonsulent/rådgjevar.
Kommentar til pkt 14	Sjå pkt 4			
Nye pkt etter mottak av tilbakemeldingsbrev frå departementet datert 30.06.2011				
15. FoU-aktivitet.	Sjå pkt 5			
16. Status til utdanninga	Sjå pkt 6			
17. Lærartettleik	Sjå pkt 13			
18. Internasjonalisering	Ulike former for internasjonalisering , både ute og heime: Me har stor aktivitet når det gjeld utreisande studentar både i samband med praksis 2. studieår og fordjupingseininga <i>Global knowledge</i> .  Utviklingspotensialet er stort når det gjeld å få studentar til å komme TIL førskulelærarutdanninga. Me arrangerte i januar ein internasjonal dag saman med dei andre utdanningane på ALI. Dette vil me halda fram med.			

	<p>Å sikre internasjonal dimensjon i utdanninga er ei stor utfordring, noko me skal ta ekstra tak i i samband med utarbeiding av ny programplan for førskulelærarutdanninga.</p> <p>Internasjonal koordinator er ein god fagressurs for førskulelærarutdanninga. Men utanom henne er det berre ein fagtilsett som hadde lærarstipend for å reise ut sist studieår. Målet er å knyte utreisande lærarstipend tettare til arbeidet i 2 F-teamet der studentane har praksis ute.</p> <p>Me har nytta ein av dei zambiske studentane til undervisninga i KUB (Kulturelle brubyggjarar i 3. F deltid), noko som har fungert svært godt. Me ynskjer å sjå nærmare på korleis me kan bruke kvotestudentane som ressurs inn i grunnutdanningane.</p>
Kommentar 2013	<p>4 studentar frå 2. klasse har vore i praksis på Island og avdelinga sin nytilsette internasjonale koordinator har og vore på Island.</p> <p>Elles er global knowledge den største satsinga for avdelinga med 13 kvotestudentar inn til avdelinga, ein med førskulelærarbakgrunn. Det var ein førskulelærarstudent som valde global knowledge som fordjoping våren 2012, noko som er det lågaste talet sidan oppstarten for 8 år sidan. (Våren 2013 er det 2 studentar) Førskulelærarane frå Zambia har vore i 1. og 2. klasse i førskulelærar/Blu-utdanninga og undervist om SOS-barnebyar og om utfordringar Zambia har på barnehagesektoren. Ho vert og nytta som ressurs i fordjupingseininga Kulturelt mangfald i barnehagen.</p>
Kommentar 2014	<p>Dei Zambiske studentane er ein ressurs for avdelinga. I 2013 var det var det to studentar frå førskulelærarutdanninga som gjekk på studiet og var 3 mnd i Zambia. Global knowledge rekrutterer godt frå sosialarbeiderutdanningane og i klassen samla er det såleis om lag same tal zambiske og norske studentar.</p>
Planar og strategiar:	<p>KD spør også om planar og strategiar for samarbeid med andre institusjonar om førskulelærarutdanning. Innafor UH-nett Vest er det no gjort vedtak om samarbeidstiltak for førskulelærarutdanninga og instituttleiar møtte på første møtet saman med representantar frå alle samarbeidsinstitusjonane 20.02.2012. Her var samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon tema i drøftingane og det vart utarbeidd framlegg til handlingsplan.</p>
Kommentar 2014	<p>Instituttleiar har vore leiar for UhNettVest-samarbeidet. Det har vore og er svært nyttig å samarbeide med dei andre institusjonane som tilbyr barnehagelærarutdanning. Samarbeidet har vore konsentrert omkring grupper for dei ulike kunnskapsgruppeleiarane samt gruppe for studieleiarane. Tema har vore utvikling av programplanar, emneplanar, arbeidskrav, eksamsordningar, praksisorganisering m.m.</p>
Nytt pkt etter brev av 22.06.2012 tilbakemelding frå etatstyringsmøtet	<p>«HiSF har fått ansvar for å være nasjonal pilot for ny barnehagelærerutdanning. Dette må følges tett opp av ledelsen. Det må sørget for god informasjonsspredning til andre institusjoner.»</p>
Kommentar 2013	<p>Dekan, rektor og instituttleiar har vore med på både nasjonale og UhNett-Vest-samlingar om ny BLU-utdanning. Informasjonsspreiinga har vore gjort nasjonalt, ved deltaking på to nasjonale samlingar i regi av NRLU og regionalt ved innlegg på konferanse og i andre ulike samarbeidsfora i regi av UHNettVest. Instituttleiar er leiar av BLU-prosjektet i UHNettVest. Utdanninga har vore omtala m.a. i fagbladet <i>Steg for steg</i> og i <i>Aftenposten</i>.</p>
Kommentar 2014	<p>Arbeidet med den nye barnehagelærarutdanninga har vore krevjande, men fagleg interessant. Det er store utfordringar for dei fagtilsette å gå frå undervisning i «sitt eige fag» til å vere faglærar i eit kunnskapsområde, og det er sjølv sagt ulikt frå kunnskapsområde til kunnskapsområde kor langt ein er kommen i å utvikle samarbeidet. Den nye organiseringa av utdanninga krev andre understrukturar i instituttet, noko me prøver ut dette året.</p> <p>Emneevalueringane frå piloten viser at studentane jamt over er godt nøgde med utdanninga.</p>

HiSF/ALI 27.02.2014

Aud Marie Stundal

- Instituttleiar -

# Høgskulen i Sogn og Fjordane

## Oppfølging av aktivitets- og redegjørelsесplikten etter likestillingsloven

### 2013

---

Handlingplan for likeverd og likestilling for HiSF vart vedteken i styret i desember 2013. I arbeidet med handlingsplanen er det lagt til grunn eit utvida likestillingsomgrep, som inneber like mulegheiter for alle uavhengig av kjønn, alder, funksjonsnedsetting, etnisitet, språk, religion og seksuell orientering.

Med bakgrunn i status ved HiSF og krav frå kunnskapsdepartementet har vi i handlingplanen valt å vektlegge mål og tiltak retta mot tiltak for å utjamne kjønnsbalansen i høgare akademiske stillingar. Vidare er det i mål og tiltaka lagt vekt på haldnings- og bevisstgjeringsarbeid.

Handlingsplanen er bygd opp rundt sektormåla som Kunnskapsdepartementet har utarbeidd, og som er dei områda HiSF rapporterer på. Handlingsplanen har mål og tiltak på følgjande område 1) Utdanning, 2) Forsking og utviklingsarbeid, 3) Samhandling med samfunn og næringsliv, og 4) HiSF som organisasjon.

Blant tiltaka som er fremja i planen vil vi trekke fram etablering av leite- og finne komitear ved utlysing av kvalifiseringsstipend til førstekompetanse og professor, og ved utlysing av faste høgare akademiske stillingar. Eit anna tiltak er oppretting av utval for likeverd og likestilling, som har i oppgåve å følgje opp, overvake og vere pådrivar i arbeidet med likever og likestilling.

Arbeidet med handlingsplan for likestilling har medført auka merksemd på likestillingsarbeidet. I mai hadde vi besøk av Kif (kjønnsbalanse i forsking) –komiteen, som gav oss god tilbakemelding på likestillingsrapporteringa vår og innhaldet i handlingsplanen. Vidare har vi hatt likestilling og likeverd som tema i på opplæringsdag for leiarar og tillitsvalde.

Høgskulen utfordringar knytt til kjønnsbalanse i stillingskategoriar både blandt undervisnings- og forskarstillingar og administrativt tilsette, men spesielt innanfor dei akademiske toppstillingane. Utviklinga viser positive trendar på fleire område, men det tek lang tid og det vert derfor vurdert som nødvendig å tydleggjere fleire tiltak for å nå måla på desse områda. Vi ser for oss at endring i kjønnsbalansen kan gjerast på to måtar, gjennom *kvalifisering* og *rekruttering*. Kvalifiseringstiltak er tettare medarbeidaroppfølging, individuelle kvalifiseringsplanar, kvalifiseringsstipend, mentorordning og likestillingstiltak som t.d. søkeradsskriving. Rekrutteringstiltak er først og fremst tenkt gjennom leite- og finnekomitear. I tillegg skal involverte i rekrutteringsarbeidet vere bevisst og støtte opp under likestillingsarbeidet.

HiSF har nytta Universitet og høgskulerådet (UHR) sin mal for rapportering på likestilling. Rapporteringa er lagt ved som eige vedlegg; « Høgskulen i Sogn og Fjordane - oppfølging av aktivitets- og redgjørelsesplikten etter likestillingsloven - 2013». Nedanfor følgjer kommentarar til nokre av tabellane.

Tabell 1: Rapporteringstabell personal- og lønnsstatistikk og arbeidsforhold på verksemndnivå – HiSF. Totalt i HiSF er det fleire kvinner (61% ) enn menn (39 %). Blant administrative stillingar er kjønnsbalansen forholdsvis skeiv med 70 % kvinner og 30 % menn. For undervisnings- og forskingsstillingar totalt er fordelinga meir jamm med 55% kvinner og 45% menn, men blandt dei høgare akademiske stillingane er det ubalanse. I stillingskategorien førstestillingar er fordelinga 31% kvinner og 69 % menn.

Tal kvinner i rekrutteringsstillingar har auka frå 2012 (54,5 %) til 2013 (74,3 %), og er vil vere eit bidrag til å auke tal kvinner i høgare akademiske stuillingar.

Når det gjeld lønn visert tala at i dei fleste stillingsgrupper, med unnatak av sakshandsamar, at gjennomsnittslønna er høgare for menn enn kvinner. No skal det og takast med at for nokre grupper er det snakk om småe tal.

Tabell 2 viser kjønnsfordeling på avdelingsnivå. Kjønnsbalansen blandt tilsette på dei ulike avdelingane har tydleg samanheng med utdanningstilbodet, og følgjer trenden for resten av landet.

Tabell 3. Rapportering på uttak av foreldrepermisjonar, fråvær p.g.a. sjuke barn og eige sjukefråvær. HiSF har hatt ei positiv utvikling med omsyn til sjukefråværet, det totale sjukefråværet for 2013 er 4,7 % medan det i 2012 var 5,9 %. Tabellen syner at sjukefråværet er noko høgare blant kvinner enn menn i alle stillingsgrupper.

**Tabell 1. Rapporteringstabell personal- og lønnsstatistikk og arbeidsforhold på virksomhetsnivå – HiSF**

	Kjønnsbalanse			Lønn (gjennomsnitt pr 01.10.)				Midlertidige stillinger			Deltidsstillingar			
	% Menn	% Kvinner	Tal årsverk	Menn	Kvinner	Kvinners andel av menns lønn(%)	Total gjennom- snittslønn	% Menn	% Kvinner	Tal midlertidige stillingar	% Menn	% Kvinner	Tal deltids- stillingar	
Totalt i verksemda	2012	42,1	57,9	289,8	552 168	500676	90,6	522 549	41,3	58,7	75	37,7	62,6	101
	2013	39	61	305,8	559 084	512134	91,6	530465	34,5	65,5	82,4	37,2	62,8	94
Administrative stillingar totalt	2012	32,2	67,8	85,1	488 536	475688	97,3	479 788	50	50	20	20	80	25
• leiarstillingar	2012	44,5	55,5	18	666 062	671660	100,8	669 172	42,9	57,1	14	-	-	-
	2013	38,9	61,1	18	760600	673127	88,5	707144	40	60	15	-	-	-
• saksbehandlar	2012	29,7	70,3	55	442 670	457964	103,4	453 702	71,5	28,5	7	16,7	83,3	18
	2013	25,7	74,3	57,55	519727	479558	92,3	489888	85,3	14,7	6,8	7,7	92,3	13
Undervisnings- og forskingsstillingar totalt	2012	46,6	53,4	204	568 913	512883	90,1	538 955	38	62	54,9	43,5	56,5	76
	2013	44,7	55,3	209,3	560533	522135	93,1	539307	34,5	65,5	59,15	46,4	53,6	69
Førstestillingar	2012	71,1	28,9	69	570643	591699	103,7	576096	50	50	14	65,4	34,6	26
	2013	68,8	31	61,6	576818	553285	95,9	569483	66	34	9,4	65,2	34,7	23
Professor/dosent	2012	70	30	10	699646	722700	106,7	708868	-	-	-	100	-	1
	2013	75	25	10,8	687512	730450	103,2	700141	-	-	-	100	-	1
Forskarstilling	2012	-	100	2	-	599850	-	599850	-	100	1	-	-	-
	2013	-	100	2		570200		570200	-	100	1	-	-	-
Rekrutteringsstillinger	2012	45,5	54,5	22	441512	469400	106,3	456723	45,5	54,5	22	33,3	66,7	3
	2013	25,7	74,3	22,2	476561	459251	96,4	463695	26,1	73,9	23	33,3	66,7	3
Professor II	2012	76,5	23,5	1,7	738981	655225	88,2?	416646	70	30	10	70	30	10
	2013	61,5	38,5	1,3	933025	672240	72,5	834261	62,5	37,5	8	57,1	42,9	7
Høgskulelektor/amanuensis	2012	34	66	103	520193	508035	97,6	509850	32	68	22	27	73	26
	2013	33,3	66,7	95,7	531800	527113	99,1	528675	45	55	20	35,7	64,3	28
Høgskulelærar	2012	25	75	16	479400	467550	97,5	470512	10	90	10	-	100	7
	2013	35,2	64,8	14,2	487460	472001	96,8	477444	10	90	10	-	100	6
Støttestillingar	2012	-	100	11	-	460281	-	460281	-	-	-	-	100	3
	2013	-	100	7,1	-	472518	-	472518	-	1	-	-	100	4

**Tabell 2: Rapportering av kjønnsfordeling på avdelingsnivå**

Avdeling for helsefag		Menn	Kvinner		Tal årsverk (N)
		Tal årsverk	Tal årsverk	% av N	
Totalt i avdelinga	2012	11,8	42,15	78 %	53,95
	2013	11,2	43,1	79,4 %	54,3
Administrative stillingar totalt	2012	2	9,1	82 %	11,1
	2013	2	9,45	82,5 %	11,5
• leiarstillingar	2012	0	3	100 %	3
	2013	0	3	100 %	3
• saksbehandlar	2012	2	6,1	75,30 %	8,1
	2013	2	6,5	76,3 %	8,5
Undervisnings- forskings- og formidlingsstillingar totalt	2012	9,8	33,05	77,10 %	42,85
	2013	9,2	33,7	78,5 %	42,9
• Førstestillingar og høgare	2012	2,1	4,6	68,60 %	6,7
	2013	2,2	6,4	74,4%	8,6
• Rekrutteringsstillingar	2012	1	3,6	78 %	4,6
	2013	0	0	0	0
• Professor II	2012	0,5	0,3	37,50 %	0,8
	2013	0	0,2	100	0,2

Avdeling for lærarutdanning og idrett		Menn	Kvinner		Tal årsverk (N)
		Tal årsverk	Tal årsverk	% av N	
Totalt i avdelinga	2012	38,7	43,4	52,8 %	82,1
	2013	39,1	52	57,1 %	91,1
Administrative stillinger totalt	2012	2	8,2	80,4 %	10,2
	2013	2	9,6	82,8 %	11,6
• leiarstillingar	2012	2	2	50 %	4
	2013	2	2	50 %	4
• saksbehandlar	2012	0	6,2	100 %	6,2
	2013	-	7,6	100 %	7,6
Undervisnings- forskings- og formidlingsstillingar totalt	2012	36,7	35,2	48,9 %	71,9
	2013	37,1	42,4	53,3 %	79,5
• Førstestillingar og høgare	2012	19,8	3,5	15 %	23,3
	2013	20,5	4	16,3 %	24,5
• Rekrutteringsstillingar	2012	2	3	60 %	5
	2013	-	8,5	100	8,5
• Professor II	2012	0,2	0,1	33,3 %	0,3
	2013	0,4	0,1	20 %	0,5

Avdeling for ingeniør og naturfag		Menn	Kvinner		Tal årsverk (N)
		Tal årsverk	Tal årsverk	% av N	
Totalt i avdelinga	2012	16,9	11	39,40 %	27,9
	2013	18,1	13,7	43,1 %	31,8
Administrative stillingar totalt	2012	1	0	0	1
	2013	1	-	-	1
• leiarstillingar	2012	1	0	0	1
	2013	-	-	-	-
• saksbehandlar	2012	0	0	0	0
	2013	0	0	0	0
Undervisnings- forskings- og formidlingsstillingar totalt	2012	15,9	11	40,90 %	26,9
	2013	17,1	13,7	44,5 %	30,8
• Førstestillingar og høgare	2012	8,7	4	31,50 %	12,7
	2013	10,3	7	40,5 %	17,3
• Rekrutteringsstillingar	2012	2,8	1,8	39,10 %	4,6
	2013	2,8	2	41,7 %	4,8
• Professor II	2012	0,4	0	0	0,4
	2013	-	-	-	-

Avdeling for samfunnsfag		Menn Tal årsverk	Kvinner Tal årsverk	% av N	Tal årsverk (N)
Totalt i avdelinga	2012	32,1	28,95	47,40 %	61,05
	2013	31,2	33,6	51,8	64,8
Administrative stillingar totalt	2012	1	6,8	87,20 %	7,8
	2013	1	7,65	88,4 %	8,7
• leiarstillingar	2012	1	3	75 %	4
	2013	1	4	80 %	5
• saksbehandlar	2012	1	3,8	79 %	4,8
	2013	-	3,7	100 %	3,7
Undervisnings- forskings- og formidlingsstillingar totalt	2012	31,1	22,15	41,60 %	53,25
	2013	30,2	26	46,2 %	56,2
• Førstestillingar og høgare	2012	15,4	4,6	23 %	20
	2013	17,6	6	25,4 %	23,6
• Rekrutteringsstillingar	2012	3	3	50 %	6
	2013	1,9	3	61,2	4,9
• Professor II	2012	0,2	0	0	0,2
	2013	-	-	-	-

**Tabell 3. Rapportering av uttak av foreldrepermisjoner, fravær pga. syke barn og eget sykefravær**

Stillingskategori		Foreldrepermisjon		Fravær pga. syke barn		Sykefravær				Sykefravær			
		Antall fraværsdager		Antall fraværsdager		Antall fraværsdager		Fraværsprosent (andel av mulige dagsverk)		Antall fraværsdager		Fraværs prosent (andel av mulige dagsverk)	
		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Undervisnings-, forsknings- og formidlingsstillinger</b>	2012	738	424	69	52	124	147	0,5	0,7	1411	567	6,0	5,5
	2013			61	16	187	71	0,7	0,3	1021	625	4,0	2,9
<b>Administrativt personale</b>	2012	347	83	49	9	140	106	1,22	1,9	790	37	6,9	0,6
	2013			65	26	160	36	1,4	0,7	760	22	6,7	0,4
<b>Drifts- og teknisk personale/andre tilsatte</b>	2012	0	0	11,55	0	48	45	1,2	4,6	335	24	8,12	2,47
	2013			7	0	38	9	2,1	1,6	322	26	17,6	4,7

**Tabell 4. Rapportering på kompetanseutvikling og andre sentrale personalpolitiske satsinger (tal 2013)**

Tiltak	Deltakere		
	Kvinner	Menn	Totalt
Kvalifiseringstiltak - ASF			
- Førstelektor	- 0	- 0	- 0
- Masterprogram	- 2	- 0	- 2
Kvalifiseringstiltak - ALI			
- Førstelektor	- 1	- 0	- 1
- Masterprogram	- 1	- 1	- 2
Kvalifiseringstiltak - AHF			
- Førstelektor	- 4	- 0	- 4
- Masterprogram	- 0	- 0	- 0
Kvalifiseringstiltak - AIN			
- Førstelektor	- 0	- 0	- 0
- Masterprogram	- 0	- 0	- 0

**Tabell 5: Rapportering på rekruttering – HiSF**

Stillingskategori		Utlyste stillinger								Ikke utlyste stillinger			
		Antall søker		Antall innkalt til intervju		Antall tilsatt				Antall tilsatt			
		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
<b>Undervisnings-, forsknings- og formidlingsstillinger – tall stillinger</b>													
Førstestillinger og høyere	2012	10	17	7	6	2	1	1	2				1
	2013	15	13	9	5	5							
Lærer og lektorstillinger	2012	79	37	30	23	9	3	14	3			1	2
	2013	24	23	12	11	8	4	19	8			2	1
<b>Tekniske og administrative stillinger – tall stillinger</b>													
Saksbehandlerstillinger	2012	51	45	10	12	3	3	1	2				
	2013	135	86	23	17	4	2	3	2			1	1
Tekniske og drift	2012	14	8	4	3	1							
	2013		2		2		1						

**Tabell 6. Rapportering på ledelse og styring**

Organ		Antall medlemmer	Antall menn	% menn	Antall kvinner	% kvinner	Merknad
<b>Styret</b>	2012	<b>11</b>	<b>6</b>	<b>54,5 %</b>	<b>5</b>	<b>45,5 %</b>	
	2013	<b>11</b>	<b>6</b>	<b>54,5 %</b>	<b>5</b>	<b>45,5 %</b>	
Toppledelse; rektor, viserektor for utdanning, viserektor for FoU, personaldirektør, økonomidirektør og 4 dekaner.	2012	<b>9</b>	<b>6</b>	<b>66,7 %</b>	<b>3</b>	<b>33,3 %</b>	
	2013	<b>9</b>	<b>6</b>	<b>66,7 %</b>	<b>3</b>	<b>33,3 %</b>	
<b>Utdanningsutvalg</b>	2012	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>62,5 %</b>	<b>3</b>	<b>37,5 %</b>	
	2013	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>62,5 %</b>	<b>3</b>	<b>37,5 %</b>	
<b>Tilsettingsutvalg</b>	2012	<b>4+1 dekan</b>	<b>2+1</b>	<b>50-60 %</b>	<b>2+1 dekan</b>	<b>50-60 %</b>	Dekan møter fra den avdelingen tilsettingen gjelder
	2013	<b>4+1 dekan</b>	<b>2+1</b>	<b>50-60 %</b>	<b>2+1</b>	<b>50-60 %</b>	Dekan møter fra den avdelingen tilsettingen gjelder
<b>Tilsettingsråd</b>	2012	<b>5</b>	<b>2</b>	<b>40 %</b>	<b>3</b>	<b>60 %</b>	
	2013	<b>5</b>	<b>2</b>	<b>40 %</b>	<b>3</b>	<b>60 %</b>	
<b>FoU-utvalg</b>	2012	<b>9</b>	<b>4</b>	<b>44 %</b>	<b>5</b>	<b>56 %</b>	
	2013	<b>9</b>	<b>4</b>	<b>44%</b>	<b>5</b>	<b>56 %</b>	

**Tabell 7. Rapportering av "opprykk" i tekn./adm. stillinger (tilsetting i høyere stillinger, stillings"opprykk" i lønnsforhandlinger)**

Opprykk / stillingsendring		Kvinner		Menn		Totalt (N)
		Antall	% av N	Antall	% av N	
"opprykk" til høyere stilling gjennom lokale lønnsforhandlinger (for eksempel fra førstekonsulent til rådgiver).	2012	8	89%	1	11%	9
	2013	0		0	0	
"opprykk" til høyere stilling gjennom tilsetting ("internt opprykk")	2012	0	0	1	100%	1
	2013	0	0	0	0	

**Tabell 8. Rapportering av doktorgrader og opprykk**

Opprykk		Kvinner		Menn		Totalt (N)
		Antall	% av N	Antall	% av N	
Fra høgskolelærer til høgskolelektor	2012	4	100%	0		4
	2013	4	100 %	0		4
Fra lektor til førstelektor	2012	1	25%	3	75%	4
	2013	2	67 %	1	33 %	3
Fra lektor til førsteamanuensis	2012	1	50%	1	50%	2
	2013	0		0		
Fra førstelektor til førsteamanuensis	2012	0		0		
	2013	0		0		
Fra førstelektor til dosent	2012	0		0		
	2013	0		0		
Fra førsteamanuensis til professor	2012	0		0		
	2013	0		1	100 %	
Avlagte doktorgrader	2012	1	33%	2	67%	3
	2013	3	43 %	4	57 %	

**Tabell 9. Rapportering på FoU publisering i Christin (pr. ... 2014)**

(Frist for rapportering i Christin er 03.04.13)

	Antall med publiseringspoeng på nivå 1 (unike navn)		Antall med publiseringspoeng på nivå 2 (unike navn)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2012	20	29	1	6
2013	30	29	4	4
	<b>Antall med publikasjoner på nivå 1 (antall artikler)</b>		<b>Antall med publikasjoner på nivå 2 (antall artikler)</b>	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2012	Totalt: 28 13 (AHF) 3 (ASF) 7 (AIN) 5 (ALI)	Totalt: 48 4 (AHF) 7 (ASF) 16 (AIN) 21 (ALI)	Totalt: 1 1 (ASF)	Totalt: 8 5 (ASF) 1 (AIN) 2 (ALI)
2013	Totalt: 29 13 (AHF) 5 (ASF) 4 (AIN) 7 (ALI)	Totalt: 46 10 (AHF) 9 (ASF) 11 (AIN) 16 (ALI)	Totalt: 4 3 (AHF) 1 (ASF)	Totalt: 6 4 (AIN) 2 (ALI)